



# Innkalling av Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

**Møtedato:** 08.11.2022  
**Møtestad:** Kommunehuset, Frekhaug  
**Møtetid:** 12:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>  
Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
063/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
064/22	Godkjenning av møteprotokoll - 04.10.2022
065/22	Kulturmiljøplan - Varsel om oppstart og planprogram på høyring
066/22	Plan for friluftslivets ferdselsårer 2022-2026 - vedtak
067/22	Mandat for ny ungdomsskule på Frekhaug
068/22	Prioritering av søknader om spelemidlar 2023
069/22	Kunnskapsgrunnlag redusert tal barn i barnehage og skule
070/22	Revidering av retningsliner for tildeling av ungdomsrådmidlar
071/22	Årsmelding Alver ungdomsråd 2021-2022

1. november 2022

Christel Villanger Håland  
møteleiar

Nora M. K. Gjerde  
møtesekretær

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 01.11.2022

Saksframlegg

<b>Saksnr.</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
063/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.11.2022

**Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 10.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
064/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.11.2022

### Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

### Vedlegg i saken:

04.10.2022      Protokoll - Utval for oppvekst, kunnskap og kultur -      1813427  
04.10.2022



## Møteprotokoll for Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

**Møtedato:** 04.10.2022  
**Møtestad:** Kommunehuset, Frekhaug  
**Møtetid:** 09:00 - 13:00

Kl. 09.00-11.30 Styringsgruppemøte for Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv v/Line Thuen Waage-samfunnsplanleggjar og Eirik B. Utne-tenesteleiar Kultur

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Christel Villanger Håland	H	Utvalsleiar
Laila Bjørge	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Nestleiar

<b>Forfall meldt frå medlem:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Jon Askeland	SP	Medlem
Hege Nygård Dale	UAVH	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Øystein Nigar	SV	Medlem

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Erstatter medlem</b>
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Jon Askeland
Yngve Walaker	FRP	
Maria Færø	UAVH	Hege Nygård Dale
Anna Ulrika Nordlund	SV	Torbjørn Taranger
Marit Gro Berge	SV	Øystein Nigar

### **Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Atle Waage-rådgjevar Bygg, areal og grønt, Eileen Feste-rådgjevar Kultur, Eirik B. Utne-tenesteleiar Kultur, Hogne Haugsdal-kommunalsjef Samfunnsutvikling, Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, Line Thuen Waage-rådgjevar Plan og analyse, Mona Hagewick-tenesteleiar for Barnehage, Rolf Raknes-fagleiar Plan og analyse, Nora Gjerde-politisk sekretariat.

## Sakliste

Saknr	Tittel
052/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
053/22	Godkjenning av møteprotokoll
054/22	Plansak kommuedelplan for oppvekst - framlegg til vedtak om offentlig høyring og ettersyn - planforslag
055/22	Tildeling idrettsprosjekt, drift og aktivitet, tilleggsøyving haust 2022
056/22	Tilleggstildeling - kulturprosjekt
057/22	Regelverk for reklame på kommunale idrettsanlegg
058/22	Årsmelding Alver ungdomsråd 2021-2022
059/22	Politisk møteplan 2023
060/22	Meldingar og orienteringar til OKK - 04.10.2022
061/22	Høyringsuttale - regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 Vestland
062/22	Kultur - Tilskot til mindre investeringar ved lokale kulturbygg og anlegg

### **052/22: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.10.2022:**

#### **Behandling:**

Endring rekkefølge sakliste: sak 52, 53, 60, 54, 55, 56, 57, sak 58 vart utsett til neste møte, 59, 61, 62/22

Ellers ingen merknader, samrøystes.

#### **OKK- 052/22 Vedtak:**

Innkalling og sakliste er godkjent.

## **053/22: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.10.2022:**

#### **Behandling:**

Møteprotokoll frå møte - 06.09.2022 vert godkjent, samrøystes.

#### **OKK- 053/22 Vedtak:**

Møteprotokoll frå møte - 06.09.2022 er godkjent.

## **054/22: Plansak kommunedelplan for oppvekst - framlegg til vedtak om offentlig høyring og ettersyn - planforslag**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

I samsvar med prosessreglane i plan og bygningslova vedtek utval for oppvekst, kunnskap og kultur å leggje ut planforslag for kommunedelplan oppvekst på offentlig høyring og ettersyn.

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.10.2022:**

#### **Behandling:**

Rolf Raknes-fagleiar Plan og analyse orienterte til saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **OKK- 054/22 Vedtak:**

I samsvar med prosessreglane i plan og bygningslova vedtek utval for oppvekst, kunnskap og kultur å leggje ut planforslag for kommunedelplan oppvekst på offentlig høyring og ettersyn.

## **055/22: Tildeling idrettsprosjekt, drift og aktivitet, tilleggsløyving haust 2022**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på kr 1 65 430 til idrettsprosjekt og kr 269 570 til drift og aktivitet slik det kjem fram av saka.

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.10.2022:**

#### **Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **OKK- 055/22 Vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på kr 1 65 430 til idrettsprosjekt og kr 269 570 til drift og aktivitet slik det kjem fram av saka.

## **056/22: Tilleggstildeling - kulturprosjekt**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av midlar til kulturprosjekt, slik det kjem fram av saka.

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.10.2022:**

#### **Behandling:**

Eileen Feste-rådgjevar Kultur, orienterte og svarte på spørsmål til saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **OKK- 056/22 Vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av midlar til

kulturprosjekt, slik det kjem fram av saka.

## **057/22: Regelverk for reklame på kommunale idrettsanlegg**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner framlegg til regelverk for reklame på kommunale idrettsanlegg. Regelverket gjeldt med verknad frå 1. januar 2023.»

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.10.2022:**

#### **Behandling:**

Atle Waage-rådgjevar Bygg, areal og grønt, orienterte og svarte på spørsmål i saka.

#### Fellesframlegg:

OKK støttar regelverket og oppfordrar til at reklamen skal vere i tråd med Norges idrettsforbund sine retningsliner for markedsføring for mindreårige innan idretten.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **OKK- 057/22 Vedtak:**

#### **Uttale i OKK -04.10.2022:**

OKK støttar regelverket og oppfordrar til at reklamen skal vere i tråd med Norges idrettsforbund sine retningsliner for markedsføring for mindreårige innan idretten.

## **058/22: Årsmelding Alver ungdomsråd 2021-2022**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tek årsmeldinga 2021-2022 for Alver ungdomsråd til orientering



**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.10.2022:**

**Behandling:**

Saka er utsett til neste møte.

**OKK- 058/22 Vedtak:**

Saka er utsett til neste møte.

**059/22: Politisk møteplan 2023**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtar politisk møteplan for 2023 slik den er lagt fram i saka.

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.10.2022:**

**Behandling:**

Ingen merknader, samrøystes.

**OKK- 059/22 Vedtak:**

**Uttale i OKK - 04.10.2022:**

Ingen merknader.

**060/22: Meldingar og orienteringar til OKK - 04.10.2022**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.10.2022:**

#### **Behandling:**

Det vart lagt fram følgjande orientering:

-Brukarundersøkingar barnehage v/Mona C. Meidell-Hagewick-tenesteleiar  
Barnehage

Meldinga vert teke til orientering, samrøystes.

#### **OKK- 060/22 Vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering.

### **061/22: Høyringsuttale - regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 Vestland**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre godkjenner høyringsuttale som den ligg i saka, til regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 Vestland – Kultur bygger samfunn.

### **Eldreråd 03.10.2022:**

#### **Behandling:**

Eirik B. Utne-tenesteleiar kultur orienterte i saka. Han opplyste at rett tittel på saka skal vera "Høyringsuttale - regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 Vestland - Kultur bygger samfunn.

Leiar i eldrerådet, Olav M. Steinsland, sette fram følgjande fellesframlegg til uttale:

*Eldrerådet sluttar seg til Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035,*

med kommentarane frå Alver kommune.

Eldrerådet viser også til at Vestland fylkeskommune har ein frivillig-strategi som må følgjast opp i arbeidet med Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv.

Eldrerådet ønskjer større fokus på den frivillige innsatsen i planen.

Eldrerådet vedtok samrøystes Olav M. Steinsland sitt felles framlegg til uttale.

#### **ER- 041/22 Vedtak:**

Eldrerådet i Alver kjem med følgjande uttale:

Eldrerådet sluttar seg til Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035, med kommentarane frå Alver kommune.

Eldrerådet viser også til at Vestland fylkeskommune har ein frivillig-strategi som må følgjast opp i arbeidet med Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv.

Eldrerådet ønskjer større fokus på den frivillige innsatsen i planen.

#### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 03.10.2022:**

##### **Behandling:**

Tittelen i saka skal vera: "*Høyringsuttale - regional plan for kultur, idrett og frivilligheit*".

##### **Fellesframlegg:**

I uttalen sin til pkt.5 legg kommunen vekt på integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn. RMNF vil poengtera at det òg trengst tilrettelegging for at menneske med nedsett funksjonsevne kan delta på, og vera utøvarar i kulturaktivitetar. Følgjebevis er eit døme på at ein legg til rette for deltaking på tilbod som høver, både i og utanfor kommunen ein bur i. Denne ordninga bør vidareutviklast, slik at arrangement som får offentleg støtte i heile Vestland godtek følgjebevis.

I pkt.4.1 kan det poengterast tydelegare at kulturarenaer må utviklast slik at dei vert gode møtestader for alle, inkludert menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet tenkjer her t.d. på samfunnshus og bedehus rundt om i bygdene.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **RMNF- 045/22 Vedtak:**

##### **Uttale frå RMNF - 03.10.2022:**

I uttalen sin til pkt.5 legg kommunen vekt på integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn. RMNF vil poengtera at det òg trengst tilrettelegging for at menneske med nedsett funksjonsevne kan delta på, og vera utøvarar i kulturaktivitetar. Følgjebevis er eit døme på at ein legg til rette for deltaking på tilbod som høver, både i og utanfor kommunen ein bur i. Denne ordninga bør vidareutviklast, slik at arrangement som får offentleg

støtte i heile Vestland godtek følgjebevis.

I pkt.4.1 kan det poengterast tydelegare at kulturarenaer må utviklast slik at dei vert gode møtestader for alle, inkludert menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet tenkjer her t.d. på samfunnshus og bedehus rundt om i bygdene.

#### **Ungdomsråd 03.10.2022:**

##### **Behandling:**

Orientering i saka v/Robert Lorang Hansen

##### **UR- 034/22 Vedtak:**

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

#### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.10.2022:**

##### **Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

##### **OKK- 061/22 Vedtak:**

#### **Innstilling i OKK - 04.10.2022**

Alver kommunestyre godkjenner høyringsuttale som den ligg i saka, til regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 Vestland – Kultur bygger samfunn.

#### **062/22: Kultur - Tilskot til mindre investeringar ved lokale kulturbygg og anlegg**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur gjev avslag på søknad om tilskot til mindre investeringar ved lokale kulturbygg slik det kjem fram av saka.

#### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.10.2022:**

##### **Behandling:**

Utvalsleiar gjorde oppmerksom på at det står feil årstal i datoen søknaden vart sendt inn. Rett dato

er 14.11.2021.

**OKK- 062/22 Vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur gjev avslag på søknad om tilskot til mindre investeringar ved lokale kulturbygg slik det kjem fram av saka.

**Arkiv:** <arkivID><jpID> FE-140  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 11.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
065/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.11.2022

### **Kulturmiljøplan - Varsel om oppstart og planprogram på høyring Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur i Alver kommune vedtar å varsle oppstart av arbeid med kulturmiljøplan og å leggja ut planprogrammet ut på høyring og offentlig ettersyn.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

#### **Bakgrunn**

Kulturminneplan er bestilt i planstrategi for Alver kommune 2021- 2024, som vart vedtatt i kommunestyret 25. mars 2021 (sak 039/21). Planstrategien seier at kulturminneplanen skal ha status som temaplan.

For temaplanar er det ikkje krav om å følgja prosesskrava i plan- og bygningslova, men ved å følgja desse prosesskrava sikrar ein høve til brei deltaking og involvering i planprosessen. Det vert difor lagt opp til å følgja prosesskrava i plan- og bygningslova i planarbeidet, og i tråd med dette er det utarbeidd framlegg til planprogram for kulturminneplanen.

#### **Saksopplysningar:**

I *Stortingsmelding 16 (2019–2020): Nye mål i kulturmiljøpolitikken — Engasjement, bærekraft og mangfold* vart omgrepet kulturmiljø tatt i bruk som samlenemning på omgrepa kulturminne, kulturmiljø og landskap og vert brukt når feltet vert omtalt som heilskap. Som ei følgje av dette vert omgrepet kulturminneplan endra til kulturmiljøplan.

Kommunen er viktig forvaltar av kulturminne og kulturmiljø. Ein kulturmiljøplan vil vera eit viktig verktøy mellom anna i samband med fordeling av tilskot til istandsetjing av kulturminne, og for å prioritera og sikra kulturminne og kulturmiljø i plan- og byggesaker.

Ein kulturmiljøplan er kommunen si oversikt over viktige kulturminne og kulturmiljø i kommunen og skal innehelda ein plan for forvaltninga av desse. Det er kommunen sjølv som definerer kva kulturminne som er verneverdige og som skal inngå i kulturmiljøplanen. Planen skal også innehelda rutinar og retningslinjer som kommunen skal følgja ved handsaming av planar for og tiltak på og ved verneverdige kulturminne.

Planprogrammet gjer greie for bakgrunnen for planarbeidet, målsetjingar med planen, føremål, føringar for planarbeidet, aktuelle tema for planen, planprosess, medverknad og framdriftsplan. Det er lagt opp til at kulturmiljøplanen skal dekkja heile kommunen og alle tidsepokar, og at ein dermed i løpet av planprosessen også skal vurderer om bygningar eller andre objekt frå vår tid skal prioriterast i planen. Planen er avgrensa til å omhaldla faste, materielle kulturminne og samlingar. Immateriell kulturarv vert omhandla i Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv.

#### **Økonomi**

Alver kommune søkte og fekk i 2021 100 000 koner i tilskot til å samordna tidlegare planarbeid og utarbeida

ein kulturminneplan for Alver kommune.

Planen vert utarbeidd som del av ordinær drift. Utgifter til mellom anna utstyr, møte, arrangement og trykking av ferdig plan vert dekkja av tilskot frå Riksantikvaren.

**Kommunedirektøren si tilråding:**

Ein kulturmiljøplan vil vera eit viktig verktøy i samband med mellom anna fordeling av tilskot til kulturminne, og for å prioritera og sikra kulturminne og kulturmiljø i plan- og byggesaker. Kommunendirektøren rår difor til at det vert varsla oppstart av Kulturmiljøplan for Alver kommune og at planprogrammet vert lagt ut på høyring.

**Vedlegg i saken:**

06.10.2022      Planprogram kulturmiljøplan\_til høyring

1814443

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-C20  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 19.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
041/22	Ungdomsråd	07.11.2022
044/22	Eldreråd	07.11.2022
048/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	07.11.2022
066/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.11.2022
	Alver kommunestyre	

## Plan for friluftslivets ferdselsårer 2022-2026 - vedtak

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar Plan for friluftslivets ferdselsårer 2022-2026.

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsrådet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur. Saka skal avgjerast i kommunestyret.

### Bakgrunn

I *Handlingsplan for friluftsliv* frå 2018 initierer regjeringa eit fleirårig prosjekt, *Friluftslivets ferdselsårer*, som har som mål å fremja planlegging, opparbeiding, skilting og merking av samanhengande nettverk av turstiar. Miljødirektoratet utarbeidde ein rettleiar ([M-1292 2019 Plan for friluftslivets ferdselsårer](#)) som skulle nyttast i samband med utarbeiding av planar for friluftslivets ferdselsårer.

Alver kommune forankra Plan for friluftslivets ferdselsårer i Anleggsstrategi for Alver kommune 2021-2023. Planstrategien slår fast at Plan for friluftslivets ferdselsårer skal ha status som temaplan.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur vedtok i møte 20. april 2021, sak 020/21, oppstart av Temaplan for friluftslivets ferdselsårer 2022-2024 i Alver kommune, og i møte 31. mai sak 039/22 å leggja planen ut på høyring med høyringsfrist 31. august. Denne saka gjeld endeleg vedtak av Plan for friluftslivets ferdselsårer i Alver kommune 2022-2026.

Kommunen har fått 240 000 kroner i tilskot frå Miljødirektoratet til å utarbeida planen. Dette inkluderer tilskot som vart gjeve til Radøy, Lindås og Meland kommunar.

### Saksopplysningar

Plan for friluftslivets ferdselsårer i Alver kommune gjev oversikt over viktige ferdselsårer for friluftslivet i kommunen. Planen er ein del av kunnskapsgrunnlaget som skal vera med på å sikra areal for friluftslivet i samband med byggesaker og arealplanlegging, og den skal peika ut strategiar for arbeidet med friluftslivets ferdselsårer i planperioden. Plan for friluftslivets ferdselsårer vil også vera eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv.

### Avgrensing av planen

Storleiken på kommunen og det høge talet på ferdselsårer gjorde at det var naudsynt å avgrensa planarbeidet for å koma i hamn. I denne planen var det avgjerande å få kartlagd dei stiane og turvegane som har høgast



bruksfrekvens, mest slitasje og størst tilretteleggingsbehov. For å få med desse ferdselsårene vart planarbeidet avgrensa til å omhandla stiar og turveggar kring skulestader (og dermed også kommunesenteret, lokalsentra og nærsentera). I tillegg er turstiar og -veggar som er vurderte å ha regional verdi eller interesse tatt med i kartlegginga (sjå planutkastet kap 1.2 punkt 3 for definisjon av desse omgrepa). Kartlegging av turstiar og -veggar i resten av kommunen er tatt med som eit tiltak i handlingsdelen (jf kapittel 5.2 punkt 1).

Det er både ynskjeleg og naudsynt med meir kunnskap også om ferdselsårer på vatn og på sjø. Desse ferdselsårene er likevel ikkje tatt med i denne planen då dette hadde vorte for omfattande. Det er hausten 2022 sett i gang ein eigen prosesse med kartlegging og gradering av ro- og padleruter i samband med prosjektet Ro- og padleruter i Vestland som fylkeskommunen har initiert.

#### Utarbeiding av planen og medverknad

Plan for friluftslivets ferdselsårer i Alver kommune har følgd metodikken Miljødirektoratet sin rettleiar. I tråd med denne rettleiaren er prosessen gjennomført i fire steg:

1. Oppstart (forankring, prosjektplan og annonsering)
2. Kartlegging av no-status
3. Analysera og vurderer tiltak
4. Samanstilling og vedtak

Det vart sett ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe med representantar frå kulturavdelinga, plan og analyse, og landbruk. Arbeidsgruppa har hatt ansvar for heile planprosessen, og har også utarbeida planen.

Kartlegginga av ferdselsårene er gjort av arbeidsgruppa i samarbeid med og i dialog med lokale ressurspersonar, og lag og organisasjonar. Etter at kartlegginga var gjennomført vart skular og barnehagar innanfor dei kartlagde områda bedne om å koma med innspel kartlegginga. I tillegg er lokale kjentpersonar innanfor kvart område kontakta og bedne om å kvalitetssikra kartlegginga.

Totalt er 268 ferdselsårer og 243 målpunkt kartlagde i samband med planarbeidet. 212 av ferdselsårene ligg i tilknytning til skulestadene, medan 56 er vurderte til å ha regional verdi eller interesse. I kartlegginga har ein vurdert på tilstanden på ferdselsårene, kva som finst av tilrettelegging og tilretteleggingsbehova for dei ulike ferdselsårene. Resultatet av kartlegginga går fram i kapittel 3, og i vedlagde kart og liste over kartlagde ferdselsårer. Alle kartlagde ferdselsårer og målpunkt er lagt ut på <https://www.nordhordlandskart.no/apps/map/alverturogfriluft>

#### Handlingsdelen

Tiltaka i handlingsdelen tar utgangspunkt i analysen i kapittel 4, der no-status er vurdert opp mot resultatmåla. I dei aller fleste tilfella er ein avhengig av at frivillige ynskjer å ta på seg arbeidet med fysisk tilretteleggjing ferdselsårer for at det skal verta utført. Berre i nokre få tilfelle er tilretteleggingstiltaka av ein slik storleik eller type at det er naturleg at kommunen tar på seg ei rolle som tiltakshavar, eller bidar med finansiering utover mindre tilskot. Dette gjeld også der kommunen er eigar av turveggar eller andre friluftslivsanlegg. På bakgrunn av dette er det i handlingsdelen ikkje gjort ei prioritering av mindre tiltak. Tilskotsordninga *Friluftstiltak*, som er ei av dei kommunale tilskotsordningane til kultur og idrett, har løpande søknadsfrist og gjer at ein kan løyva tilskot der det er frivillige som ynskjer å bidra til tilrettelegging av ferdselsårer.

#### **Innspel til planen**

Planen vart lagt ut høyring 31. mai. Dette vart kunngjort på nettsidene, på facebook og i lokalavisene. I tillegg vart det sendt ut brev til aktuelle lag og organisasjonar. Det vart, i samarbeid med Nordhordland turlag, arrangert ope innspelsmøte 23. august.

Det kom ti skriflege innspel i løpet av høyringsperioden, og i tillegg kom det nokre innspel på innspelsmøtet. Innspela til planutkastet er oppsummerte og kommenterte i tabellen nedanfor.

Avsendar	Innspel	Kommentar
Nordhordland turlag	Nordhordland turlag fekk planen til uttale før den vart lagt ut til høyring. Dei kom med innspel 9. mai.  Ein del forslag til endringar i tekst.	

	<p>Turlaget kom også med innspel om at fleire av turane i fjellområda mot grensa til Masfjorden og Modalen burde vore med under regionale turar.</p>	<p>Nokre av innspela vart innarbeidd i planutkastet som vart lagt ut på høyring.</p> <p>Ferdselsårene frå Eikemo til Fjelde, frå Fjelde og Stussdal til Kalvedalen, frå Vemundsbotn mot Sjørdalsnuten og frå Heimsta Sjørdalsvatn til kommunegrensa mot Modalen i retning Skavlabu er tatt inn i planen.</p>
Jon Vidar Sakseide	<p>«Jeg er svært positiv til enda bedre stier, flere klopper, utsiktsrydding, parkeringsplasser etc. Dette er folkehelse og livskvalitet. Urørt natur har vi mye av i Norge, så noen klopper her og parkeringsplasser der har vi god råd til. Dessuten, folk som er glad i å bruke naturen, blir fort også glad i naturen, og ønsker å holde den ren og fin. Dette er et flott prosjekt som jeg håper blir gjort mye ut av.»</p>	<p>Tatt til orientering.</p>
Kenneth Alvær	<p>Savnar tilretteleggjing for enkle gapahukar i planen.</p>	<p>Kartlegginga viser at det manglar gapahukar mange av nærområda til skulane, og i løpet av kartlegginga har fleire av skulane også meldt inn ynskje om dette. Dette er lagt inn under behov for tiltak. Kommunen kan gje tilskot til bygging av gapahukar i tilknytning til turstiar gjennom ordninga Tilskot til friluftslivstiltak. Det er også mogleg for lag og organisasjonar å søkja tilskot frå andre bidragsytarar enn kommunen.</p>
Terje Hopland	<p>Ber om at sti frå Hopland mot Husfjellet med ID 73 vert fjerna frå planen.</p> <p>Innsendar kjem med kritikk om at grunneigar ikkje har vorte kontakta i samband med at sti over hans eigedom er tatt inn i planen.</p>	<p>Stien vert fjerna frå kartet og planen då det er uklart om første del av stien kan reknast som sti som fører til utmark (jf friluftslova § 3.1).</p> <p>Det er berre stiar og turvegar der allemannsretten gjeld og stiar som går over innmark der det er gjort avtale med grunneigar som skal vera tatt med i planen. Det vert ikkje utført tiltak på ferdselsårer utan at grunneigar samtykkjer.</p>
Arvid, innbyggjar	<p>«Med den store folkeveksten som er planlagt i Knarvik med alle boligprosjektene, trengs det mer Brekkeløype med grusdekke for å fordele trykket, slik at ikke turen i løypa bærer preg av trengsel i fremtiden. Det vil også bidra til mer variasjon i tilbudet, det blir jo nokså ensformig med bare en enkelt runde på 1700 meter å velge i. (...) Smale stier i marken er ikke for alle og er lite egnet på dager med mye nedbør og søle.»</p>	<p>Innspelet vert tatt med under behov for utbetring under Brekkeløypa. Tiltaket vert ikkje prioritert i planperioden då det er fleire av dei andre sentra som ikkje har turvegar, medan det er to i Knarvik.</p>

<p>Vestland fylkeskommune</p>	<p>Alver kommune har gjort eit grundig arbeid med plan for friluftslivets ferdselsårer og kartlagt mange stiar, turveggar og andre ferdselsårer. (...) Planen har gode målformuleringar og ei fornuftig avgrensing av planarbeidet. (...) Ein god del turruter er allereie lagt inn i kartverket sin turrute-database og gjort tilgjengeleg i offentlege kart som t.d.Norgeskart. Det ser likevel ut til at ikkje alle dei kartlagde ferdselsårene er registrert i turrute-databasen. (...) Vi minner om at alle merka eller skilta turruter skal registrerast i turrute-databasen til Kartverket.</p> <p>Vi tilrår og at det vert registrert tilknytt målpoint som t.d. gapahukar, parkeringsplassar, utsiktspunkt osv. (...)</p> <p>Vi oppmodar om å nytte plan for friluftslivets ferdselsårer aktivt i forvaltninga og utviklinga av stiar og turveggar i kommunen.</p>	<p>Det er eit tiltak i planen at Startens kartverk sitt kartgrunnlag for tur- og friluftsruter skal oppdaterast.</p>
<p>Stiftinga Uttoskavågen</p>	<p>Området er svært mykje brukt både av sjøfarande og folk som kjem til fots.Vi meiner at Friluftsområdet med tilkomstveg , parkeringsplass og sti på Uttoska bør koma med underpunkt 3.2: Ferdselsårer med regional verdi/potensiale.</p>	<p>Målpoint er kartlagt og registert på digitalt kart, men ikkje på papirkarta av plassomsyn.</p> <p>Uttoskavågen har lenge vore mykje bruk av båtfolket, medan turstiane har vore lite nytta fram til det vart eit av turmåla i stolpejakten. Området vert difor ikkje vurdert til å ha regional verdi slik det er definert i planen.</p> <p>Store delar av området vert beita av skotsk høglandsfe heile året. Kommunen vil difor vera varsam med å tilrå turgåarar å bruka området, jamvel om rasen er rekna som roleg og lite aggressiv. Området er blant anna difor ikkje tatt med under turområde med regional interesse. Tatt til orientering.</p>
<p>Statsforvaltaren i Vestland</p>	<p>Statsforvaltaren meiner det er positivt at Alver kommune har utarbeida ein temaplan for friluftslivetsferdselsårer. Dette vil vere eit nyttig dokument både i kommunens arbeid med kommuneplanen,reguleringsplanar og i enkeltsaker.</p>	
<p>Alver kulturråd</p>	<p>Alver kulturråd meiner det er gjort eit bra arbeid i kartlegginga. Rådet seier seg einig i at det er naudsynt med ei avgrensing grunna omfanget av eksisterande, og potensielle trasear, slik forslag til temaplan syner. Alver kulturråd registrerer at det er turtrasear som ikkje er nemt på det noverande tidspunkt, men som voneleg kjem med etter kvart.</p>	<p>Det er eit tiltak i planen at ferdselsårer i resten av kommunen skal leggjast inn etter kvart som dei er registrerte.</p>

	<p>Alver kulturråd vil minne om at det er viktig å sjå samanheng mellom eksisterande planar og tiltak og arbeidet som no gjerast, med nemte temaplan. Som døme kan nemnast</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>· koordinering av kartlegging og verdsetting av lokale friluftsområde</li> <li>· skilting (turskiltprosjekt/ kulturminneskilting/ kulturlandskapsskilting/ skuleprosjekt m.m.)</li> <li>· gradering av løyper</li> <li>· verning av stor slitasje i terrenget</li> <li>· padleløyper og padlekart</li> <li>· jakt og fiskeområder</li> <li>· naturvernområder</li> <li>· turkonkurransar (stolpejakt, turkort, turkasser med bøker m.m.)</li> <li>· parkeringsplassar</li> <li>· sykkelsatsing</li> </ul>	Tatt til etterretning.
Alver idrettsråd	Ingen merknader	Tatt til orientering.
Frå innspelsmøtet	<p>Bør ferdselsåra frå Skogen Sletta-Storsåta vere med?</p> <p>Bør stien frå Kvalvågnes til Straumsneset vera med?</p> <p>Det bør koma tydelegare merking/skiltring/marknadsføring for UU, barnevogn.</p> <p>Stort arbeid som er gjort. Kunnskapen bør vera grunnlag òg for nytt turkart for Alver.</p> <p>Parkering og behov for ny parkering må kome tydeleg fram.</p> <p>Skiløyper er ikkje med, bør det vere med?</p> <p>Innbyggjarane treng informasjon om tilhøva for friluftslivsbruk og -opplevingar, og samla informasjon om dette.</p> <p>Behov for fleire møteplassar langs vegen til Hopsdalen</p> <p>Ta med Kalvedalshytta og DNT-stiar, samt stiar mot aust / Stølsheimen</p>	<p>Fell utanfor kriteria som er sett til kva ferdselsårer som er tatt med.</p> <p>Fell utanfor kriteria som er sett til kva ferdselsårer som er tatt med.</p> <p>Dette vil verta følgd opp på skilt, turskiltringar og på digitalt kart.</p> <p>Nytt turkart er tatt inn i tiltaksdelen.</p> <p>Manglande parkering går fram av kartlegginga. Dei stadene der behovet for parkeringsplassar er størst, er tatt med i tiltakslista.</p> <p>Skiløyper er ikkje tatt med i denne kartlegginga, Kan leggjast inn ved eit seinare høve. Behov for tilrettelegging på skiløyper vert tatt med i samband med KDP for kultur, idrett og friluftsliv.</p> <p>Friluftslivskartet for Alver vil verta ein stad der informasjon om friluftsliv i kommunen vert publisert samla.</p> <p>Dette er utanfor det denne planen skal handsama.</p> <p>Sti frå Fjelde og Stussdalen til</p>

	Skausnøyne er ikkje korrekt namneform.	Kalvedalshytta er lagt inn. Det same er sti frå Vemundsbotn mot Sjørdalsnuten og mot Skavlabu.  Retta til Skausnøya i tråd med namnevedtak.
--	--	---

I tillegg endringar som er gjort på bakgrunn av innspel i høyringsperioden er det korrigert feil i teksten og i karta.

### **Økonomiske konsekvensar**

Dei fleste av dei foreslåtte tiltaka kan gjennomførast som del av ordinær drift og innanfor gjeldande ramme og/eller med midlar som er sett av i fond til skiltprosjekt.

I tillegg er det behov for ei mindre auke av ramma til friluftsliv for å gjennomføre dei mindre tiltaka i planen. Avklaring på økonomisk ramme vert tatt i arbeidet med økonomiplanen.

I tiltaksdelen er det lagt inn følgjande kostader:

70 000 kr i 2023  
270 000 kr i 2024  
70 000 kr i 2025  
70 000 kr i 2026

I tillegg kjem større einskildtiltak, jf kapittel 5.3. Desse vert tatt med og prioriterte i samband med kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv.

### **Kommunedirektøren si tilråding**

Kommunedirektøren rår til at planen vert vedtatt slik den ligg føre.

### **Vedlegg i saken:**

31.10.2022	Friluftslivets ferdselsårer i Alver kommune	1825623
31.10.2022	Kart 1	1825624
31.10.2022	Kart 2	1825625
31.10.2022	Kart 3	1825626
31.10.2022	Kart 4	1825627
31.10.2022	Kart 5	1825628
31.10.2022	Kart 6	1825629
31.10.2022	Kart 7	1825630
31.10.2022	Kart 8	1825631
31.10.2022	Kart 9	1825632
31.10.2022	Kart 10	1825633
31.10.2022	Kart 11	1825634
31.10.2022	Kart 12	1825635
31.10.2022	Kart 13	1825636
31.10.2022	Kart 14	1825637
31.10.2022	Kart 15	1825638
31.10.2022	Kart 16	1825639
31.10.2022	Kart 17	1825640
31.10.2022	Kart 18	1825641
31.10.2022	Kart 19	1825642
31.10.2022	Kart 20	1825643
31.10.2022	Kartlagde ferdselsårer	1825644
31.10.2022	Uttale til Plan for Friluftslivets ferdselsårer 2022-2026	1825645
28.10.2022	Uttale - Høring - Alver - plan for friluftslivets ferdselsårer 2022 - 2026	1825647
31.10.2022	Høyringsuttale til Plan for Friluftslivets ferdselsårer 2022-2026	1825649
28.10.2022	Høyringsmerknad - Plan for friluftslivets ferdselsårer 2022-	1825651

	2026	
31.10.2022	Om friluftslivets ferdselsårer	1825672
31.10.2022	Høyringsuttale til Plan for friluftslivets ferdselsårer	1825654
31.10.2022	Innspel til ferdselsårer i Alver 9. mai 2022	1825673
31.10.2022	Høyringsinnspel til plan for friluftslivets ferdselsårer	1825655
31.10.2022	UtvidetLøype	1825668
31.10.2022	Høyringsuttale til Plan for friluftslivets ferdselsårer	1825669
31.10.2022	Høyringsuttale til Plan for friluftslivets ferdselsårer	1825670
31.10.2022	Temaplan for friluftslivets ferdselsårer - uttale Alver idrettsråd	1825671
01.11.2022	Plan for friluftslivets ferdselsårer 2022-2026 - vedtak (L)(865224)	1827164

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-614, FA-A20, TI-8.42  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 27.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
040/22	Ungdomsråd	07.11.2022
053/22	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	07.11.2022
067/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.11.2022
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

### **Mandat for ny ungdomsskule på Frekhaug**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek mandat for konseptfase for utgreiing av ny Frekhaug ungdomsskule, slik det ligg føre i vedlegg til saka. Oppstart i 2023.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i Ungdomsråd  
Saka skal til uttale i råd for menneske med nedsett funksjonsevne  
Saka skal til uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur  
Saka skal til innstilling i formannskap  
Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### **Saka gjeld**

Meland ungdomsskule består av fleire separate bygg der det eldste er frå 1920-talet. Skulen har eit større behov for vedlikehald og oppgradering. Det at skulen er så fragmentert medfører blant anna til at skulen ikkje har eit funksjonelt læringsmiljø. Skulen manglar klasserom, fellesrom for samling av elevar og tilsette og møterom for alle tilsette. Ein manglar også areal for kroppsøving, symjeundervisning samt at ein treng eit større og meir variert uteområde. Det er med andre ord behov for ein meir framtidsretta og optimalisert bygning.

I konseptfasen er det foreslått 3 tomter som skal vurderast:

1. Dagens plassering i Havnevegen 53 (regulert til offentlig)
2. Langelandsskogen (pågående planprosess)
3. Område aust for Meland Aktiv (uregulert)

Ein skal vurdere fordelar og ulemper ved alle tomtane, og konseptfasen skal enda opp med ei anbefaling vedr kva tomt som er best eigna for lokalisering av ny ungdomsskule, jfr vedlagt mandat.

Denne saka omhandlar mandat for konseptfasen/tidlegfasen. Saka omhandlar ikkje sjølve prosjektfasen/gjennomføringsdelen.

#### **Saksopplysningar**

Tidlegare vedtak:

I gamle Meland kommune vart det i Formannskapet, sak 94/2018 den 17.10.2018 gjort vedtak som omhandla vidare arbeid med å planlegge for ungdomsskule i Langelandskogen.

I kommunestyremøte den 16.12.2021, sak 164/21: Økonomiplan 2022 – 2025.

*Kommunestyret ønskjer å forsere planlegginga av ny ungdomsskule på Frekhaug og ny barneskule på Eikanger, og legg inn midlar til dette frå og med 2022.*

Utgreiingsfasen:

Kommunen vil ha ansvar for å gjennomføre konseptfasen. Ved behov vil ein også leige inn rådgjevarar som kan bistå i denne prosessen. Undervegs vil det være nødvendig å involvere brukar- og referansegrupper.

I konseptfasen skal ein mellom anna vurdere plassering, dimensjonerande elevtal, avklare funksjonar som skal inn i bygget, vurdere uteopphaldsareal og sjå på nødvendig infrastruktur.

Kostnader:

I forslag til økonomiplan investering 2023- 26 er det sett av kr 0,7mill i 2022, 3,6 mill i 2023, 4,9 mill i 2024 og 9,3 mill i 2025 for prosjekt *Frekhaug- Ny ungdomsskule*, for behovsavklaring, planlegging og etter kvart klargjering og prosjektering.

#### **Kommunedirektøren si tilråding**

Kommunedirektøren tilrår at mandat for konseptfase for ny Frekhaug ungdomsskule, vert vedtatt slik det ligg føre i vedlegg til saka. Oppstart i 2023.

#### **Vedlegg i saken:**

27.10.2022 Mandat ny Frekhaug ungdomsskule

1824526



# Ny Frekhaug ungdomsskule – mandat for konseptfase

---

Tenesteområde	Eigedomsforvaltning
Prosjektnummer:	22010/websak 22/7688
Forfattar/Dato:	Oddbjørn Hindenes/27.10.22
Vedtak/Dato:	<i>Godkjent av kommunestyret xx.xx.xx</i>

## 1. BAKGRUNN

Ny Frekhaug ungdomsskule ligg inne i økonomiplanen for 2022-2025.

Mandat for konseptfase vil legge grunnlaget for ein strukturert plan- og beslutningsprosess, inkludert vurdering og val av plassering.

Dagens ungdomsskule på Frekhaug fungerer ikkje lenger med tanke på eit godt og funksjonelt læringsmiljø. Skulen består av fleire separate bygg frå forskjellige tidsepoker. Siste byggetrinn ved utvidelse var eit elementbygg som består av 24 stk. brakker. Generelt framstår bygget med tydelege teikn på slitasje og elde.

Det er kapasitetsutfordringar på skulen. Skulen saknar areal for kroppsøving, svømmeundervisning, eit større og meir variert uteområde, samt det å kunne samle alle elevane og dei tilsette i eit fellesrom. Skulen manglar også møterom for alle tilsette og klasserom. Det er behov for ei meir framtidsretta og optimalisert bygning.


Behovet for ein ny og meir moderne ungdomsskule har i den siste tida også vore omtalt i media. Tilsette, elevar og føresette ønsker ei rask framdrift for å få på plass ei ny skule.

Viser til tidlegare vedtak i Meland kommune, 17.10.18, ang. aktuell skuletomt i Langelandsskogen. Det var og utarbeidd nokre kriterier for plassering av tomt.

Det er totalt 3 stk. tomter som skal vurderast i konseptfasen

1. Dagens plassering i Havnevegen 53 (regulert til offentlig)
2. Langelandsskogen (pågåande planprosess)
3. Område aust for Meland Aktiv (uregulert)

Kartutsnittet under viser omtrentleg plassering av dei tre lokasjonene.



## 2. FØREMÅLET MED PROSJEKTET

Kva må løysast?

- Avklare plassering for ny ungdomsskule.
  - Sikre at tomtene som vurderast har dei rette føresetnadene for plassering og bruk.
  - Vurdere dei økonomiske konsekvensane ved val av dei forskjellige tomtene med tanke på opparbeiding/infrastruktur, tilgjenge/brukarvennlegheit ol.
- Avklare dimensjonerande elevtal.
  - Avklare om prosjektet skal sikre kapasitet for elevar frå dagens Rossland ungdomsskule.
  - Avklare om prosjektet skal ta omsyn til dårleg kapasitet på dagens Knarvik Ungdomsskule.
- Avklare funksjonar som skal inn i bygget, til dømes bibliotek, kulturlokale, kroppsøvingslokale, svømmeanlegg mm. (funksjonar som vi i dag leigar areal til) med tanke på sambruk.
- Avklare akseptabel avstand til kroppsøvingslokale dersom Meland Aktiv har kapasitet og skal nyttast.
- Avklare akseptable uteopphaldsareal (nytte innspel frå ungdommane).

- Logistikk, parkering, avstand til kollektivtransport

#### **Kva ønskjer ein å oppnå?**

- Den nye skulen skal framstå som eit berekraftig skulebygg med gode, tilrettelagte areal inne som ute. Ref. kommuneplanens samfunnsdel er Alver eit berekraftig og klimavennleg samfunn.
- Bygget skal gje lokalsamfunnet eit løft arkitektonisk og vere ein ressurs for lokalbefolkninga. (Sambruk).

### **3. RAMMEVILKÅR**

#### **3.1. Føringer for prosjektet**

- Økonomiplan for 2022-2025, der Frekhaug ungdomsskule ligg inne
- Vedtak for økonomiplan 2023-2026 - vert førande vidare.
- Gjeldande lover, regler og forskrifter
- Gjeldande planer og vedtekter
- Gjeldande økonomiplan for Alver kommune
- Retningslinjer for investeringsprosjekt
- Premiss for ny skule

#### **3.2. Avhengigheiter**

Pågående planarbeid som kan påvirke prosjektet:

- Kommuneplanens arealdel
- Områdeplan Langelandskogen
- Kommunedelplan for oppvekst (ute på høyring, vedtak forventa i feb 23.)
- Kunnskapsgrunnlag redusert barnetal og elevtal (pågåande arbeid). Viser utvikling i skulekrinsar og vedlikehaldsbehov på dei ulike skulane. Eiga sak/orientering i nov 22.

Relevante planer som ikkje er påbegynt:

- Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv (i prosess. Høyring vinter 22/23, vedtak juni 23.)
- Kulturmiljøplan (Oppstart 4. kvartal 22, vedtak venta i 2024.)
- Planprosess for tomt ved Meland Aktiv?

### **4. OMTALE AV KONSEPTFASEN**

#### **4.1. Organisering og ansvar i konseptfasen**

Prosjekteigar	Anny Bastesen
Prosjektleiar	Oddbjørn Hindenes
Prosjektgruppe	Roger Myksvoll, Inger Marie Jordal, representant frå oppvekst, brukarrepresentant (avdelingsleiar)
Prosjektstyre	Ørjan Raknes Forthun, Kristin Moe, Anny Bastesen
Brukargruppe	Rektor frå Meland ungdomsskule (og rektor frå Rosslund skule), representant frå oppvekst, VO, TV, FAU leiar(ar), elevrådsrepresentantar, kultureininga
Referansegruppe	Miljøretta helsevern, HTV, HVO, representant frå råd for menneske med nedsett funksjonsevne, representant frå Ungdområdet, IKT, driftspersonell, reinhald og andre ved behov.

## 4.2. Resultat frå konseptfasen

Konseptfasen skal resultere i eit prosjektforslag med byggjeprogram. Dette inkluderer og val av tomt. Det skal utarbeidast kostnadsoverslag på investeringa.

Prosjektforslaget skal opp til politisk behandling og danne grunnlaget for å vedta vidare prosjektplanlegging.

## 4.3. Gevinst

Forventa type gevinst	Skildring	Økonomiske (årsverk, tid, kostnad)
Økonomisk	Dagens bygg er utdatert.	Det er eit stort vedlikehaldsetterslep og behov for oppgradering på dagens skule.
Funksjonalitet	Dagens bygg har manglande funksjonar og areal for å støtte dagens behov. Eit nytt bygg med fellesareal for å samle alle elevar og tilsette vil ha stor bruksverdi.	
Økonomisk og fagleg	På sikt kan det bli aktuelt å samle Meland ungdomsskule og Rosslund ungdomsskule. Det vil gje eit større fagleg og sosialt miljø.	Færre skular å drifte, samkøyring av tenester

## 4.4. Risiko og usikkerheit

- Økonomisk ramme til gjennomføring
- Avklare tomt
- Avklare behov; dimensjonerande elevtal og fasilitetar/funksjonar i bygget
- Kulturminnevern (i forhold til dagens skule)
- Logistikk
- Infrastruktur
- Avhending av dagens skulebygg

#### **4.5. Kostnader, tidsramme og ressursbehov i konseptfasen**

Det er ein del utfordringar i prosjektet med tanke på tomteval, og usikkerheiter med tanke på dimensjonerande elevtal og funksjonar som skal inn i bygget. For å redusere arbeidsmengden og kostnadene i konseptfasen, vil det vere behov for politiske avklaringar undervegs i konseptfasen.

Forventa tidsperiode for konseptfasen er estimert til ca. 1,5-2 år.

Kostnader til konseptfasen ligg inne i økonomiplanen, og tala frå økonomiplanperioden 2023-2026 er lagt til grunn.

Forventa kostnader: (ref. utkast til økonomiplan for 2023-2026)

- 2022: - flytta til 2023
- 2023: 4,3 mill

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-243  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 24.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
068/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.11.2022
	Alver kommunestyre	

### **Prioritering av søknader om spelemidler 2023**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre godkjenner prioritering av spelemidler 2023 slik det ligg føre i saka.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

#### **Saka gjeld**

Prioritering av søknader om spelemidler.

#### **Saksopplysningar**

##### **Bakgrunn:**

Tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, populært kalla «spelemidler», er ei tilskotsordning for bygging og rehabilitering av anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Midlane er overskot frå Norsk Tipping. Det kan søkjast om støtte til ordinære anlegg og til nærmiljøanlegg. Ordinære anlegg er anlegg for organisert og eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet, medan nærmiljøanlegg er for eigenorganisert fysisk aktivitet, som ligg i knytt til bu- og/eller opphaldsområde. Berre utandørsanlegg kan vera nærmiljøanlegg.

Alle innkomne spelemiddelsøknader, både søknader for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg, skal vera omtala i anleggsstrategien/kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet og prioriterast gjennom eit politisk fatta vedtak. Med unntak av nærmiljøanlegg med kostnadsramme under 600 000 kroner. Fylkeskommunen står for endeleg tildeling utifrå ramme gitt av Kulturdepartementet.

Det er kome inn 22 søknader om tilskot til ordinære anlegg og 3 søknader om tilskot til nærmiljøanlegg i Alver kommune.

Søknadsprioriteringa er i samsvar med Anleggsstrategi for Alver 2020-2024. Strategien vart sist rullert i kommunestyret 16.juni 2022 sak 085/22.

#### **Uttale frå idrettsrådet**

Idrettsrådet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

#### **Vurdering:**

##### **Ordinære anlegg**

Eit ordinært anlegg kan få inntil 1/3 av godkjend kostnad i tilskot frå spelemidlane. I ordninga for ordinære anlegg må ein søkja minst tre gonger (tre år) for kvart anlegg før det kan få tildelt midlar. Dette gjeld uavhengig av kommunen si prioritering av innkomne søknader. Alle søknader må likevel stå på prioriteringslista, sjølv om

dei ikkje kan få tilskot dette året.

Søknadene er prioriterte ut frå om dei er i posisjon for å få utbetaling i 2023, etter tre års minste ventetid, og *Anleggsstrategi for Alver 2020-2024* sitt prinsipp om balanse mellom private og offentleg søknader.

Kommunedirektøren foreslår følgjande prioritering av innkomne søknader for ordinære anlegg:

Pri.	Anlegg	Stad	Søkar	Første søknadsår	Søknadssum
1	Etablering av lager	Fossemyra Idrettspark, Frekhaug	IL Kvernbit	2020	1 000 000,-
2	Rehabilitering av grasbane	Hordabø	Hordabø IL	2020	128 000,-
3	Hus for drift og materiell	Hordabø	Hordabø IL	2020	848 000,-
4	Klubbhus	Stokkedalen	Radøy skyttarlag	2020	1 400 000,-
5	Kunstgrasbane I, rehabilitering og lysanlegg	Fossemyra Idrettspark, Frekhaug	IL Kvernbit	2020	2 360 000,-
6	Standplass	Lindås	Lindås skyttarlag	2021	1 053 000,-
7	Kunstgrasbane 9'ar	Leirdalen	Nordre Holsnøy IL	2021	669 000,-
8	Basishall /turn	Alversund	Alver kommune	2020	4 000 000,-
9	Fleirbrukshall	Alversund	Alver kommune	2020	10 500 000,-
10	Rehabilitering basseng og bygningsmasse	Radøyhallen	Alver kommune	2020	284 000,-
11	Buldreanlegg	Knarvik Arena	Alver kommune	2020	300 000,-
12	Orienteringskart	Eikanger/Baståsen	Idrottslaget Gular Orientering	2021	160 000,-
13	Rehabilitering kunstgrasbane II, 11-ar + lysanlegg	Fossemyra	IL Kvernbit	2022	1 700 000,-
14	Dagsturhytte	Eldsfjellet	Alver kommune	2021	390 000,-
15	Dagsturhytte med trepromenade og grusveg	Byngja	Alver kommune	2021	390 000,-*
16	Dagsturhytte	Vardefjellet	Alver kommune	2021	390 000,-
17	Rehabilitering kunstgrasbane, 11-ar	Knarvik	Alver kommune	2022	1 000 000,-
18	Standplass og skyteskiver	Stokkedalen	Nordhordland jakt og fiskelag	2022	675 000,-
19	Gapahuk	Vallevika	Bergen og omland friluftsråd (BOF)	2022	93 000,-
20	Gapahuk	lo	Bergen og omland	2022	173 000,-

			friluftsråd (BOF)		
21	Rehabilitering kunstgrasbane, 11- ar + lysanlegg	Ostereidet	Alver kommune	2023	1 700 000,-
22	Rehabilitering kunstgrasbane, 7- ar	Knarvik	Alver kommune	2023	500 000,-
					<b>Kr 29 713 000</b>

\*tilskotssum for trepromenade og grusveg er ikkje medrekna då tala ikkje er klare endå.

### Nærmiljøanlegg

Eit nærmiljøanlegg kan få inntil 50 % av godkjend kostnad i tilskot frå spelemidlane. I denne ordninga kan ein få tilskot første gong ein søker. Kommunen si prioritering og den totale ramma i fylket vert såleis avgjerande for kva anlegg som får midlar. Prioriteringa under er i tråd med prioriteringsrekkefølga i *Anleggsstrategi for Alver 2020-2024*:

Kommunedirektøren foreslår følgjande prioritering av innkomne søknader for nærmiljøanlegg:

Pri.	Anlegg	Stad	Søkar	Første søknadsår	Søknadssum
1	Ballbinge	Mjåtveitmarka	Mjåtveitmarka velforeining	2022	263 000,-
2	Ballbinge	Fløsvika	Fløsvika ve og vel	2022	300 000,-
3	Utandørs treningsapparat	Knarvik ungdomsskule	Alver kommune	2023	268 000,-
					<b>Kr 831 000</b>

### Oversyn tidlegare års tildelingar

#### Ordinære anlegg 2022

Søkjjar	Søknad	Tildelt
Kvernbit	Fossemyra fotballhall	5 000 000,-
Alver kommune	Knarvik Arena, fleirbrukshall	2 838 000,- (rest av delutbetaling)
Alver kommune	Lyssett turveg Manger	1 700 000,-
		<b>Kr 9 538 000</b>

#### Nærmiljøanlegg 2022

Søkjjar	Søknad	Tildelt
Manger IL	Minibane kunstgras + lys, Grønålen	454 000,-
Manger IL	Pump track, Grønålen	251 000,-
Manger IL	Buldrestein, Grønålen	167 000,-
Manger IL	Utandørs treningsapparat, Grønålen	75 000,-
Mjåtveitmarka velforeining	Ballbinge, Mjåtveitmarka	266 000,-
Alver kommune	Nesvatnet UU baderampe	53 000,-
Alver kommune	Utandørs treningsapparat, Grønålen	171 000,-
Alver kommune	Aktivitetspark, Manger skule	282 000,-
Alver kommune	Aktivitetsanlegg, Sæbø skule	300 000,-
		<b>Kr 2 019 000</b>

#### Ordinære anlegg 2021

Søkjjar	Søknad	Tildelt
---------	--------	---------



Meland golf	Driving range, oppgradering, takoverbygg	700 000,-
Radøy IL	Garderobebygg, Austmarka	1 827 000,-
Radøy skyttarlag	200 meter riflebane med støydempet standplassbygg, Stokkedalen	765 000,-
Seim skyttarlag	15 meter miniatyrbane	1 800 000,-
Alver kommune	Fleirbrukshall, Knarvik Arena	4 800 000,-
		<b>Kr 9 892 000</b>

#### Nærmiljøanlegg 2021

Søkjjar	Søknad	Tildelt
Alver kommune	BMX-bane, Alversund skule	300 000,-
Alver kommune	Utandørs bordtennisbord, Alversund skule	45 000,-
Alver kommune	Ballbinge, Sæbø skule	110 000,-
Alver kommune	Aktivitetsområde, Austebygd skule	300 000,-
Alver kommune	Hinderløype, Leiknes skule	300 000,-
Alver kommune	Pump track, Leiknes skule	300 000,-
Alver kommune	Fleiraktivitetsområde, Eikanger skule	247 000,-
Alver kommune	Utandørs basketbane, Alversund skule	266 000,-
		<b>Kr 1 862 000</b>

#### Ordinære anlegg 2020

Søkjjar	Søknad	Tildelt
Nordhordland pistolklubb	Skytebane Stokkedalen, Pistol feltanlegg	690 000,-
Alver kommune	Radøyhallen fleirbrukshall, rehabilitering	1 308 000,-
Alver kommune	Nesvatnet nærmiljøanlegg, toalett	149 000,-
Alver kommune	Nordhordlandshallen, fotballhall	600 000,-
Alver kommune	Knarvik Arena, klatrehall	3 000 000,-
Alver kommune	Nordhordlandshallen, delanlegg friidrett	276 000,-
Alver kommune	Knarvik Arena	2 000 000,- (+ 2 762 000,-)
		<b>Kr 8 023 000 (Kr 10 785 000)</b>

#### Nærmiljøanlegg 2020

Søkjjar	Søknad	Tildelt
Alver kommune	Knarvik barneskule, street basket	289 000,-
Alver kommune	Knarvik barneskule, skating og sykling	300 000,-
Alver kommune	Knarvik barneskule, lysanlegg skate- og sykkelområde	53 000,-
Alver kommune	Knarvik barneskule, lysanlegg nærmiljø vestsida	300 000,-
Alver kommune	Frekhaug torg, aktivitetsområde	300 000,-
Alver kommune	Meieriparken	266 000,-
Alver kommune	Sagstad skule,	89 000,-

Alver kommune	parkour/klatring/trimpark	241 000,-
Alver kommune	Sagstad skule, fleirbruksanlegg	300 000,-
Alver kommune	Alversund, minibane multisport	600 000,-
Alver kommune	Alversund skule, tursti	<b>Kr 2 738 000</b>

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-A00  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 24.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Alver kommunestyre	
069/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.11.2022
	Alver formannskap	

## Kunnskapsgrunnlag redusert tal barn i barnehage og skule

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kunnskapsgrunnlaget Redusert tal barn og elevar i kommunen 2023-2033 blir tatt til orientering.

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Saka gjeld

I samband med strategisamlinga for formannskapet 28.-29. april 2022 fekk administrasjonen i oppgåve å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag knytt til venta reduksjon i tal barn i barnehage og tal elevar i grunnskulen i åra som kjem.

Kunnskapsgrunnlaget som no ligg føre er utarbeidd i samarbeid med miljøretta helsevern, planavdelinga, eigeomsforvaltninga, styrar, rektorar og tenesteleiarane for barnehage og skule.

### Saksopplysningar

Kunnskapsgrunnlaget som er presentert, viser prognose i høve til venta tal barn i barnehage og tal elevar i grunnskulen i Alver kommune i åra fram mot 2032.

Prognosane viser at tal barn i barnehage er venta å flate ut til litt under dagens nivå. Medan vi i 2015 hadde oppunder 2000 innbyggjarar i aldersgruppa 1-5 år, har vi i dag berre 1600.

Tilsvarande utvikling ser vi i høve til elevar i barneskule og ungdomsskule. Frå toppåret 2020 då det var 2900 elevar i barneskulen er talet venta å falle jamt dei neste åra, ned mot 2300 elevar i barneskulen i 2032. Utviklingsbiletet ser tilsvarande ut for ungdomsskulane, men her med ei forseinking i utviklinga i høve til reduksjonen. For ungdomsskulane er toppåret venteleg i 2023, med 1328 elevar totalt, og med jamn reduksjon ned mot 1087 elevar i 2032.

Samla elevtal for barneskule og ungdomsskule er stipulert til 4075 i 2023, dette inkluderer elevar i friskulane (private skular). Skuleåret 2022/23 har kommunen 314 elevar i friskulane.

I tabell *Nøkkeltal for den einskilde barnehage pr. 15.12.2022*, på side 15 i rapporten, blir mellom anna ledig kapasitet i dei kommunale barnehagane presentert. Samla utgjør ledig kapasitet i dei kommunale barnehagane over 200 plassar. Ved tildeling av barnehageplass tel barn under 3 år 2 plassar.

Avslutningsvis i kapittel 2 blir det presentert eit oversyn over ledig kapasitet i skulane som ein konsekvens av elevtalsutviklinga samt venta utvikling i tal klassar for neste skuleår. Samla har Alver kommune ein kapasitet på over 5000 elevplassar i grunnskulen i kommunen. Ved byrjinga av skuleåret 2022/23 hadde vi 3779 elevar i kommunale grunnskular, og etter prognosane kan vi vente oss 3387 elevar totalt i kommunen i 2032. Det er ikkje venta vesentleg endring i tal klassar neste skuleår.

I kapittel 3 er stipulerte kostnader til vedlikehald for bygga presentert. Dette er behov som vi kjenner til i dag, utan omsyn til nye vedlikehaldsbehov som kjem til i framtida. Samla utgjer dette over 100 millionar kroner i eit 5-10 års perspektiv.

Normtala for bemanning i barnehage og skule fastset minimumskrav i høve til bemanning. I barnehagane blir tal tilsette regulert årleg i samband med hovudopptak og tildeling av barnehageplassar om våren. Dei kommunale barnehagane i Alver kommune har eit ressursnivå som stettar minimumskrava etter norm for pedagog og norm for andre tilsette.

Skulane får tildelt ressursar for neste skuleår om våren, etter kommunal ressurstilodelingsmodell. Skulane får tildelt ei ramme som rektor kan disponere i samsvar med lokale behov og prioriteringa. Rektor kan ikkje omfordele ressursane i så stor grad at norm for lærartettleik ikkje blir halden. Grunnskulane i Alver kommune hadde skuleåret 2020/21 samla sett eit ressursnivå på 40 årsverk over minimumskrava etter norm for lærartettleik.

I kapittel 4 og 5 er dei kommunale barnehagane og skulane presentert. Presentasjonen viser at det er store variasjonar med omsyn til storleik, kvalitet på bygga og behov knytt til vedlikehald. Den pedagogiske vurderinga av anlegget, byggjer i stor grad på styrarar og rektorar sine opplevingar. Skildring av utviklingsarbeid og læringsmiljø er meint å skulle gje eit lite glimt av arbeidet ute i avdelingane.

### **Vurdering**

Kunnskapsgrunnlaget er meint å skulle bidra til innsikt i nøkkeltal og faktorar for barnehage og skule i Alver kommune, som kan kome til nytte i samband med kommunal planleggjing og prioritering.

Alle tal og berekningar fram i tid er usikre, då desse byggjer på prognosar og berekningar, ikkje faktisk viten. Reelle tal kan først lesast ved å sjå utviklinga i ein historisk samanheng.

Kunnskapsgrunnlaget kan også nyttast som grunnlag for bestilling av nye undersøkingar og analysar.

Kunnskapsgrunnlaget blir lagt fram med ei innstilling om at det blir tatt til orientering.

### **Vedlegg i saken:**

01.11.2022      30.10.22 Til politisk kunnskapsgrunnlag barne- og elevtal      1826007  
Alver kommune



# ALVER

KOMMUNE

KUNNSKAPSGRUNNLAG

Redusert tal barn og elevar i kommunen

2023 – 2033



28.10.22



## Innhald:

1.0	Innleiing og bakgrunn	side 3
2.0	Forventa utvikling i folketal og elevtal i Alver kommune	side 4
3.0	Vedlikehaldsbehov dei neste 5-10 åra	side 11
4.0	Dei kommunale barnehagane i Alver kommune	side 12
5.0	Dei kommunale grunnskulane i Alver kommune	side 35
6.0	Oppsummering	side 88

## 1.0 Innleiing

Kunnskapsgrunnlaget som no blir presentert, har som målsetjing å synleggjere korleis venta endringar i folketalsframskrivingane for Alver kommune kan slå ut for tal barn i barnehage og skule. Som framskrivingane frå SSB viser, er dette usikre tal. Endeleg konklusjon i høve til folketalsutvikling og fordeling på krinsnivå får vi først når vi les tala i ein historisk samanheng. Vi vonar likevel at kunnskapsgrunnlaget kan gje informasjon som kan vere til nytte i kommunal planleggjing.

Grunnlaget er utarbeidd etter bestilling frå formannskapet i strategisamlinga 28.-29. april 2022, og har følgjande innhald:

1. Innleiing
2. Forventa utvikling i folketal og elevtal i Alver kommune
3. Vedlikehaldsbehov dei neste 5-10 åra
4. Dei kommunale barnehagane i Alver kommune
5. Dei kommunale grunnskulane i Alver kommune
6. Oppsummerande kommentarar

I del 2 blir dei siste folketalsframskrivingane for kommunen presentert. Her kan vi lese at det er venta vekst i folketalet i barneskulekrinsane Alversund, Leiknes, Manger, Sagstad og Knarvik og ungdomsskulekrinsane Frekhaug og Knarvik. I kapittelet har vi synleggjort SSB sine prognosar for korleis dette slår ut på tal barn i barnehage og elevar i grunnskule knytt til skulekrinsnivå.

Dei kommunale barnehagane blir presentert i del 4 av dokumentet. Innleingsvis får du presentert kvalitetssystemet som er felles for dei kommunale barnehagane i kommunen samt korleis tenestområdet arbeider med kvalitetsoppfølging, brukarundersøking og bemanning.

Vidare kan du lese opplysningar om kapasitet, leike- og opphaldsareal, pedagog- og personaltettleik, tal barn i barnehagen, tal plassar og tal tilsette. Du får også fakta i høve til godkjenning presentert, i tillegg til oversyn vedlikehaldsbehov dei komande 5-10 åra og ei pedagogisk vurdering av anlegget.

I del 5 blir dei kommunale grunnskulane presentert, og strukturen er med nokre unntak den same som i del 4. I tillegg til nøkkeltal som er presentert for barnehagane, blir tal barn i skulefritidsordning i barneskule (SFO) presentert. Tilsynsordning for elevar i ungdomsskule er ny av året, og gjeld berre eit fåtal av elevane våre. Status i høve til lærarnorma samt korleis ressurstilleggingen som blir nytta i kommunen er bygd opp blir også presentert.

I tillegg til ei pedagogisk vurdering av anlegget og utviklingsarbeid, blir skulen sitt arbeid med mellom anna læringsmiljø og brukarundersøkingar også presentert i denne delen.

Oppsummerande kommentarar for arbeidet blir presentert i del 6.

Tusen takk til alle som har vore involvert i arbeidet med å utarbeide dette dokumentet; Miljøretta helsevern, planavdelinga, eigedomsforvaltning, styrarar, rektorar og sist, men ikkje mist, tenesteleiarane for barnehage og skule. Skriveprosessen har vore eit stort lagarbeid, og det ferdigstilte dokumentet er noko vi eig saman.

Vonar kunnskapsgrunnlaget kan kome til nytte i vidare planleggjing i kommunen.

Kristin Moe – kommunalsjef oppvekst

## 2.0 Forventa utvikling i folketal og elevtal

### 2.1 Justerte framskrivingar per 2. kvartal 2022

SSB publiserte nye folketalsframskrivingar for kommunane sommaren 2022. I følgje framskrivinga blir folketalsveksten i Alver dei komande åra svakare enn i åra vi har bak oss.

Den samla folketalsutviklinga er eit resultat av fire tilhøve som virkar saman, og folketalsframskrivingane er basert på forventningar til korleis desse fire vil utvikle seg.

- **Fruktbarheit (sannsynlegheita for at ei kvinne i ein gitt alder får eit barn),**
- **Dødelegheit (sannsynlegheita for at ein person i ein gitt alder døyr),**
- **Netto flyttestraumar mellom norske kommunar**
- **Netto migrasjon (flytting mellom Noreg og resten av verda)**

Trykk [her](#) for å sjå kva forventningar som ligg til grunn i framskrivinga frå i år.

Ei viktig årsak til svakare vekst er at talet fødslar er venta å falle, medan talet dødsfall er venta å stige. Begge deler har samanheng med aldringa av befolkninga. Når det gjeld flytting og migrasjon legg SSB til grunn eit nivå som er *lågare* enn i den sterke vekstperioden mellom 2008-16, men *høgare* enn i åra 2017-2020.

I fjor (2021) og til no (2. kvartal) i 2022 har Alver likevel komme heldig ut av flytte- og migrasjonsstraumane. Og SSB sine føresetnadar for 2022 ser ut til å vere for låge for desse tilhøva. Samstundes ser det ut til at det vil bli fleire dødsfall og færre fødslar enn SSB rekna med.

Hausten 2022 har Alver kommune gjort eigne framskrivingar, der føresetnadane nemnd over er justert i tråd med utviklinga vi har sett per 2. kvartal i år. I resten av framskrivingsperioden følgjer Alver kommune føresetnadane til SSB. I figurane vises Alver sine føresetnadar i stipla line.

Kjem framskrivingane til å treffe?

Som vist over byggjer folketalsframskrivingane på forventningar til korleis fire demografiske tilhøve vil utvikle seg i åra som kjem. Og desse forventningane byggjer på den historiske utviklinga.

Det inneber at framskrivingane vil bomme på den faktiske utviklinga, dersom denne avvik frå historia. Alver har bak seg fleire år der den faktiske folketalsutviklinga har vore *lågare* enn framskrivingane til SSB. Årsaka er at framskrivingane la til grunn at den sterke tilflyttinga og innvandringa som skjedde mellom 2007 og 16 skulle halde fram, men så gjorde den ikkje det.

Kva kan vi vente i åra vi har framfor oss? I lys av den sterke tilflyttinga og innvandringa til Alver i 2021 og 2022 ser forventningane i framskrivingane for låge ut. På den andre sida var tilstrøyminga til kommunen svak mellom 2017 og 2020.

I dag er det vanskeleg å vite om 2021 var byrjinga på ein ny periode med sterk vekst i Alver, eller om tilflyttinga og innvandringa alt til neste år vil falle tilbake til nivået frå 2017-20. I så fall blei 2021 eit unntaksår også med omsyn til folketalsutviklinga.



For oppvekstsektoren er denne usikkerheita i framskrivingane særleg problematisk. For når ei folketalsframskriving bommar, bommar den mest på talet barn og meir jo yngre barna er.



Dersom det skulle vise seg at veksten i Alver blir høgare enn framskrivingane syner vil det truleg påverke skulekrinsane i dei sentrale delane av kommunen mest. Tilflyttarane og innvandrarane som kom i 2021 har i hovudsak busett seg sør i kommunen, og blant dei som er sysselsett pendlar nesten alle til Bergen.

## 2.2 Folketalsutvikling i skulekrinsane

I Alver kommune si framskriving kan vi sjå tal på skulekrinsnivå i kommunen, i tillegg til tala for kommunen som heilskap. Figurane under viser utviklinga på barnekrins- og ungdomskulekrinsnivå.




Meir utfyllande informasjon om resultatane av desse framskrivingane finn du [her](#).

Dei lokale framskrivingane byggjer på den historiske utviklinga, på same måte som framskrivinga for kommunen som heilskap. Det sentraliserande flyttemønsteret vi har sett i Alver (og andre kommunar) dei siste åra, er dermed reflektert i framskrivingane. Ser vi på ungdomsskulekrinsar er det venta ein vekst i Knarvik og på Frekhaug, medan innbyggjartala er stabile i dei andre ungdomsskulekrinsane.

Går vi til barneskulekrinsane er folketalsveksten konsentrert i krinsane Sagstad, Alversund, Leiknes, Knarvik og Manger.


Sjølv om det *samla* folketallet innafor ein gitt skulekrins ikkje endrar seg særleg, kan det vere betydelege endringar i befolkninga si *alderssamansetjing*. [Denne](#) figuren viser korleis folketalsutviklinga vil bli i dei forskjellige aldersgruppene i åra som kjem. Folketalsveksten dei komande åra er konsentrert blant dei over 70 år. For oppvekstsektoren er det naturlegvis mest vesentleg korleis utviklinga av barnehage- og skuleborn vil bli i åra som kjem.

I grove trekk kan vi seie at det er venta færre barn og unge i kommunen (aldersgruppa 0-19 år) og fleire eldre. Figuren under illustrerer dette.



### 2.3 Barn i barnehage

Tal barnehagebarn i Alver kommune har falt betydeleg dei siste åra. Medan vi i 2015 hadde oppunder 2000 innbyggjarar i alderen 1-5 år, har vi i dag berre 1600. Dei komande åra er talet barnehagebarn venta å flate ut litt under dagens nivå, som vist i figuren under.



Men utviklinga er venta å bli ulik i dei ulike delane av kommunen.

Tabellen under syner utviklinga av tal barnehagebarn (alderen 1-5 år) per skulekrins i Alver. Perioden 2015-21 er historiske tal, medan 2022 er fyrste framskrivingsår. Sagstad skulekrins er den einaste


med betydeleg vekst i åra som kjem. I dei andre krinsane er det stabilitet eller nedgang i tal barnehagebarn.

Skulekrins	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Alversund	256	259	253	255	247	236	216	212	206	206	206	207	205	208	209	211	213	214
Austebygd	33	34	32	29	28	30	24	23	21	20	20	20	20	20	20	20	20	20
Austrheim kommune	18	15	12	10	8	8	7	7	7	6	6	5	5	5	5	5	5	5
Eikanger	45	52	49	45	49	41	38	36	30	29	30	31	31	31	31	31	31	32
Grasdalen	130	122	107	94	101	87	82	81	75	72	71	70	71	71	72	72	73	73
Hordabø	73	73	67	64	67	61	62	63	58	60	59	56	55	55	55	54	54	56
Kløvheim	19	20	18	12	16	14	15	18	16	17	17	16	15	15	15	15	15	15
Knarvik	167	167	164	142	159	148	139	135	133	131	124	123	124	125	125	128	128	129
Leiknes	130	128	125	124	117	116	102	105	103	105	101	105	105	107	108	109	112	112
Lindås	157	158	161	153	131	127	137	131	133	128	129	124	123	125	124	124	126	127
Manger	122	130	147	138	141	122	112	113	115	109	110	109	110	110	109	112	113	114
Myking	81	74	66	63	63	59	56	53	53	54	52	52	50	50	51	53	54	54
Ostereidet	78	74	74	71	53	54	50	51	54	54	51	49	46	45	45	45	45	45
Rossland	52	47	48	51	57	58	63	56	55	52	52	49	51	51	51	51	51	51
Sagstad	311	344	363	352	343	327	304	309	306	305	305	308	304	307	309	314	317	321
Seim	108	96	97	96	85	68	73	71	66	66	65	65	65	66	65	65	67	67
Sæbø	80	80	81	73	65	50	59	60	65	61	64	60	58	59	58	58	58	58
Vestbygd	124	128	117	119	96	76	69	79	75	73	78	74	71	71	72	72	72	73
<b>Totalt</b>	<b>1984</b>	<b>2001</b>	<b>1981</b>	<b>1891</b>	<b>1826</b>	<b>1682</b>	<b>1608</b>	<b>1603</b>	<b>1571</b>	<b>1548</b>	<b>1540</b>	<b>1523</b>	<b>1509</b>	<b>1521</b>	<b>1524</b>	<b>1539</b>	<b>1554</b>	<b>1566</b>

Figuren og tabellen over er henta frå den digitale statistikkrapporten som linkane over er kopla til. [Der](#) kan du også finne tilsvarende figur som over for kvar ein skulekrins i Alver. I tillegg ligg det andre tabellar og figurar om utviklinga av tal barnehagebarn i fanene «Barnehagebarn. Figurar» og «Barnehagebarn. Tabellar» nedst på sida.

## 2.4 Elevar i grunnskulen

For tal elevar i barneskulen er utviklinga, naturleg nok, lik utviklinga for barnehagebarn. Frå toppåret 2020 då det var 2900 barneskuleelevar i Alver er talet venta å falle jamt dei neste åra.



Også for barneskuleelevane er utviklinga venta å variere geografisk. Tabellen under syner utviklinga i elevmassen per skulekrins. Perioden 2015-21 er historiske tal, medan 2022 er fyrste framskrivingsår. Det er venta fall i elevmassen på alle skulane dei komande åra.

Skulekrins	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Alversund	396	388	397	396	367	381	378	375	369	354	345	337	326	316	309	306	305	303
Austebygd	47	50	45	40	39	35	39	41	37	39	34	33	34	32	29	28	28	28
Austrheim kommune	33	31	30	24	25	20	15	13	12	10	11	10	10	9	8	8	7	7
Eikanger	87	79	78	76	64	65	64	63	72	69	67	66	59	56	54	50	49	49
Grasdalen	129	141	155	161	164	165	151	147	147	139	128	120	115	112	112	110	108	108
Hordabø	96	104	99	99	107	119	108	106	101	97	90	95	89	86	85	82	83	82
Kløyheim	30	32	32	31	31	32	29	26	26	29	25	25	25	24	26	24	23	23
Knarvik	221	231	223	227	241	250	262	254	232	234	230	230	218	209	208	207	205	204
Leiknes	169	167	178	185	172	184	186	179	177	174	171	167	161	158	159	157	157	157
Lindås	224	234	244	244	250	248	249	242	226	223	221	217	211	205	201	202	197	199
Manger	163	173	174	190	193	187	196	189	186	189	185	177	170	162	163	164	160	160
Myking	85	88	90	92	89	97	94	95	89	89	87	86	82	82	79	80	79	78
Ostereidet	107	126	126	111	109	107	107	106	92	87	89	86	87	81	77	77	77	76
Rossland	101	100	97	93	85	81	79	77	80	84	87	90	87	85	83	81	80	79
Sagstad	390	412	435	471	474	479	484	497	494	498	475	472	467	460	452	450	449	451
Seim	164	169	158	156	153	154	158	151	146	141	135	129	121	118	115	111	111	111
Sæbø	123	112	106	101	107	106	102	102	98	102	96	96	91	90	90	92	91	91
Vestbygd	217	210	213	208	204	196	187	171	163	151	147	134	130	126	125	125	122	124
<b>Totalt</b>	<b>2782</b>	<b>2847</b>	<b>2880</b>	<b>2905</b>	<b>2874</b>	<b>2906</b>	<b>2888</b>	<b>2834</b>	<b>2747</b>	<b>2709</b>	<b>2623</b>	<b>2570</b>	<b>2483</b>	<b>2411</b>	<b>2375</b>	<b>2354</b>	<b>2331</b>	<b>2330</b>

Meir statistikk om barneskuleelevar er tilgjengelege i den [digitale rapporten](#).


Utviklinga i talet [ungdomsskuleelevar](#) følgjer naturlegvis utviklinga av barneskuleelevar, men med ei forseinking. Veksten vi har hatt i elevmassen på barneskulen har etterkvart slått inn i ungdomsskolen, og denne veksten er venta å halde fram endå nokon år. Mot slutten av 2020-talet vil likevel dei mindre barnekulla nå ungdomsskulealder, og vi får ein nedgang i elevmassen også i ungdomsskolen.

#### Innbyggjarar i ungdomsskulealder

Alder	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
13	379	378	366	398	429	393	433	450	436	398	431	408	437	407	382	362	364	351
14	390	385	386	374	400	429	396	437	453	439	401	433	415	440	411	388	365	367
15	449	399	386	382	376	399	434	399	439	453	441	402	435	415	443	409	390	369
<b>Totalt</b>	<b>1218</b>	<b>1162</b>	<b>1138</b>	<b>1154</b>	<b>1205</b>	<b>1221</b>	<b>1263</b>	<b>1286</b>	<b>1328</b>	<b>1290</b>	<b>1273</b>	<b>1243</b>	<b>1287</b>	<b>1262</b>	<b>1236</b>	<b>1159</b>	<b>1119</b>	<b>1087</b>

I perioden 2022 til 2032 viser prognosane ein reduksjon på 200 elevar i ungdomsskulealder.

Også for ungdomsskulane er det geografiske skilnadar. Den kortsiktige veksten i elevtalet slår sterkast ut på ungdomsskulane i Knarvik og Meland.



Dette utgjer ein auke på om lag 30 elevar ved begge skulane før elevtalet går ned igjen ut i perioden. Auken er venta å kome først i Knarvik, som får det høgaste elevtalet allereie frå 2023. Elevtalet ved skulen er då venta å nå 381 elevar. Prognosetalet for Meland ungdomsskule er på topp i 2027, med 287 elevar.

Figuren under viser korleis den venta elevtalsutviklinga slår ut for den einkilde ungdomsskule.

Ungdomsskulekrinsar	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Knarvik ungdomsskulekrins	357	354	339	335	348	359	352	349	381	379	373	352	364	361	357	337	319	314
Lindås ungdomsskulekrins (m.Åsheim)	138	142	146	154	156	138	154	166	181	176	161	158	154	154	151	141	141	133
Meland ungdomsskulekrins	189	178	173	194	213	237	260	261	266	254	276	276	287	267	268	254	249	241
Ostereidet ungdomsskulekrins	173	161	152	163	172	172	177	178	176	168	168	161	173	169	167	156	148	146
Radøy ungdomsskulekrins	225	204	200	177	174	174	181	194	190	184	184	183	197	192	184	168	164	158
Rossland ungdomsskulekrins	136	123	128	131	142	141	139	138	134	129	111	113	112	119	109	103	98	95
<b>Totalt</b>	<b>1218</b>	<b>1162</b>	<b>1138</b>	<b>1154</b>	<b>1205</b>	<b>1221</b>	<b>1263</b>	<b>1286</b>	<b>1328</b>	<b>1290</b>	<b>1273</b>	<b>1243</b>	<b>1287</b>	<b>1262</b>	<b>1236</b>	<b>1159</b>	<b>1119</b>	<b>1087</b>

Den kortsiktige veksten i elevtalet slår sterkast ut på ungdomsskulane i Knarvik og Meland.

## 2.5 Oversyn kapasitet og prognose tal elevar på skulenivå

Tabellen under viser kapasitet, faktisk elevtal og prognose elevtal for den einkilde skule.

Venta elevtalsutvikling skulane i Alver	Prognose				
	Kapasitet (tal elevar)	Faktisk elevtal 2022 (GSI)	Elevtal 2022 (Prognose)	Max elevtal (år)	Min elevtal (år)
					pr. 15.10.22
Alversund	450	332	375	375 (2022)	303 (2032)
Austebygd	90-100	36	41	41 (2022)	28 (2032)
Eikanger	100	63	63	72 (2023)	49 (2032)
Grasdøl	188	140	147	147 (2022)	108 (2032)
Hordabø	108-140	104	106	106 (2022)	82 (2032)
Kløvheim	84	25	26	26 (2022)	22 (2032)
Knarvik b	450	255	254	254 (2022)	204 (2032)
Leiknes	250-300	180	179	179 (2022)	157 (2032)
Lindås b	360	219	242	242 (2022)	199 (2032)
Manger	200	187	189	189 (2022)	160 (2032)
Myking	84	67	95	95 (2022)	78 (2032)
Ostereidet b	175	100	106	106 (2022)	76 (2032)
Rossland b	350 (1.-10. kl.)	103	77	90 (2026)	79 (2032)
Sagstad	550	483	497	498 (2026)	449 (2031)
Seim	150	147	151	151 (2022)	111 (2032)
Sæbø	200	94	102	102 (2022)	91 (2032)
Vestbygd	270	147	171	171 (2022)	122 (2031)
Knarvik u	350	353	342	381 (2023)	314 (2032)
Lindås u	160	154	166	181 (2023)	133 (2032)
Meland u	234	187	261	287 (2027)	241 (2032)
Radøy u	235	190	194	197 (2027)	158 (2032)
Rossland u	350 (1.-10. kl.)	126	138	138 (2022)	95 (2032)
Ostereidet u	150	87	178	178 (2022)	146 (2032)
Meland u, Rossland u under prognosane. Elevar - Danielsen u på Frekhaug.					
Ostereidet u under prognosane. Elevar Knarvik u og Danielsen u på Frekhaug.					
Myking og Lindås under prognosane. Elevar - Skodvin Montessori.					

Knarvik ungdomsskule er den skulen som venteleg får eit elevtal vesentleg over skulen sin kapasitet. I 2023 viser prognosane eit elevtal med 31 elevar over kapasiteten til skulen. Dette er også den einaste skule som per oktober 2022 har høgare faktisk elevtal enn prognosane viser.

## 2.6 Tal klassar i den kommunale grunnskulen skuleåret 2023/24

Tabellen under viser historiske og venta tal klassar i dei kommunale grunnskulane i Alver, i perioden 2021/2022 til 2023/2024:

Skule	2021/2022		2022/2023		2023/2024	
	Elevtal	Grupper	Elevtal	Grupper	Elevtal	Grupper
Alversund	338	18	329	19	329	19
Austebygd	37	3	36	3	35	3
Eikanger	63	4	66	4	72	4
Grasdøl	149	10	142	8	148	8
Hordabø	106	6	104	6	96	6
Kløvheim	28	3	25	3	26	3
Knarvik bsk	271	13	265	14	230	13
Knarvik usk	331	13	356	14	379	14
Leiknes	180	9	175	8	181	8
Lindås bsk	230	12	214	12	209	12
Lindås usk	137	6	152	7	164	7
Manger	189	11	188	11	190	11
Meland usk	197	9	182	9	187	9
Myking	66	4	68	4	61	4
Ostereidet bsk	100	6	98	6	87	6
Ostereidet usk	103	6	87	6	77	6
Radøy usk	178	8	186	8	185	8
Rosslund bsk	103	7	102	6	97	6
Rosslund usk	135	6	131	6	128	6
Sagstad	461	23	486	24	481	24
Seim	150	7	139	7	140	7
Sæbø	94	6	92	5	92	5
Vestbygd	173	12	154	11	140	11
<b>Sum</b>	<b>3819</b>	<b>202</b>	<b>3777</b>	<b>201</b>	<b>3734</b>	<b>200</b>

Det er fleire usikre faktorar i høve til tal klassar neste skuleår. Nokre av desse er knytt til at vi i dag ikkje kjenner til kor mange elevar som skal gå på friskule neste skuleår og fordeling av tal elevar i bokmål/nynorsk i 1. klasse.

Ut frå det vi kjenner til i dag, er det lite som tyder på at det blir store endringar i høve tal klassar neste skuleår.

### 3.0 Vedlikehaldsbehov dei komande 5-10 åra

Tenestemråde for eigedomsforvaltning har gjort ei berekning av det kortsiktige behovet for vedlikehald ved dei kommunale barnehagane og skulane i kommunen. Behovet er presentert meir utfyllande under kvar avdeling, i kapittel 4.0 og 5.0, men tabellen under viser eit samla oversyn over kostnadene.

Vedlikehaldsbehov dei komande 5-10 åra	
	stipulert kostnad
Austebygd barnehage	1 300 000
Bø barnehage	100 000
Haugen barnehage	2 100 000
Juvikstølen barnehage	800 000
Lindås barnehage	200 000
Marihøna barnehage	1 900 000
Prestmarka barnehage	4 200 000
Sæbø barnehage	2 600 000
Alversund skule	200 000
Austebygd skule	3 300 000
Eikanger skule	2 700 000
Grasdøl skule	2 500 000
Hordabø skule	2 500 000
Kløvheim skule	1 600 000
Knarvik barneskule	300 000
Leiknes skule	1 000 000
Lindås barneskule	2 800 000
Manger skule	3 500 000
Myking skule	2 900 000
Ostereidet barneskule	900 000
Rosslund skule	7 300 000
Sagstad skule	10 000 000
Seim skule	300 000
Sæbø skule	2 900 000
Vestbygd skule	4 500 000
Vaksenopplæringa	2 900 000
Knarvik ungdomsskule	4 900 000
Lindås ungdomsskule	14 500 000
Meland ungdomsskule	10 200 000
Ostereidet ungdomsskule	2 500 000
Radøy ungdomsskule	6 700 000
	<b>kr 104 100 000</b>

## 4.0 Dei kommunale barnehagane i Alver kommune

### 4.1 Innhald og kvalitet i dei kommunale barnehagane

Barnehagen er første trinn i eit langt utdanningsløp og skal gje barn ein god start, uavhengig av bakgrunn og behov. Gode barnehagar er positive for barn si språklege, kognitive og sosiale utvikling, og er viktig for utjamninga av sosiale skilnadar. Barna gjennomgår ei stor utvikling i løpet av dei første åra i barnehagen, og hjernen sin formbarheit er særleg stor dei første tre åra. Barnehagar av høg kvalitet kan difor ha ein positiv effekt som varer heile livet.

Barna sin trivnad og utvikling i barnehagen er målet for alt kvalitetsarbeid i barnehagesektoren. Det er barnehagelova med forskrifter, her rammeplanen, som definerer kvalitet i barnehagen.

Barnehagane skal nytte rammeplanen som utgangspunkt for sitt arbeid, og skal vareta barna sitt behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Kva er kvalitet i barnehagen?

Dansk Clearinghouse for Uddannelsesforskning (DCU) har gått gjennom 289 forskningsrapportar frå 2006 til 2011 og undersøkt kva ein meiner med kvalitet i barnehagen. Dei finn fire ulike typar kvalitet.

#### *Strukturkvalitet*

Dei strukturelle elementa ved kvalitet inkluderer bemanning, barnehagepersonalet sine kvalifikasjonar og utdanning, arbeidstilhøve, samt fasilitetar og ressursar i barnehagen, intern organisering som til dømes gruppestorleik. Strukturelle faktorar er i høg grad styrt av rammer utanfor barnehagen, som til dømes økonomi.

#### *Prosesskvalitet*

Dei prosessuelle elementa ved kvalitet handlar i høg grad om interaksjon mellom barn og vaksne. Dessuten omhandlar prosesskvalitet barnehageleiing, barnehagetilsette sin pedagogiske kompetanse i praksis, samt læringsmiljøet i barnehagen og foreldresamarbeidet.

#### *Innhaldskvalitet*

Innhaldskvalitet omhandlar barnehagen sin «indre kvalitet», og korleis barnehagen lever opp til rammeplanen.

#### *Resultatkvalitet*

Resultatkvalitet omhandlar det vi ofte snakkar om som effektar eller verknader av barnehagen, som til dømes fagleg eller sosialt utbyte for det einskilde barnet. Altså barna sin trivnad og språklege, kognitive og sosiale utvikling. Det kan og knytast til samfunnsmessige og samfunnsøkonomiske konsekvensar av å ha barn i barnehagen. Ein kan altså vurdere resultatkvalitet både på individnivå, institusjonsnivå og på samfunnsnivå.



## Kvalitetsarbeid i dei kommunale barnehagane i Alver

Barnehagen si verksemd er regulert gjennom Lov om barnehagar og Forskrift om rammeplan for barnehagen sine oppgåver og innhald. I barnehagelova vert mellom anna samfunnsmandatet til barnehagane skildra, samt kva verdigrunnlag barnehagane skal byggje på og andre viktige føringar for barnehagedrifta.

Alver kommune har ut frå sentrale og lokale føringar, kunnskapsgrunnlag og forskning utarbeidd tre sentrale prinsipp for arbeidet med innhald og kvalitet i dei kommunale barnehagane.

### *Desse prinsippa er:*

- Inkludering
- Medverknad
- Heilskap og samanheng

### Prinsipp 1 - Inkludering

Eit inkluderande barnehagemiljø handlar om at barnehagen sitt omsorgs- og læringsmiljø skal vere lagt til rette på ein slik måte at kvart einskild barn, uavhengig av føresetnader, kan få utvikle seg, leike og lære i trygge og passe utfordrande omgjevnader, støtta av kunnskapsrike og deltakande vaksne. Omsorgs- og læringsmiljøet skal ruste barna til livet, gjere dei i stand til å bli den beste utgåva av seg sjølv, samt bidra til livsmeistring og god fysisk og psykisk helse.

Barnehagane våre styrkjer inkluderinga gjennom vurdering og kvalitetsutvikling av det pedagogiske arbeidet. Det vert nytta kartleggingsmaterieill utarbeidd i deltakinga i den nasjonale satsinga til Utdanningsdirektoratet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø», og gjennom arbeid mellom anna med DUÅ (Dei Utrulege Åra) og Dinosaurskulen vert det arbeidd med haldningar, barnesyn og handlingar. Det vert og arbeidd bevisst med vaksenrolla, mellom anna for å sikre at alle barn skal oppleve å høyre til i leik og sosial samhandling.

### Prinsipp 2 - Medverknad

Barnehagen skal vareta barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gje uttrykk for sitt syn på barnehagen si daglege verksemd.

Gjennom å vere medviten på barna sine ulike uttrykksformar og å leggje til rette for medverknad som er tilpassa alder, erfaringar og føresetnadar til barna, skal dei få mogelegheit til aktiv deltaking i planleggjing og vurdering av barnehagen si verksemd.

Barnehagane arbeider bevisst med å få fram barnet si stemme gjennom å nytte barnesamtale som verkty, og gjennom observasjon og kartleggjing. Det er og fokus på å ha ei anerkjennande haldning i samhandlinga med barna.

### Prinsipp 3 – Heilskap og samanheng

## Kvalitetsutviklingsplan for barnehagane i Alver

Alver kommune har utarbeidd ein plan for kvalitetsutviklingsarbeidet i dei kommunale barnehagane.

Satsingsområda i kvalitetsutviklingsplanen i perioden 2020 – 2025 er som følgjer:

### *Språk*

Her har barnehagane arbeidd med dialogisk lesing, samt felles kartleggjings- og analyseverktøy. I tillegg er det stort fokus på barnehagen som eit godt og utviklande språkmiljø.

Nokre av barnehagane har arbeidd vidare med Språkløyper, og det blir vurdert å ha dette som eit felles satsingsområde frå 2023.

### *Inkluderande barnehagemiljø - Lov om barnehagar kap.8.*

Barnehagane har delteke i den nasjonale satsinga Inkluderande Skule- og Barnehagemiljø (IBS). Dei har alle eit stort fokus på arbeidet med eit trygt og godt barnehagemiljø, og har arbeidd med å utvikle auka kompetanse om den autoritative vaksenrolla mellom anna i høve til å utvikle leiken som ein inkluderande arena. Barnehagane har og stort fokus på DUÅ og Dinoskulen som metode for å utvikle eit trygt, godt og inkluderande miljø. Planleggjingsdagen i november blir nytta til føredrag og arbeid med kapittel 8 i Lov om barnehagar, Psykososialt barnehagemiljø.

### *Organisasjonsutvikling*

Tenestemråde for barnehage har saman arbeidd med utvikling av leiarteamet i barnehagen og ein møtestruktur som styrkjer arbeidet med kompetanseutvikling og fokus på ein lærande organisasjon. Vi har og innarbeidd strategisamlingar for pedagogane, 3 interne og 2 felles kvart år.

I 2022 har det vore fokus på Pedagogisk analyse og på Trygt og godt barnehagemiljø samt Lov om barnehagar kapittel 8 i dei felles strategisamlingane.

Det har vore arbeidd med Pedagogisk analyse som verktøy og med den autoritative vaksenrolla i alle barnehagane.

### *Kvalitetsdialogmøte*

Ein del av oppfølginga av kvalitetsutviklingsarbeidet er årlege kvalitetsmøte med barnehagane kvar vår, med oppfølgingsmøte om hausten.

Desse møta er eit tiltak i arbeidet med å være ein aktiv og utviklingsorientert barnehageeigar.

Hensikta med kvalitetsdialogen har mellom anna vore:

- Å få betre kjennskap til praksis, status og utfordringar i barnehagen
- Dialog mellom barnehagen og barnehageeigar kring viktige tema
- Bevisstgjerung og styrking av føresetnadene for leiing og strategiarbeid
- Sikre kraft og kontinuitet i barnehagen si oppfølging av Plan- og lovverk
- Støtte barnehagane i satsingar og utviklingsarbeid

Innhaldet i møta vert og arbeidd vidare med i leiarsamlingar, personalmøte, månadmøte med styrar, kompetanseutvikling og anna.

Kartleggjingsarbeid som ein del av kvalitetsarbeidet

### *Foreldreundersøkinga*

Gjennom foreldreundersøkinga kan foreldre sei si meining om korleis dei opplever barnehagetilbodet. Resultata gir grunnlag for dialog om tilbodet i barnehagen mellom barnehagen og foreldra, og for barnehagen sitt kvalitetsarbeid.

Foreldreundersøkinga er først og fremst eit verkty for den einskilde barnehage. Resultat frå undersøkinga kan integrerast i ståstadsanalyse for barnehagen, som er eit analyseverkty som er tilgjengeleg via Utdanningsdirektoratet sine nettsider.

Foreldreundersøkinga kan gi nyttig informasjon til eigar og mynde om i kor stor grad foreldra er nøgde med barnehagetilbodet, og kan vere ein del av kommunen sitt kunnskapsgrunnlag ved tilsyn.

Foreldreundersøkinga er ein del av kunnskapsgrunnlaget om norske barnehagar. Statistikk er og ein del av føremålet med undersøkinga og delar av resultata vil bli offentleg tilgjengelege. Data frå undersøkinga kan bli nytta til forskning.

Foreldreundersøkinga vert gjennomført anna kvart år i dei kommunale barnehagane i Alver kommune. Vi nyttar undersøkinga til Utdanningsdirektoratet.

Foreldreundersøkingane blir gjennomført i november, og siste undersøking i Alver blei gjennomført i 2021. Alle kommunale barnehagar deltok då i undersøkinga. I tillegg deltok 15 av 19 private barnehagar.

Svarprosent kommunale 69 % , private 57 %. Totalt Alver 60,5 %. Nasjonalt 65,4%.

### **Foreldreundersøkinga november 2021**

	<b>Kommunale barnehager Alver</b>	<b>Private barnehagar Alver</b>	<b>Nasjonalt</b>
<b>Ute- og innemiljø</b>	<b>4,1</b>	<b>4,2</b>	<b>4,2</b>
<b>Relasjon mellom barn og vaksen</b>	<b>4,4</b>	<b>4,5</b>	<b>4,5</b>
<b>Barnet sin trivnad</b>	<b>4,7</b>	<b>4,8</b>	<b>4,7</b>
<b>Informasjon</b>	<b>3,6</b>	<b>4</b>	<b>4,3</b>
<b>Barnet si utvikling</b>	<b>4,6</b>	<b>4,7</b>	<b>4,6</b>
<b>Medverknad</b>	<b>4,1</b>	<b>4,3</b>	<b>4,3</b>
<b>Henting og levering</b>	<b>4,2</b>	<b>4,4</b>	<b>4,4</b>
<b>Tilvenning og skulestart</b>	<b>4,4</b>	<b>4,4</b>	<b>4,5</b>
<b>Tilfredsheit totalt</b>	<b>4,4</b>	<b>4,6</b>	<b>4,5</b>

### *Ståstadsanalysen 2020*

Hausten 2020 blei det gjennomført ståstadsanalyse i dei kommunale barnehagane. I denne undersøkinga var hovudfokuset analyse av barnehagemiljøet, med vekt på inkludering og tryggleik.

Dette analysearbeidet har vore med som grunnlag for kvalitetsarbeidet i den einskilde barnehage.

### Kartlegging av språkmiljøet

Tenesteområde barnehage er i prosess for å innføre eit nytt kartleggingsverktøy knytt til språkutvikling. Dette for å kunne sikre arbeidet med god språkutvikling og individuell tilrettelegging av språkmiljøet i barnehagen. Kartleggingsarbeidet kan eter kvart byggjast ut med fleire modular, som til dømes kartlegging av barnehagemiljøet.

## 4.2 Nøkkeltal - lovkrav

### Barnehagane si bemanning og pedagogtettleik

Barnehagen sin bamanningsnorm er fastsett i Lov om barnehagar §26: *“Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet. Barnehagen skal minst ha én ansatt per tre barn når barna er under tre år og én ansatt per seks barn når barna er over tre år. Barn skal regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år. (...)”*.

Pedagognorm er fastsett i Forskrift om pedagogisk bemanning §1: *“Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk bemanning. Barnehagen skal ha minst én pedagogisk leder per syv barn under tre år og én pedagogisk leder per 14 barn over tre år. Ett barn til utløser krav om en ny fulltidsstilling som pedagogisk leder. Barn regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år”*.

### Inne- og uteareala

Storleik på inne- og uteareal er ikkje fastsett i lova, men er gjeve som rettleiande norm for barn sitt leike- og opphaldsareal i Kunnskapsdepartementet sine merknader til Lov om barnehagar: *“(…) 4m<sup>2</sup> netto per barn over tre år og om lag 1/3 mer per barn under tre år. Utearealet i barnehagen bør være om lag 6 ganger så stort som leke- og opphaldsarealet inne.”* Den rettleiande arealnorma tilseier med dette at utearealet per barn over tre år bør vere 24 m<sup>2</sup> og om lag 32 m<sup>2</sup> per barn under 3 år. Rettleiing om utforminga av uteareala finn ein i *Kunnskapsdepartementet sin Veileder for utforming av barnehagens utearealer*.

Personal- og pedagogtettleik samt areal per barn i våre barnehagar pr. 15.12.2021 var som følgjer:

	Alver kommunal	Alver privat	Alver total	Vestland
Personaltettleik (plassar per vaksen)	5,7	5,8	5,7	5,8
Pedagogtettleik (plassar per pedagog)	12,4	12,6	12,4	12,6
Leike-og opphaldsareal (m <sup>2</sup> per barn)	5,8	6,5	8,4	5,7

Nøkkeltal for den einssilde barnehage pr 15.12.2022:

BARNEHAGE	AUSTE BYGD	BØ	HAUGEN	JUVIK- STØLEN	LINDÅS	MARI HØNA	PREST- MARKA	SÆBØ
<b>Kapasitet (plassar)</b>	<b>29</b>	<b>108</b>	<b>87</b>	<b>173</b>	<b>126</b>	<b>45</b>	<b>210</b>	<b>94</b>
<b>Tal plassar i bruk</b>	<b>24</b>	<b>71,2</b>	<b>46</b>	<b>143</b>	<b>75,6</b>	<b>40,6</b>	<b>162,8</b>	<b>63,6</b>
<b>Tal ledige plassar *1)</b>	<b>5</b>	<b>36,8</b>	<b>41</b>	<b>30</b>	<b>50,4</b>	<b>4,4</b>	<b>47,2</b>	<b>30,4</b>
<b>Tal barn *2)</b>	<b>19</b>	<b>54</b>	<b>35</b>	<b>101</b>	<b>50</b>	<b>29</b>	<b>117</b>	<b>44</b>
<b>Pedagogtettleik *3)</b>	<b>12</b>	<b>14,2</b>	<b>11,5</b>	<b>13</b>	<b>12,6</b>	<b>10,2</b>	<b>12,5</b>	<b>12,7</b>
<b>Personaltettleik *4)</b>	<b>6</b>	<b>5,9</b>	<b>5,9</b>	<b>6</b>	<b>5,8</b>	<b>5,8</b>	<b>5,8</b>	<b>5,8</b>

\*1) Tal ledige plassar er berekna ut frå barnehagen sitt totalareal. Om barnehagane skal fyllast opp må det og takast omsyn til kvalitet for den einssilde avdeling. Som til dømes inndeling i 18 eller 24 barn per avdeling.

\*2) barn under 3 år tel for 2 plassar

\*3) plassar pr pedagog

\*4) plassar pr tilsett

Døme på anna regelverk som legg føringar for barnehage:

#### Nasjonale føringar:

- Rammeplan for barnehagen, innhald og oppgåver (2017) er ei forskrift til barnehagelova. (Kunnskapsdepartementet, 2017)
- Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler
- Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager
- Forskrift om politiattest i barnehager
- Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager
- Kompetanse for fremtidens barnehage. Revidert strategi for rekruttering og kompetanseutvikling, 2018-2022. Kunnskapsdepartementet.
- Stortingsmeld. 19. Tid for lek og læring. Bedre innhald i barnehagen, 2015-2016.
- Stortingsmeld. 6. Tett på - tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO. 2019-2020.
- Stortingsmeld. 41. Kvalitet i barnehagen, 2008-2009.
- Barnehager mot 2030. Strategi for barnehagekvalitet 2021-2030. Kunnskapsdepartementet.
- Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr (2014)
- Plan- og bygningslova (2021)
- Arbeidsmiljølova (2020)
- Veileder for utforming av barnehagens utearealer (Kunnskapsdepartementet)

#### Lokale føringar for dei kommunale barnahagane i Alver:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022 - 2034
- Kommuneplan for oppvekst (på høyring)
- Vedtektene for dei kommunale barnehagane, vedtekne av kommunestyret den 20.02.20. Vedtektene fastset opningstid, foreldrebetaling, opptakskriterier, arealnorm med meir.

### 4.3 Presentasjon av barnehagane

I det følgjande blir dei åtte kommunale barnehagane presentert kvar for seg. Presentasjonen byggjer på innspel frå styrarane.





---

## Austebygd barnehage

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 29 (24) > over 3 år.

Tal barn i barnehagen blir justert i høve til alderssammansetjing i barnegruppa.

**Leike- og opphaldsareal inne:** 115 m<sup>2</sup>

**Leike- og opphaldsareal ute:** Vert å kome tilbake til

**Pedagogtettleik:** 12 plassar per pedagog

**Personaltettleik:** 6 plassar per tilsett

**Tal barn:** 19

**Tal plassar i bruk:** 24

**Tal tilsette:** 4,5 årsverk (grunnbemanning og leiing)

### Godkjenningar

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 08.05.07

Etter "Lov om barnehagar": 11.05.15

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Byte takstein, utvendig maling, byte dør
2. VVS: Utbetre ventilasjon i grovgarderobe
3. Elektro: Byte ut delar av belysning
4. Kostnad: Omlag 1,3 millionar kroner

## Vurdering av anlegget

Austebygd barnehage ligg flott plassert i naturterreng på Sletta på Radøy "tett i tett" med Austebygd skule. Barnehagen og skulen har felles leing.

Barnehagebygget med hems, kjøken og gymsal var nybygd i 1998 og i 2019 stod ny, stor grovgarderobe klar til bruk. Det same året vart heile uteområdet rusta opp med mange, nye og kreative leikeapparat. 5-åringane har eige rom på skulen der dei har førskulegruppe ein gong i veka.

Barnehageborna har og tilgang til gymsalen kvar dag, samt sløydsalen og skulebiblioteket når dei har bruk for det. I tillegg kan dei bruke skulen sitt uteområde med m.a. akebakke og stor grusplass til å spela fotball på. Barnehagen disponerer og eit uteområde med gapahuk omlag 20 minuttars gåtur frå barnehagen. Barnehageborna vert delt inn i to grupper og kan bruke dette området kvar sin dag i veka.

Arealmessig er barnehagen bygd for 28 barnehageplassar. Dette barnehageåret er 24 plassar i bruk. Barna er i alderen 1-5 år og er delt i to grupper delar av dagen.

Dei minste barna søv ute i eige luftig tilbygg. Ein av dei vaksne har ansvar for «babycallen» og å ha tilsyn med dei barna som søv. Dette kan til tider vere utfordrande, då dei andre barna kan krevje merksemda deira.

Personalet har garderobereskåp i barnehagebygget og har felles personalrom med dei tilsette på skulen.



---

## Bø barnehage

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 108 > 3 år. Tal barn i barnehagen blir justert i høve til alderssamansetjing i barnegruppa.

**Leike- og opphaldsareal inne:** 456 m<sup>2</sup>

**Leike- og opphaldsareal ute:** 4596 m<sup>2</sup>

**Pedagogtettleik:** 14,2 plassar per pedagog

**Personaltettleik:** 5,9 plassar per tilsett

**Tal barn:** 54 barn

**Tal plassar i bruk:** 71,2 plassar

**Tal tilsette:** 13 årsverk (grunnbemanning og leiing)

### Godkjenningar

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 03.02.21

Etter "Lov om barnehagar": 08.02.21

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Maling av innervegger grunna venta slitasje
2. Kostnad: Omlag 0,1 millionar kroner

## Vurdering av anlegget

Bø barnehage ligg fritt til på Radøy, med barneskulen og flott natur som næraste nabo. Barnehagen er bygd for 108 barn. Den er fordelt på 6 avdelingar, og avdelingane er bygd slik at dei kan nyttast til små- og storbarnsavdelingar ut frå kva behovet er.

Barnehagen har eit stort og flott soveskur, som vert nytta når barna skal sove. Soveskuret er kledd med pleksiglas slik at det skjermer for vinden. Barna søv i medbrakte vogner, og det er alltid ein sovevakt i skuret. Barnehagen har gode fellesareal med amfi, samt personalavdeling for omlag 25 tilsette. Utomhus er det betydelig areal for å skape ein god læringsarena for borna, og det er vektlagt gode leikeapparat, fotballbane, sykkelstiar, varierende terreng og scene.

Barnehagen er utforma med ein hovudkropp samt tre ulike satellittar. To av satellittane er tekne i bruk, medan den tredje delen vert teke i bruk når behovet melder seg. Bygget går over to plan. I første høgda ligg avdelingane til barna, medan personalavdelinga ligg i andre høgda. Det er gode arbeidsrom til pedagogane, samt møterom. I andre høgda ligg det og personalrom og garderober, samt eit bibliotek og eit spelerom til barna. Avdelingane nyttar desse romma når dei har gruppeaktivitetar og barna synes det er stor stas å få kome opp å vere på desse romma.

Bygget inneheld eit større amfi i massivtre som blir nytta ved til dømes fellesarrangement i barnehagen. Her har ein tilgong til projektor, stort lerret og godt lydanlegg. Det er også eit kjøken og toalett knytt til amfiet. Det gjer det mogleg for kommunen sine innbyggjarar å nytte lokalet på kveldstid.

Ved sidan av soveskuret og amfiet har barnehagen ei snekkarbod. Her er det sløydbenk og skåp til ymse verkty. Rommet er isolert og har ventilasjon så dette rommet kan nyttast året rundt. Barnehagen held på å skaffe seg verkty slik at rommet kan brukast enno meir i kvardagen.

---

## Haugen barnehage

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 87 > 3 år. Tal barn i barnehagen blir justert i høve til alderssamansetjinga i barnegruppa.

**Leike- og opphaldsareal inne:** 350 m<sup>2</sup>

**Leike- og opphaldsareal ute:** 2825 – 3569 m<sup>2</sup>

**Pedagogtettleik:** 11,5 plassar per pedagog

**Personaltettleik:** 5,9 plassar per tilsett

**Tal barn:** 35 barn

**Tal plassar i bruk:** 46 plassar

**Tal tilsette:** 8,74 årsverk (grunnbemanning og leiing)

### Godkjenningar

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 10.03.08

Etter "Lov om barnehagar": 12.11.15

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Byte takstein, maling av ein del utvendige vegger, byte ut einskilde vindauge, utbetre rekkverk på rampar, byte avdelingskjøken, utbetre garderobar småbarnsavdeling, ymse innvendig maling. Byte delar av golvbelegg.
2. VVS: Byte ut ventilasjonsaggregat
3. Kostnad: Omlag 2,1 millionar kroner

## Vurdering av anlegget

Haugen barnehage ligg sentralt i Knarvik, ved sida av Gecobygget og nær REMA 1000. Barnehagen består av to bygg, Nordigard og Sørigard med totalt plass til fire avdelingar.

Barnehagen inneheld mange rom, noko som gir moglegheit for å dele opp barnegruppene, og slik ha plass for eit godt pedagogisk arbeid i små grupper.

Bygget i Nordigard skal ta over ventilasjonssystemet til gamle Kolås barnehage. Status på dette er under planleggjing. Det er golvvarme kun på avdeling Grønnspekk. På dei andre avdelingane er det gamle panelovnar, og det vert opplevd som golvkaldt og med svingande temperatur på avdelingane.

Dei fleste barna søv inne på madrassar på golvet, medan dei som treng det kan sove ute i vogna. Personalet har sovevaktar i tråd med kommunale rutinar.

Styrarkontoret i Nordigardenbygget har dårleg isolasjon og lyddemping.

Uteområdet til barnehagen er stort og har moglegheit for ulike typar leik heile året. Ein del av terrenget er variert med mange trær og busker. Det er ikkje mange leikeplassar i nærleiken, og det er difor populært blant av innbyggjarane å bruke barnehagenområdet om ettermiddagar heile året.

Det er blitt meldt inn at det er behov for å dele opp uteområdet slik at det vert meir oversiktleg å ha tilsyn med barna når dei er ute. Dette for betre å kunne vareta tryggleiken, og slik sikre kravet om eit trygt og godt barnehagemiljø. Barna kan no gå rundt begge bygga, og det er utfordrande å til ei kvar tid kunne ha oversikt med alle. Dette gjeld spesielt i lunsjavvikling, i møtetida og på slutten av dagen når det er færre vaksne på jobb.

Leikeplasskontrollen sin tilstandsrapport skildrar manglar i høve til vedlikehald på fleire av leikeapparata, og barnehagen har meldt inn avvik på dette.

Det skal byggjast Coop Prix på nabotomta til barnehagen, og oppstart av arbeidet er nært føreståande. Det ligg i Knarvikplanen at barnehagen etter kvart må flyttast frå tomta den ligg på.

---

## Juvikstølen barnehage

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 173 > 3 år. Tal barn i barnehagen blir justert i høve til alderssammansetjinga i barnegruppa.

**Leike- og opphaldsareal inne:** 694 m<sup>2</sup>

**Leike- og opphaldsareal ute:** 4560 m<sup>2</sup>

**Pedagogtettleik:** 13 plassar per pedagog

**Personaltettleik:** 6 plassar per tilsett

**Tal barn:** 101 barn

**Tal plassar i bruk:** 143 plassar

**Tal tilsette:** 25,6 årsverk (grunnbemanning og leiing)

### Godkjenningar

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 23.04.12

Etter "Lov om barnehagar": 12.11.15

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Utvendig maling av bygg, innvendig maling i delar av bygget samt byte ca. halvparten av golvbelegg.
2. Kostnad: Omlag 0,8 millinar kroner

## Vurdering av anlegget

Juvikstølen barnehage ligg sentralt plassert på Juvikstølen i Knarvik. Barnehagen er omkransa av flotte turområde, Brekkeløypa og idrettsbane. Barnehagen legg spesielt vekt på å styrkje den emosjonelle og sosiale kompetansen til barnet, og jobbar for å fremje positivt samspel mellom barna og mellom barn og vaksne (DUÅ).

Opningstida til barnehagen er kl. 07.00 til 17.00 heile året. Barnehagen har sju avdelingar. I dag har vi 144 plassar fordelt på fire småbarnsavdelingar og tre storbarnsavdelingar. Fordeling av stor- og småbarnsavdelingar blir endra ut frå behov. Juvikstølen barnehage har eit godkjent leike- og opphaldsareal på 694 m<sup>2</sup> og kan ved behov ta imot fleire barn.

Då Juvikstølen barnehage vart bygd i 2008 var den bygd for 6 avdelingar. Avdelingane har ulikt areal og barnehagen hadde då eit stor fellesrom til boltreleik og avlastning for dei to næraste avdelingane som er mindre i areal. Alle avdelingane var i første etasje. I andre etasje var det arbeidsrom for personale, møterom, personalrom, toalett, lager, kopirom og eit spesialpedagogisk rom. Etter nokre år vart det bestemt at Juvikstølen skulle bli utvida til sju avdelingar. Den sjuande avdelinga er fordelt på to etasjar, brukar «fellesrom» i første etasje og arbeidsrom i andre etasje, som blei gjort om til avdelingsrom. I tillegg vart barnehagen bygd på med garderobe og gangbru.

I samband med etablering av den sjuande avdelinga fekk Juvikstølen sett opp ei grillhytte eit stykke frå barnehagen. Denne avdelinga var i starten ei «uteavdeling», men då det var vanskeleg å få nok søkjarar (barn) til denne avdelinga, har uteavdelinga blitt omgjort til ei «vanleg» avdeling. Grillhytta blir no brukt til glede for alle dei store avdelingane på turdagar. Denne grillhytta treng vedlikehald.

Når det gjeld arbeidsrom for personale og uttak av lovpålagt plantid har barnehagen per no tre kontorarbeidsplassar i gangen i andre etasje. I tillegg nyttar barnehagen spesialpedagogisk rom som møterom dersom det er ledig. Det er behov for ei ny løysing i høve til kontorarbeidsplassar for dei tilsette.

Uteområdet er delvis opparbeidd leikeområde og delvis urørt naturområde. For å vareta sikkerheita ute er det behov for å dele av uteområdet for dei eldste og yngste barna med gjerde og port under gangbrua. Det er også behov for å «fornye» skogen med ein gapahuk eller liknande.

Det er ei utfordring å få plass til alle barna som skal sove ute, noko som gjer at nokre barn må sove inne. Det er behov for eit større vognskur med plass til alle som skal sove ute.



---

## Lindås barnehage

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 126 > 3 år. Tal barn i barnehagen blir justert i høve til alderssamansetjing i barnegruppa.

**Leike- og opphaldsareal inne:** 504 m<sup>2</sup>

**Leike- og opphaldsareal ute:** 3750 m<sup>2</sup>

**Pedagogtettleik:** 12 plassar per pedagog

**Personaltettleik:** 5,8 plassar per tilsett

**Tal barn:** 50 barn

**Tal plassar i bruk:** 75,6 plassar

**Tal tilsette:** 14 årsverk (grunnbemanning og leiing)

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 01.07.21

Etter "Lov om barnehagar": 02.07.16

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Maling av veggjar innomhus grunna venta slitasje
2. Kostnad: Omlag 0,2 millionar kroner

## Vurdering av anlegget

Lindås barnehage ligg sentralt på Lindås.

Barnehagen har eit aktivt og mangfaldig nærområde med mange samarbeidspartnarar og bidragsytarar som Lindås senter, barneskulen og idrettshall med bibliotek. Det er kort veg til sjøen og mange fine naturområde som barna kan nytte seg av.

Lindås barnehage flytta inn i heilt nye lokale hausten 2021 og endra då namn frå Kolås barnehage til Lindås barnehage. I dag har barnehagen 50 barn fordelt på fem avdelingar. Avdelingane Stjernehimlen, Nordlyset og Solstrålen har barn mellom 1-3 år, avdeling Iskrystallen har barn mellom 3-4 år og Regndråpen har barn mellom 4-6 år. Storleiken på avdelingane varierer ut frå søkjarmassen. Dei minste barna søv på egne kvilerom. Kvart barn har si seng. Det er alltid ein vaksen tilstades i rommet medan barna søv.

Barnehagen har mange grupperom, noko som er positivt for å kunne dele barna inn i grupper. Barnehagen har fellesareal midt i barnehagen: «torget». Det er eit stort fellesrom med rom som forgreinar seg ut derifrå. I dei romma finner vi kjøken, gymsal, ulike aktivitetsrom som forskarrom, atelier og konstruksjonsrom. Barnehagen har smartborardtavler på to av avdelingane og på forskarrommet.

Uteområdet er heilt nytt og variert med asfalt, fallunderlag og litt plen med frukttre, bærbuskar og eigen grønnsakshage. Vi har ein gapahuk der vi kan fyre opp bål. Avdelingar for små og store barn har sitt uteområde som er avdelt med portar.



---

## Mariehøna barnehage

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 45 > 3 år. Tal barn i barnehagen blir justert i høve til alderssamansetjing i barnegruppa.

**Leike- og opphaldsareal inne:** 181 m<sup>2</sup>

**Leike- og opphaldsareal ute:** 1670 m<sup>2</sup>

**Pedagogtettleik:** 10 barn per pedagog

**Personaltettleik:** 5,8 barn per tilsett

**Tal barn:** 29

**Tal plassar i bruk:** 40,6

**Tal tilsette:** 8 årsverk (grunnbemanning og leiing)

### Godkjenningar

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 20.02.19

Etter " Lov om barnehagar": 01.01.10

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Byte kledning, utvendig maling av bygg, skifte takteking, utbetring av drenering, oppussing av vaskerom, toalettrom og tørkerom. Byte avdelingskjøken, byte ytterdørrar og nokre vindauge samt nokre dørrar innomhus. Innvendig maling av veggar
2. Elektro: Byte delar av belysning
3. Kostnad: Omlag 1,9 millionar kroner

## Vurdering av anlegget

Marihøna Barnehage ligg sentralt ved Frekhaug senter. Barnehagen har eit aktivt og mangfaldig nærområde med mange samarbeidspartnarar og bidragsytarar som BUA, Meland sjukeheim og biblioteket. Det er kort veg til sjøen og mange fine naturområder som barna kan nytte seg av.

Barnehagen var ny i 1987 og vart bygd på med tilbygg i 1998. I dag er barnehagen godkjend for 45 plassar fordelt på to avdelingar. Avdeling Rød har fortrinnsvis barn mellom 3 – 5 år og Gul avdeling barn mellom 1 – 2 år. Storleiken på avdelingane varierer ut frå søkjarmassen. Dei minste barna søv ute i eit soveskur i eigne vogner. Det er alltid ein vaksen tilstades i skuret medan barna søv.

Barnehagen er bygd med mange grupperom, noko som er positivt for å kunne dele barna inn i grupper. Barnehagen har eit kjøken på midten av bygget som vert brukt som eit fellesrom der vi og har ei smartboardtavle. Delar av bygget har vore oppgradert, medan nokre delar ber preg av mange års bruk.

Uteområda er variert med asfalt, fallunderlag og litt plen med frukttre og bærbusker. Vi har og ei grillhytte som vi kan fyre bål i. Kvar avdeling har sitt uteområde som er avdelt med portar. Ein del av leikeapparata er fjerna grunna roteskade og vi ventar på at dei skal erstattast.

---

## Prestmarka barnehage

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** Hovedbygg (gammel): 42 > 3 år og 27 < 3 år    Avd. Solhall: 24 > 3 år og 45 < 3 år

**Leike- og oppholdsareal inne:** Hovedbygg (gammel): 453 m<sup>2</sup>    Avd. Solhall: 491 m<sup>2</sup>

**Leike- og oppholdsareal ute:** Hovedbygg (gammel): 3710 m<sup>2</sup>    Solhall: 5500 m<sup>2</sup>

**Pedagogtettleik:** 12,5 plassar per pedagog

**Personaltettleik:** 5,8 plassar per tilsett

**Tal barn:** 117

**Tal plassar i bruk:** 162,8

**Tal tilsette:** 29,6 (grunnbemanning og leiing)

### Godkjenningar

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 30.11.21

Etter "Lov om barnehagar": 02.11.12

### Vedlikehaldsarbeid dei neste 5 – 10 åra

#### Hovedbygg (gammel)

1. Bygningsteknisk: Byte taktekking og takrenner, maling utomhus, byte vindauger i den eldste delen, byte ein del golvbelegg
2. VVS: Utbetring ventilasjon, montere avfukter i lagerrom
3. Elektro: Oppgradering varmestyring, byte ein del lampar og el-ovnar
4. Kostnad: Omlag 2,2 millionar kroner

## Solhall

1. Bygningsteknisk: Byte delar av golvbelegg, maling innomhus i delar av bygget, byte ein del vindauger
2. VVS: byte eit ventilasjonsaggregat
3. Elektro: Oppgradere EL-tavle, byte delar av belysning, montere undersentral brannvarsling
4. Kostnad: Omlag 2 millionar kroner

## Vurdering av anlegget

Prestmarka barnehage er ein av dei største, om ikkje den største barnehagen i Alver kommune. Barnehagen er fordelt på to bygg; Eit i Manger sentrum med butikkane, det andre ved legekantoret på Manger. Barnehagen har fleksibel kapasitet, men i dag er det totalt 117 barn fordelt på fem småbarnsavdelingar, tre mellomavdelingar og ei førskulegruppe, det vil seie ni avdelingar.

Barnehagen ber preg av å ha vokse seg stor slik at ikkje alle fasilitetar stettar dagens krav. Til dømes manglar det lokale for samling av den store personal- eller foreldregruppa. Uteareala er ulik for dei ulike bygga. Medan bygget i sentrum har relativt lite leikeapparat, men meir naturtomt, har bygget ved legekantoret ein meir tradisjonell leikeplass. Leiken og aktivitetsnivået har betre kår i naturtomta, slik vi vurderer det. Men ein har rik tilgang til turområder rundt barnehagen.

I bygget i sentrum, kalla hovedbygget, ettersom det er eldst, er avdelingane tradisjonelt utforma. Bygget ved legekantoret, kalla Solhall-bygget, har eit meir moderne preg, men har sine utfodringar då det er den gamle sjukeheimen som er ombygd. Det kan til dømes vere lange avstandar mellom dei ulike avdelingane og «spesial/felles-romma». I same bygget ligg og RIB, noko som fram til no ikkje har skapt noko problem.

I hovudbygget er avdelingane for mellomgruppa plassert slik at det kan vere samarbeid på tvers av avdelingane. Dette gjeld også for to av dei tre småbarnsavdelingane, noko som er naudsynt for å utnytte personalressursen. Den siste småbarnsavdelinga ligg på «kjellar-plan» og har større utfordringar for samarbeid med dei andre avdelingane.

På trass av samarbeid kan leiken aktiviteten i samarbeidssituasjonane bere preg av mange barn på eit lite område, noko personalet ikkje opplever som ei god løysing. Ein viser mellom anna til erfaringane etter «kohort-tida» med små grupper og faste vaksne som gode erfaringar.

Ved Solhall-bygget ligg avdelingane i nær avstand til kvarandre, med unntak av førskulegruppa som er plassert i ein eigen fløy. Dette gjer samarbeidet og mogelegheita til å hjelpe kvarandre vanskelegare for denne avdelinga. Avdelinga til førskulegruppa har elles eit rikt utval av rom og har mange «tema-rom», som gjer det lett å følgje rammeplanen sine krav utfrå fagområda. Den har og eit godt eigna kjøken.

Småbarnsavdelingane i Solhall og småbarn ved hovudbygget har derimot lite eigna kjøken etter forskrifter og retningsliner. Begge bygga manglar fellesareal og større samlingsrom til den dimensjonen barnehagen er. Det er få moglegheiter til bruk ut utover tradisjonell barnehagedrift, slik bygga er utforma i dag. Hovudbygget har også lite lagerplass for oppbevaring av utstyr. Ved begge bygga søv borna i vogn ute i «vognskur». Kapasiteten her er noko knapp, og ved hovudbygget er det nokså ressurskrevande då det er soving på to plassar og ein har sovevakt. To av personalet blir låst til denne oppgåva i denne sovetida. Oppbevaring av vognene er heller ikkje tilfredstillande, då det ved eine boden lett dannar seg mugg i vognene.

Mykke av dette vil vere løyst om resten av barnehagen flyttar over i Solhallbygget slik planen var ved overgangen til Alver kommune. Då var første byggetrinn ferdig, og andre byggetrinn planlagt.

---

## Sæbø barnehage

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 94 > 3 år. Tal barn i barnehagen blir justert i høve til alderssamansetjinga i barnegruppa.

**Leike- og opphaldsareal inne:** 376 m<sup>2</sup>

**Leike- og opphaldsareal ute:** Vert å kome tilbake til

**Pedagogtettleik:** 12,5 plassar per pedagog

**Personaltettleik:** 5,8 plassar per tilsett

**Tal barn:** 44

**Tal plassar i bruk:** 63,6

**Tal tilsette:** 12 (grunnbemanning og leing)

### Godkjenningar

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 03.09.09

Etter " Lov om barnehagar": 16.09.15

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Maling av utvendig kledning og murer, byte yttertak og renner, maling innomhus, byte golvbelegg, byte ytterdør, nye kjøkeninnreiingar
2. Elektro: Utbetre temperaturstyring, skifte belysning
3. Kostnad: Omlag 2,6 millionar kroner


## Vurdering av anlegget

Sæbø barnehage ligg i Austmarka like ved Sæbø skule. Barnehagen har i dag tre avdelingar, alle med 24 plassar kvar. Dette er småbarnsavdelinga Fanten, ein mellomavdelinga Raffen og Flode som er ei avdeling for dei største borna. Avdelingane Fanten og Raffen ligg ved sida av kvarandre i første etasje og avdeling Flode ligg i andre etasje saman med personalrom og kontor.

Då bygget var nytt var hensikta at det skulle vere ein basebarnehage i første etasje medan skulen hadde klasserom i andre etasje, der det og var eit bibliotek. Mykje er endra sidan den tid og romma er tilpassa drifta etter beste evne, men vi ser at det ikkje er alt som er like funksjonelt i høve drifta i dag. Kanskje spesielt i høve mogelegheit for stellerom som barnehagen i dag berre har på ei av avdelingane. Det er behov for stellerom på alle avdelingane.

Barnehagen har eit stort uteområde, men det er lenge sidan det har vore noko fornying og vi saknar nye leikeapparat. Gamle øydelagde ting har ikkje vorte erstatta. I tillegg er leikeapparata som er der ganske slitt. Borna trivst likevel godt på uteområda i barnehagen og det er gode forhold for god leik og anna aktivitet.

På småbarnsavdelinga Fanten er det eige soveskur til borna der dei søv i vognene sine. Dette er trygt og godt for barna. Vi ønskjer noko liknande på mellomavdelinga Raffen då det er ein del av borna på avdelinga som framleis søv i barnehagen. Avdeling Raffen har berre eit overbygg og det vil ikkje kunne fungere som soveskur når vinteren kjem.



## 5.0 Dei kommunale grunnskulane i Alver kommune

### 5.1 Innhald og kvalitet i dei kommunale grunnskulane

I Alver kommune har vi 22 kommunale grunnskular og 3 friskular. I tillegg har kommunen ein skule for vaksenopplæring. Hausten 2022 var det registrert 3803 elevar i dei kommunale grunnskulane og 310 elevar på friskular i kommunen. Det er venta reduksjon i elevtalet både i grunnskulane og vaksenopplæringa i åra som kjem. Nedgangen vil først vise seg i barnehagane og på småtrinnet (1.-4. trinnet), og vil etter kvart få effekt på dei andre hovudtrinna.

I hovudmål fire i samfunnsplanen har Alver kommune definert ei målsetjing om at innbyggjarane har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse. For skule betyr dette at elevane opplever å høyre til ei eit sosialt fellesskap, blir sett og ivaretatt og gjennom tilpassa opplæring og meistring utviklar ei tru både på egne føresetnader og på framtida.

Tenesteområde skule vil følgje opp dei kommunale målsetjingane for barn og unge i Alver kommune som er forankra i samfunnsplan og kommunedelplan for oppvekst.

#### Kvalitetsoppfølging

Tilsvarande som for barnehage har også tenesteområde skule utvikla eit system for kvalitetsoppfølging av skulane. Systemet skal bidra til at kommunen varettek si plikt til å arbeide med kvalitetsutvikling, etter opplæringslova § 13-3e.

I Alver har vi bygd opp dette systemet med følgjande element:

- Lokale satsingar (felles utviklingsområde for skulane)
- Sentrale prinsipp i opplæringa
- Støtte og oppfølging
- Analyse av resultat læringsmiljø og læring
- Dialogmøte
- Årshjul

For perioden 2021-2025 har skulane i Alver prioritert språk og lesing, innføring av ny læreplan (LK 2020) samt rammeplan for skulefritidsordninga og organisasjonsutvikling som felles utviklingsområde.

Dei sentrale prinsippa som blir jobba med, er dei same som vart presentert for barnehage; Inkludering, medverknad samt heilskap og samanheng.

Støtte og oppfølging er sentrert rundt følgjande møteplassar og arbeidsmetodar: Rektormøte, skuleleiarmøte, lærande nettverk, fagmøte, kartleggjing og analysearbeid, dialogmøte og månadmøte mellom rektor og tenesteleiar, rapportering og fristar.

Skulen analyserer både læringsresultat og læringsmiljø som ein del av den daglege verksemda. Dette for å sikre elevane sine rettar i høve til tilpassa opplæring, meistring og utfordringar i samsvar med elevane sine føresetnader og retten til eit trygt og godt skulemiljø. Som grunnlag for analysen byggjer skulen på observasjonar, samtalar med elevar og føresette kring læring og trivsel, resultat på kartleggjingsprøvar, nasjonale prøvar, undersøkingar og det praktiske arbeidet i skulen.

Årleg blir det gjennomført dialogmøte mellom nokre skular og skuleeigar. I desse møta deltek representantar frå elevane, føresette, leiinga ved skulen, tilsette, PPT og skuleeigar. Målsetjinga med



desse møta er at vi gjennom lærande møte kan utvikle og styrkje skulen i vidare utviklingsarbeid. Ved å ha eit felles møtepunkt som dette, kan vi utvikle felles forankring for område som skulen er godt nøgd med samt definere vekstpunkt som det blir arbeidd vidare med.

I samband med tilstandsrapport for 2022 vil det bli presentert fleire detaljar kring arbeidet med kvalitetsoppfølging.

## 5.2 Nøkkeltal og lovkrav

### Bemanning og lærarnorm

Opplæringslova § 10-1 stiller krav om at «den som skal tilsetjast i undervisningsstilling i grunnskolen og den vidaregåande skolen, skal ha relevant fagleg og pedagogisk kompetanse». Departementet gir forskrifter om krav til utdanning og praksis for den som skal tilsetjast i undervisningsstillingar på ulike årstrinn og i ulike skoleslag.

Frå hausten 2018 vart det innført ei norm for lærartettleik på skulenivå. Norma har følgjande inndeling:

1.-4. trinn	15 elevar pr lærar
5.-7. trinn	20 elevar pr lærar
8.-10. trinn	20 elevar pr lærar

På Utdanningsdirektoratet sine nettsider finn vi verktøyet Lærarnormskalkulator. Her kan vi lese status for alle skulane i høve til lærarnormen. For skulane i Alver var situasjonen slik ved førre publisering:

STATUS LÆRARNORM 2021/22						
SKULE	2021/22	Lærarnorm/ snitt 1.-4 GSI Normtal:15 elevar	Lærarnorm/ snitt 5.-10. GSI Normtal:20 elevar	Berekn tilskot lærarnorm	Årsverk over/under lærarnorm 1.-4.	Årsverk over/under lærarnorm 5.-10.
Alversund		14,5	18,5	0	0,4	0,6
Kløvheim		8,2	5,6	0	0,9	1,5
Knarvik b		14,7	16,7	0	0,2	1,2
Lindås b		12	16,1	0	1,6	1,4
Ostereidet b		12,2	14,1	0	0,7	1
Eikanger		14,3	8,3	0	0,1	1,6
Leiknes		13,3	17	0	0,9	0,7
Myking		11,6	13,6	0	0,7	0,6
Seim		12,5	17	0	1	0,6
Lindås u			18,6	0	0	0,7
Knarvik u			20	0	0	0
Ostereidet u			13,2	0	0	3,4
Austebygd		8,6	13,2	0	0,9	0,4
Hordabø		12,1	16,3	0	0,8	0,6
Manger		13,4	16,4	0	0,9	0,7
Sæbø		9,8	12,2	0	1,8	1,1
RUS			19,6	0	0	0,2
Grasdalen		12,9	11	0	0,9	2,3
Sagstad		14,9	14,2	0	0,1	3,7
Vestbygd		14,7	13,2	0	0,1	2,2
Rosland 1-10		9,7	12,2	0	1,8	1,9
Meland u			17,9		0	1,5
					13,8	27,9
						<b>41,7</b>

Merk: Rosland skule hadde 19,3 elevar per lærar på 8.-10. trinn.



Tala er henta frå GSI (Grunnskolen Informasjonssystem), som kommunane rapporterer til kvart år i oktober. Alle skulane i kommunen oppfylte lærarnorma førre skuleår.

Status for innverande skuleår er ikkje tilgjengeleg i kalkulatoren, men det vart ved ressurstilidinga for skuleåret 2022/23 lagt ut 6,3 færre årsverk enn ved tildelinga året før (2021/22).

### Ressurstilidingsmodell

Alver kommune praktiserer ei tildeling til skulane som er knytt til tal klassar ved den einskilde skule. Minstetimetale per veke er berekna ut i frå kor mange timar undervisning elevane skal ha på dei ulike årstrinna. I tildelinga tar vi utgangspunkt i at 1.-4. klasse har 18,75 timar i veka, 5.-7. har 21,25 timar og 8.-10. trinn 23 timar undervisning i veka. Ein kan også rekne at barneskulen i snitt har eit undervisningstal på 19,5 timar i veka. Minstetimetale skal sikre grunnbemanninga i klasserommet, altså ein lærar til kvar undervisningstime. Tal faktiske timar til undervisning kan variere ut frå den til ei kvar tid gjeldande fag- og timebytetabell for kommunen/den einskilde skule.

Skulane får også tildelt timar til tidleg innsats og tilpassa opplæring inkludert spesialundervisning, etter definerte normtal for tildeling. Dette kjem på toppen av ressursen til grunnbemanning. Normtala blir justert i samsvar med ramme for tildelinga, og er for inneverande skuleår sett opp etter følgjande nøkkel for berekning:

	1-10 elevar i klassen	Lærartimar per veke	11-20 elevar i klassen	Lærartimar per veke	21-30 elevar i klassen	Lærartimar per veke
1.-4. trinn	1,1	21,45	1,2	23,4	1,5	29,25
5.-7. trinn	1,1	21,5	1,1	21,5	1,2	23,40
8.-10. trinn			1,3	22,7	1,5	26,2

Ved fastsetjing av normtal for undervisning, er det lagt til grunn at dei største klassane skal ha høgare tal timar i veka med to-lærar i klasserommet enn dei klassane med færre elevar. Dei yngste årstrinna er også prioritert. Sjølv om ungdomsskulen har høgare eller tilsvarende nivå på normtalet som barneskulen, så utløyser ikkje dette tilsvarende tal timar i veka til undervisning. Dette fordi leseplikta til lærarane på ungdomsskulen er lågare enn på barneskulen. I barneskulen har lærarane ei årsramme for undervisning på 741 timar, medan denne ramma varierer mellom 606 og 711 årstimar i ungdomsskulen.

I tillegg blir det gjort ei variabel tildeling ut i frå desse faktorane: Språkdeling (bokmål), omfattande behov for spesialundervisning, særskild språkopplæring (språklege minoritetar/elevar med anna morsmål enn norsk) og skjønsmessige vurderingar etter lokale behov/faktorar.

Dei tildelte ressursane skal dekkje timar både til undervisning (lærarar) og pedagogisk personale (assistent, fagarbeidar og miljøarbeidarar) som er knytt til undervisninga.

Ved tildeling for skuleåret 2022/23 vart det tildelt 407 årsverk pedagog til skulane (tildelinga er i pedagogtimar, men skulane kan veksle om til assistent/fagarbeidar/miljøarbeidar etter lokal prioritering. Skulane får ei eiga tildeling til SFO. Denne tek omsyn til elevar i SFO med særskilde behov og elevar i 5.-7. som skal ha eit tilbod i SFO (skulane får ekstra tildeling til dette). Det blir også tildelt ressursar til tilsynsordning før og etter skuletid i ungdomsskulen, dersom skulen har elevar med behov for dette.

### Om organisering i grupper og storleik på gruppene

Elevane skal delast inn i klassar eller basisgrupper som skal vareta elevane sitt behov for sosialt tilhør. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør. Klassane, basisgruppene og gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg. Dette er regulert i opplæringslova § 8-2.

Kva som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvaleg gruppestorleik må vurderast årleg i samband med ressurstildeling og timeplanleggjing ved den einskilde skule. Dersom det oppstår nye behov i løpet av skuleåret, kan det vere trong for å justere timeplan og bemanning knytt til ei gruppe. Rektorane har jamleg dialog med tenesteleiar omkring drifta av skulen.

### Inne- og uteareala

Storleik på inne- og uteareal for skule er ikkje fastsett i lova, Helsedirektoratet har utgitt ein rettleiar med nokre tilrådingar. Publikasjonen heiter Miljø og helse i skolen – Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler.

I rettleiaren frå Helsedirektoratet er det sett eit krav om minimum 2 m<sup>2</sup> per elev i klasseromma, og at areal til lærar skal kome i tillegg. I høve til uteareala seier rettleiaren at utforminga må fremje leik og motorisk utvikling, stimulere til eigenaktivitet, men også organiserte aktivitetar. Alle elevar må kunne bruke utearealet. Det ligg føre ei generell tilråding om minimum 50 m<sup>2</sup> per elev justert etter storleik og kor skulen er plassert.

#### For nye skular er tilrådinga:

Færre enn 100 elevar	Samla minimumsareal på om lag 5000 m <sup>2</sup>
Mellom 100 og 300 elevar	Samla minimumsareal på om lag 10.000 m <sup>2</sup>
Fleire enn 300 elevar	Samla minimumsareal på om lag 15.000 m <sup>2</sup> med tillegg på 25 m <sup>2</sup> for kvar elev over 300

Kommunane kan fastsetje lokale retningsliner for areal per elev i klasserom og i høve til skulen sitt uteareal, til dømes i ein skulebruksplan. Status knytt til inne- og uteareal for skulane er ikkje innarbeidd i denne planen.

### 5.3 Presentasjon av skulane

I det følgjande blir dei 22 kommunale grunnskulane samt vaksenopplæringa i Alver kommune presentert. Presentasjonen byggjer på innspel frå rektor ved den einskilde skule.

---

## Alversund skule

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 450 elevar

**Tal elevar:** 332 (GSI okt-22)

**Tal elevar i SFO:** 128

**Tal tilsette :** 50

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 12.10.21

### Lærarnorm

Skulen oppfyller lærarnorma, har fleire klassar grunna bokmål og nynorsk

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Maling av veggjar innomhus grunna venta slitasje
2. Kostnad: Omlag 0,2 millionar kroner

## Vurdering av anlegget

Alversund skule har eit heilt nytt skuleanlegg. Rektor fortel at dei har flytta heile verksemda over i nytt skulebygg to månader etter oppstart av skuleåret, og har klart å innrette seg innafor nye rammer. Dette var ein stor og arbeidskrevjande prosess.

Uteområdet til skulen er også nytt og flott, til stor glede for alle.

## Innhald og kvalitet i skulen

*Satsingsområde: Lese- og skriveopplæring, Analysekompetanse og Intensiv opplæring*

### Læringsmiljø

Lærarane og leiinga er tydelege på at læringsmiljøet må betrast. Det går for mykje tid på elevsaker og uro. Skulen har starta opp med Trivselsleiarprogrammet, Smart skule, som er refleksjon rundt sosiale historier og utvikling av gode eigenskapar, og vi nyttar stasjonsarbeid som metode for å betre både læring og elevmiljø. Tilsette skal kursast av Bønes skule om rettleia læring.

### Elev og foreldreundersøkinga

**Foreldreundersøkinga** vart sist gjennomført våren 2022, med ein svarprosent på 39,6. Mange gode tilbakemeldingar.

Vekstpunkt for skulen i høve til resultat foreldreundersøkinga:

- rask støtte til barnet ved svak utvikling
- tilgjengeleg informasjon på heimeside
- rettleiing til barnet i å skrive gode tekstar
- handsaming av krenkingar og mobbing

Vekstpunkt for skulen i høve til resultat på **elevundersøkinga**:

- korleis elevane likar skulearbeidet
- arbeidsro i timane
- tilbakemeldingar og høve til eigenvurdering av arbeidet
- medverknad

---

## Austebygd skule

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 90 – 100 elevar

**Tal elevar:** 36 (GSI okt-22)

**Tal elevar i SFO:** 12

**Tal tilsette:** 9

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 23.08.08

### Lærarnorm

Skulen er godt innafor lærarnorma.

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Male utvendige murer og trekledning, skifte vindauge mot nord-vest
2. VVS: Utbetre avløpsledning i grunn og inne i bygg
3. Elektro: Oppgradere EL-tavler, byte omnar og delar av belysning
4. Kostnad: Omlag 3,3 millionar kroner

## Vurdering av anlegget

Rektor fortell at uteområdet er variert med store grøntområde med akebakke, stor grusa skuleplass og leikeområde for barnehageborna og dei yngste elevane. Hausten 2019 vart det kjøpt inn mange nye leikeapparat for både små og store slik at uteområde no er svært godt.

Skulebygningen er frå 1969 med ulike oppgraderingar. Gymsal, skulekjøken og barnehagebygg vart bygd i 1997. Det er store arbeidsrom til lærarane og ansvarleg for SFO.

Inneklimaet er stort sett ok, men ei av «viftene» slår seg av med jamne mellomrom. Driftsoperatør er kjend med problemet.

## Innhald og kvalitet i skulen

**Satsingsområde:** *Leselyst, klasseleiing- førebygging av uro og utfordrande åtferd. Motivasjon.*

## Læringsmiljø

Skulen jobbar etter kommunen sin «Standard for arbeidet med læringsmiljøet i barnehage og skule». Har lokalt tilpassa «Handlingsplan for trygt og godt skulemiljø», der ein av rutinane til skulen er «God klasseleiing i den gode timen».

Jobbar også vidare med auka grad av praktisk og variert undervisning.

## Elev og foreldreundersøkinga

Skulen har svært gode resultat både på foreldreundersøkinga og elevundersøkinga. Elevane trivst og det er gode relasjonar mellom elevar og vaksne på skulen. Elevundersøkinga viser at me kan verta betre på felles reglar/reaksjon på krenkingar og uønska åtferd. Dette har me teke med i utviklingsplanen vår.

---

## Eikanger skule

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 100 elevar

**Tal elevar:** 63 (GSI okt-22)

**Tal elevar i SFO:** 21

**Tal tilsette:** 19

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 02.10.19

### Lærarnorm

Skulen er innafor når det gjeld lærarnorma.

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Utbetring av utvendig trapp, byte råteskada kledning samt maling av bygg, byte takteking, maling innomhus, byte golvbelegg i store delar av bygget
1. Elektro: Byte store delar av belysning samt delar av elektriske omnar
2. Kostnad: Omlag 2,7 millionar kroner

## Vurdering av anlegget

Det er gjort fleire utbetringar ved Eikanger skule dei siste åra. Skulen har også eit fint og stort uteområde, med nyopprusta leikeplass på framsida av skulen i 2020. Og det er gjennomført trafikksikringstiltak for å sikre tryggare tilkomst til skulen for mjuke trafikantar. Hovudbygget treng framleis oppgradering og vedlikehald i åra som kjem.

Når det gjeld bygningsmassen har skulen ein paviljong med to etasjar. Første etasje vart sett opp i 2012, og skulle etter planen vere ei mellombels løysing i fem år. I 2019 kom andre etasje på paviljongen. Alle elevane har «basane» sin i paviljongen, medan hovudbygget på skulen har spesialrom (kunst og handverk, bibliotek, skulekjøken og gymsal). Personalrom og arbeidsrom for lærarane, helsesjukepleiar, assistentar, rektor og merkantil er også i hovudbygget. Skulen har ein svært liten gymsal og ikkje tilfredsstillande garderobeløysing.

Rektor fortel at paviljongen har store og gode klasserom, det einaste er at det til tider er litt dårleg luft, samt at det er litt lytt mellom nokre klasserom. Kommunen eig ikkje paviljongen. Det gjer at det tek litt ekstra tid dersom det er noko feil eller problem med det bygget.

## Innhald og kvalitet i skulen

**Satsingsområde:** Lese- og skriveplan og matematikk – matematiske kunnskapsområde. Og LK20. Skulen jobbar no med å ferdigstille leseplan i norsk og matematikk.

### Læringsmiljø

Eikanger skule er ein liten skule, som gjer det lettare å sjå den einskilde. Målsetjinga er at kvar elev skal oppleve at skulen har eit inkluderande læringsmiljø.

Nokre kjenneteikn på læringsmiljøet ved skulen:

- «vi»-skule. Jobbar mot same mål og visjon.
- God kommunikasjon mellom heim og skule
- Har dei siste går vore mykje fråvær hos dei tilsette, men no er det meir stabilt.
- Elevar og tilsette har blitt flinkare til å rydde/halde orden på skulen, både inn og ute.

### Elev og foreldreundersøkinga

Skulen haddde låg svarprosent på siste foreldreundersøkinga, med berre 19 svar. Det må jobbast med å auke denne svarprosenten.

Skulen hadde positiv utvikling frå 2020 til 2021 i høve til i kor stor grad elevane trivst på skulen, og det er få som har meldt om krenkingar/mobbing. Skulen har utvikla seg i retning av å vere ein vi-skule med felles praksis hjå dei tilsette.

Vekstpunkt for vidare arbeid er knytt til motivasjon, klassemiljø og elevmedverknad.



---

## Grasdal skule

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 188 elevar

**Tal elevar:** 140 (GSI okt-22)

**Tal elevar i SFO:** 44

**Tal tilsette:** 27

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 16.11.18

### Lærarnorm

Grasdal skule oppfyller lærernorma, og har ein lærartettleik på 12,10 i ordinær undervisning. Skulen har delingstimar i elevgrupper etter målform.

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Byte ein del utvendig kledning, maling utomhus, byte sportsgolv i gymnastikksal, maling innomhus, byte golvbelegg, skifte ut himling i to klasserom. Byte dårlege fasadeplater og skadd metallkledning
2. Elektro: Byte delar av belysning
3. Kostnad: Omlag 2,5 millionar kroner

## Vurdering av anlegget

Rektor fortel at skulen er sentrum i bygda, og leikeplass, hengeplass, festplass er mykje brukt. Det er viktig å tenke på at heilskapen bidreg til godt skulemiljø og fellesskap i bygda. Det er behov for oppgradering av skuleområdet, tryggje skulevegen og leggje til rette for gode område til uteskule og friluftsliv.

Skulen saknar ei godt eigna fotballbane, den små grusbana dei har er altfor ofte er full av søledammar og ujamn overflate. Det er også søkt om prosjektmidlar til ein ballbinge og ein betre tilrettelagt sykkelparkeringsplass.

Det er ei aktiv utegruppe i FAU som engasjerer seg for å søkje om midlar og samarbeide med ansvarleg for skuleplassane i Alver kommune. Dei har ein plan i fire trinn, og startar i haust med: Oppmåling på asfalten av liten fotballbane til dei minste, sjakkruiter, farga former, tre på rad, paradis.

Når det gjeld bygningsmassen fortel rektor at den første delen var ferdig i 1986, så fekk skulen eit påbygg i 1996, før det vart gjennomført ombygging og påbygg til eksisterande bygg i november 2017. Skulen har ein stor og fin gymsal på 327 m<sup>2</sup>. Inneklimaet er godt. Ventilasjonsanlegget var sist oppgradert i 2017. Skulen har gode arbeidsplassar og møterom/kontor.

## Innhald og kvalitet i skulen

**Satsingsområde:** Lesing og medverknad

### Læringsmiljø:

Skulen har i haust 140 elevar på 1.-7.trinn. Vi tok i mot 14 førsteklasingar, og har eit stort mangfald i elevgruppa. Elevtalet har gått ned dei to siste åra.

Vi har fokus på dialog med elevane på alle trinn, om medverknad, lærelyst, læringsmål, arbeidsmåtar og arbeidsro. Vi vil sikre at vi vidarefører godt arbeid med anerkjennande kommunikasjon. Vi har hatt Positiv medverknad med Elevkonferanse i november og elevdeltaking i elevråd og dialogmøte, samt SMU/SU-møte. Vi legg vinn på aktiv, skapande, utforskande skuledagar, og var glad for at vi i vår 2022 kunne gå i gong med *skaperskole*, Hopp for hjertet, realfagsveke, uteskule og fjellturar.

Skulen har i 2022 hatt tettare samarbeid med SU og FAU og godt engasjement for trafikksikringstiltak, med Sykkelkids for 4.-6. trinn i mai/juni og skuleområdet, gå-aksjon med Hjertesone på skulevegen i mai og tiltak for utbetring av det fysiske skulemiljøet.

I gjennomgongen av elevundersøkinga, etterlyser elevane meir varierte arbeidsmåtar, noko å glede seg over og annleis skuledagar, samarbeid og variasjon i opplæringa. Låg skår i elevundersøkinga på faglege utfordringar, kan vere at skuledagen er «for kjedeleg». Det kan vi også sjå i lys av ein lang og krevande koronaperiode.

Vi treng meir medverknad frå elevane til læringsmiljøet:

- korleis få til positiv språkbruk mellom elevar
- kva elevane meiner og forstår om arbeidsro
- kvifor vi arbeider på ulike måtar, korleis vi kan lære betre
- korleis fysisk aktivitet, uteskule og kreative, skapande aktivitetar kan bli ein større del av opplæringa både på 1.-4. trinn og 5.-7.trinn.

Vi har behov for å auke oppleving av trivsel og motivasjon, og at det kan vise igjen i resultat i elevundersøkinga og kartlegging av trygt og godt miljø på skulen.

### Elev og foreldreundersøkinga:

Skulen har reultat over nasjonalt nivå på mobbing, elevdemokrati og medverknad samt vurdering for læring. Det er ingen elevar på 7. trinn som melder om at dei blir mobba av andre elevar. I høve til trivsel, læringskultur, støtte frå lærarane og motivasjon har skulen resultat på nasjonalt nivå.

Vekstpunkta for skulen er felles reglar, meistring, fagleg utfordring/innsats og støtte frå heimen.

Ser ein på resultatata for 5.-7. trinn samla, har skulen færre elevar enn førre år som blir mobba, men det er for mange som opplever plaging /erting. Elevar og foreldre fortel om stygg ordbruk og ein måte å kommunisere på som kan opplevast krenkande og trakasserande. Det skjer for det meste ute i skuletida, på fritida og på nett.

Det vart gjennomført **foreldreundersøking i april 2022** der resultatet viser at foreldra er godt nøgde med støtte frå lærarane, dialog og medverknad, læring og utvikling samt skulen som eit trygt miljø. Vekstpunkt for vidare utvikling er i følgje svar frå foreldra SFO, kjennskap og forventning samt informasjon og medverknad.

### Skulefritidsordninga

På Grasdal SFO er det per 1. oktober 2022, 44 barn påmeldt. Tilsette har delteke i COS-kurs det siste året, og har arbeida med ny rammeplan for kvalitet i SFO.

Vi har turdager kvar onsdag, og tar for oss ulike tema kvar veke. Vi har måltid saman, og varmmat kvar mandag. Vi vektlegg fysisk aktivitet og brukar nærområdet og gymsalen ofte. Vi har leikegrupper inne, og formings-grupper kvar veke, der barna får vere kreative med å male, sy, hekle, bruke sløydsalen og diverse arbeid. Vi har tilbod på SFO i skuleferiane. Tilvenning på SFO før skolestart har vore i godt samarbeid med skulen, foreldre og barnehage.



---

## Hordabø skule

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 108 – 140 elevar

**Tal elevar:** 104 (GSI okt-22)

**Tal elevar i SFO:** 25

**Tal tilsette:** 18

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 26.03.08

### Lærarnorm

Skulen oppfyller læranorma.

### Vedlikehaldsarbeid dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Byte av ein god del kledning og tresøyler, byte av ein del vindauge og ytterdører, byte av ein del golvbelegg samt maling av veggjar innomhus. Solskjerming.
2. Elektro: Utbetring av lysmaster, byte av taklampar i gongar og toalettrom
3. Kostnad: Omlag 2,5 millionar kroner

## Vurdering av anlegget

Rektor fortel at uteområdet byrjar å ta form, sjølv om det framleis manglar ein del. Ny trampoline og nye husker i år. Flott bibliotek. Kjekt med bokbussen som kjem på besøk. Stor flott gymsal.

Om uteområde fortel rektor at dei har fotballbane, sandkasse, balanseline, klatrestativ, trampoline, husker, basket. Det er behov for noko vedlikehald av leikeplassutstyr, mellom anna er turnstativ med fallunderlag frå 2001 i dårleg forfatning.

Trafikktryggleiken kring skulen kan bli betre. Fleire veglys og fleire fartsreducerande tiltak for bilistane bør kome på plass, med omsyn til dei mjuke trafikantane som ferdast til og frå skulen. Ventar framleis på at heile skulen sitt område skal bli gjerda inn.

Skulen stod ny i 2001. Alle rom på eit plan. SFO nyttar 1. klasse sitt rom (før/etter undervisning), men SFO aller helst skulle hatt eige rom. Skulen er bygd med for få "reine" klasserom, slik at 5. klasse må nytte tekstilen og 6. klasse må nytte skulekjøkenet som undervisningsrom/klasserom. Dette er ikkje ideelt.

Utvendig er store delar av kledning roten, medan andre delar treng maling. Skulen manglar solskjerming i alle klasserom.

## Innhald og kvalitet i skulen

**Satsingsområde:** Lesing, læringsmiljø, org.utvikling og klasseleiing

Læringsmiljø:

Skulen har eit godt læringsmiljø. Det er gode resultat på fleire undersøkingar (foreldreundersøkinga, elevundersøkinga og ståstadsanalysa (tilsette)).

Elev og foreldreundersøkinga:

Gode resultat, særleg kring det som omhandlar trivsel og mobbing. Slik har det vore omtrent kvart år, dei siste 5-6 åra.

---

## Kløvheim skule

---



Foto: avisa Strilen

### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 84 elevar

**Tal elevar:** 25 (GSI okt-22)

**Tal elevar i SFO:** 4

**Tal tilsette:** 10

SFO har ikkje open i feriar. Elevane frå Kløvheim har tilbod om SFO på Leiknes skule i feriar.

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 16.05.08

### Lærarnorm

Skulen er godt innafor lærarnorma.

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Skifte takstein på tilbygg, Skifte ein del trekledning, maling utvendig trekledning og vindauge, skifte vindauge i gymsal og i trappeoppgang mot sør-vest, utbetring murfasade mot sør-vest, sliping og lakking av golv i gymsal, skifte golvbelegg i delar av bygget  
Skifte ein del dørar innomhus
2. VVS: Utbetre ventilasjon vaskerom
3. Kostnad: Omlag 1,6 millionar kroner



## Vurdering av anlegget

Rektor fortel at Kløvheim skule har eit fint uteområde, med mykje fin natur som er lett tilgjengelig og eit . Vi har ei flott elevgruppe, men få elevar å samspele med.

Bygget er hovudsakleg mur, med to tilbygg i tre. Hovudbygget er frå 1965 og tilbygga frå 1997.

Skulen har ikkje ventilasjonssystem. Det gjer at luften i klasseromma fort blir tett og vi må lufte hyppig. Det er ei utfordringa å få til jamn temperaturstyring av bygget.

Nettet er til tider svært ustabil i bygget, og det kan vere dagar der ein har problem med å kome på nett eller kunne ringje inn/ut ved bruk av mobil.

Skulen har ordinære klasserom, få grupperom og lite spesialisert areal. Areal for kroppsøving blir vurdert å vere godt.

## Innhald og kvalitet i skulen

**Satsingsområde:** Lesing, LK20, Elevmiljø og trivsel

### Læringsmiljø

Miljøet blant elevane er godt. Fordelane med å ha få elevar gjer at det oftast er lett å vere i forkant. Vi får tatt konflikter som oppstår på eit tidleg tidspunkt, så dei ikkje får utvikle seg. Vi har gjort mykje kjekt på tvers av trinna, dette er nok med å byggje opp under det gode elevmiljøet også. Vi har eit aktivt og engasjert elevråd.

Det er eit godt kollegialt miljø her på Kløvheim.

### Elev og foreldreundersøkinga

Det var låg deltaking på foreldreundersøkinga, denne gir difor ikkje eit fullstendig bilete av foreldra sin ståstad. Elevundersøkinga viser at elevane i stor grad trivst på skulen og opplever at dei har ein trygg og god skulekvardag.

---

## Knarvik barneskule

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 450 elevar

**Tal elevar:** 255 (GSI okt-22)

**Tal elevar i SFO:** 80

**Tal tilsette:** 43

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 31.10.19

### Lærernorm

Skulen oppfyller lærernorma.

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Utsifting av øydelagte dørpumper, utskifting av fasadeplater med skader, malingsarbeid innomhus
2. Kostnad: Omlag 0,3 millionar kroner



## Vurdering av anlegget

Rektor fortel at skulen har svært gode fysiske tilhøve, både inne og ute. Flott skulebygning med det vi treng av spesialrom, grupperom, fellesrom og kantine. Uteområdet innbyr til aktivitet for alle elevane, og er mykje brukt på ettermiddagar og i helgar. Skulen ligg skjerma til i høve trafikk og annan aktivitet.

Anlegget er i bruk til fritidsaktivitetar både ute og inne.

## Innhald og kvalitet i skulen

**Satsingsområde:** Koding, styrka lese og skriveopplæring, nye fagplanar

### Læringsmiljø

Dei fleste elevane opplever å ha eit godt læringsmiljø på skulen.

Skulen har prioritert å arbeide med inkludering av alle elevane som eit hovudområde knytt til læringsmiljøet. Målsetjinga er at alle elevane skal oppleve at dei er inkludert i felleskapet, at tiltakt «Kom og lik» fungerer etter intensjonen i friminutt. Samarbeid med elevrådet og foreldreutvalet skal bidra til felles forståing og eigarskap til arbeidet. Til dømes ved at det blir arbeidd med overordna del i læreplan både i elevråd og i klassane.

### Elev og foreldreundersøkinga

Skulen hadde svært låg deltaking på sist gjennomførte foreldreundersøkinga. Denne seier difor svært lite. Det er behov for å arbeide for høgare deltaking på denne undersøkinga ved neste gjennomføring.

Dei aller fleste elevane opplever eit trygt og godt skulemiljø, men skulen arbeider for at dette skal gjelde alle elevane.

### Skulefritidsordninga

Gode tilhøve med rom for mange ulike aktivitetar. Også ute. Skulen har tilsynsordning for ungdomsskulen knytt til læringscenteret.

---

## Knarvik ungdomsskule

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 350 elevar

**Tal elevar:** 353 (GSI okt-22)

**Tal tilsette:** 48

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 19.12.18

### Lærernorm

Skulen oppfyller lærernorma.

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Pussing og maling av murfasade, maling av trekledning, utskifting av takstein samt ein del vindauge på gamledelen, delvis utskifting av innerdører, oppussing av amfi-rom, maling og utskifting av golvbelegg i klasserom i gamledelen og paviljongen, utskifting spanskvegger i toalettrom.
2. VVS: Utskifting 1 stk ventilasjonsaggregat, utskifting sanitærutstyr i toalettrom.
3. Elektro: Utskifting av nødlyssentral
4. Kostnad: Omlag 4,9 millionar kroner

## Vurdering av anlegget

Rektor fortel at uteområdet er i ferd med å doblast i areal og er difor no adekvat i høve til tal elevar. Dei eldste delane av skuleplassen treng fornying.

Skulen har eit nokså stort behov for vedlikehald.

Til neste skuleår vil skulen ikkje ha tilstrekkeleg kapasitet på spesialrom til å gi eit tilbod til alle elevane våre. Knarvik ungdomsskule vil difor låne lokale av Knarvik barneskule. På sikt er det truleg behov for å auke tal spesialrom ved Knarvik ungdomsskule.

Bygningsmassen er bygd i fleire trinn. Del 1 vart bygd i 1982, seinare er skulen påbygd og oppgradert i fleire rundar. Den siste oppgraderinga som er utført er utviding og opparbeiding av utearealet rundt skulen.

## Innhald og kvalitet i skulen

**Satsingsområde:** Vurdering (dekomp HVL), Digitale læringsverkty og eit trygt og godt skule- og arbeidsmiljø

### Læringsmiljø

Knarvik ungdomsskule (KNUSK) har over tid arbeidd for eit trygt og godt læringsmiljø, med fokus på medverknad og medskaping frå elevane. Vi har eit sosialt årshjul vi er veldig stolte av, og som sikrar at det ikkje går særleg meir enn ein månad mellom kvar aktivitet på tvers av klassane og/eller trinnet. Dette kan vere show og tilstelningar i amfiet, veker med alternativ undervisning, aktivitetsdagar, solidaritetsarbeid eller likande. Årshjulet blir evaluert årleg saman med elevråd og FAU.

I tillegg til dette er vi bevisst vår posisjon og vårt ansvar som det største fagmiljøet for ungdomsskule i Nordhordland. Vi skal ha høg kvalitet på læringsarbeidet vårt ute i klasserommet og i utviklingsarbeidet, noko vi opplever at vi har – sjølv om to år med pandemi har herja hardt med oss på same tid som vi innførte ny læreplan.

Både elevar, foreldre og tilsette gir uttrykk for å trivast godt på og med skulen.

### Elev og foreldreundersøkinga

Dei fleste elevane ved Knarvik ungdomsskule trivst svært godt eller godt på skulen. Skulen hadde ein svarprosent på 84,5 % ved sist gjennomførte elevundersøking, og fekk høgast score på heim/skule reglar på skulen og støtte frå lærarane. Vekstpunkt for skulen etter resultat på elevundersøkinga er motivasjon og vurdering for læring, arbeidsforhold og læring samt trygt miljø.

Dei fleste elevane melder at dei aldri eller ein sjeldan gong opplever mobbing. Nokre elevar rapporterer at dei opplever mobbing 2-3 gonger i månaden eller oftare. Mesteparten av mobbinga som er rapportert handlar om verbale overtramp eller ekskludering.

Foreldreundersøkinga hadde ein svarprosent på omlag halvparten av den på elevundersøkinga. Også her fekk skulen høgast score på heim/skule og støtte frå lærarane. Motivasjon og yrkesrettleiing er dei områda med lågast score i foreldreundersøkinga.

---

## Leiknes skule

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 250 – 300 elevar

**Tal elevar:** 180 (GSI okt-22)

**Tal elevar i SFO:** 41

**Tal tilsette:** 26

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 15.10.19

### Lærernorm

Skulen oppfyller lærernorma.

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Utvendig maling av murer og trekledning, byte ein del trekledning, utskifting av knuste fasadeplater, utskifting av gulvbelegg samt maling innomhus i paviljong. Utskifting av ein del gulvbelegg i gamledelen.
2. Kostnad: Omlag 1 million kroner

## Vurdering av anlegget

Rektor fortel at uteområdet på Leiknes er variert med hinderløype og sykkelbane som stod ferdig våren 2020. Område med disser og ulike ball-areal gjev rom for mykje fysisk aktivitet i friminutta. At vi har fleire naturområde rundt skuleområdet gjev oss ein verdifull arena for frileik. Ein del av grøntarealet rundt skulen er enno ikkje ferdigstilt.

Skulen har vore gjennom ein lang byggeperiode frå 2007 og fram til dei siste klasseromma stod ferdige våren 2019. Skulen har gode undervisningsareal og ein flott fleirbrukshall. Paviljongbygget frå 2009 har behov for vedlikehald då det til dømes ikkje har vorte malt sidan det stod ferdig. Jamleg har vi utfordringar med ulåste dører, spesielt knytt til fleirbrukshallen. Det er ikkje noko form for tilsynsordning knytt til hallen.

## Innhald og kvalitet i skulen

**Satsingsområde;** Lesing, klasseleiing og utvikling av organisering og innhald i intensiv opplæring

### Læringsmiljø

Arbeidet med klasseleiing står sentralt i arbeidet med læringsmiljø, og «De utrolige årene» er ein viktig bærebjelke i dette arbeidet. Vedlikehald og kurs for nytilsette er naudsynt for å lukkast i arbeidet med å vedlikehalde ein felles plattform i høve dei vaksne si rolle i arbeidet kring elevane si sosiale og emosjonelle utvikling.

Skulen har arbeidd med å få fram eleven si stemme. Dette heng nøye saman med følgje-med-plikta i høve til trygt og godt skulemiljø. Viktig arbeid er korleis vi betre kan bruke elevsamtalen og jamlege sosiogram-undersøkingar i klassane. Også fokus på elevane si faglege meistring når vi undersøker deira oppleving.

Viktig arbeid for skulen er fokuset på fellesskapsundervisninga og vidareutvikling av prinsippet om å sjå fagleg og sosial utvikling i samanheng.

### Elev og foreldreundersøkinga

Elevundersøkinga: spesielt fokus på dette med at alle melder tilbake at dei har nokon å vere saman med. Viktig og noko vi må halde fram å ha fokus på.

Foreldreundersøkinga: Beste deltaking nokon sinne. Godt samarbeid med FAU og mange påminningar viktig for å få mange nok svar. Noko variasjon mellom gruppene og dette er i stor grad knytt til stabilitet i teamet rundt klassen (merk koronafråvær vår/vinter -22). Resultat på nasjonalt snitt for dei fleste og nokre grupper over. Etterarbeid i rådsorgan viktig.

### Skulefritidsordninga

Har arbeida svært godt med ny rammeplan. Mykje fokus på vaksenrolla og DUÅ-arbeid.

Stor overgang med gratis kjernetid 1.klassingane. Eit auka tal 1.klassingar er krevjande med tanke på tett nok oppfølging. Kan hende bør ein vurdere å auke vaksentettleiken på SFO kring skulestartarane.

---

## Lindås barneskule

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 360 elever

**Tal elever:** 219 (GSI okt-22)

**Tal elever i SFO:** 60

**Tal tilsette :** 35

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 15.10.19

### Lærernorm

Skulen oppfyller lærernorma.

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Raparasjon og maling av murfasade, utbetring takrenner og nedløp, utskifting takteking av papp, maling av trekledning, slipe og lakkere golv i gymsal samt utbetring av innvendige overflater, innvendig maling av vegger.
2. VVS: Utskifting ventilasjonsaggregat i gymbygg.
3. Elektro: Utskifting hovedtavle elektro samt belysning i gymbygg.
4. Kostnad: Omlag 2,8 millionar kroner

## Vurdering av anlegget

Lindås barneskule ligg fint plassert med fin utsikt både til sjø og mot Lindås sentrum. Rektor fortel at uteområdet er stort og allsidig, og det innbyr til lek og aktivitet.

Kommunestyret vedtok i 2011 å byggje ny undervisningspaviljong og eit tilbygg til administrasjon og garderobar. Etter byggjeprosessen har Lindås barneskule fått gode lokale for undervisning, samarbeid og fellesarrangement.

Elevane ved Lindås barneskule har kroppsøving i Lindåshallen, og har med dette svært gode lokale til denne opplæringa. Fotballbana som er plassert like nedanfor skulen er populær, og kan også nyttast til kroppsøving og andre aktivitetar.

Gymbygget som vart brukt til kroppsøving har i ein periode vore disponert av barnehagen, men no er det eit fleksibelt areal som kan nyttast til ulike aktivitetar og undervisning.

Trafikksituasjonen ved start og slutt på skuledagen kan vere noko uoversiktleg, særleg dersom det er bilar på veg opp til skulen samstundes som elevane kjem gåande. Det kan til tider vere utfordrande at uteområdet til delar av småtrinet vender direkte mot parkeringsplass.

## Innhald og kvalitet i skulen

**Satsningsområde:** Lese- og skriveopplæring, LK20 og Teamsamarbeid

### Læringsmiljø

Dei fleste elevane trivst godt på skulen, men det er behov for å ha eit stort fokus på førebyggjane arbeid i høve til elevane sine rettar til eit trygt og godt skulemiljø, særleg knytt til delpliktene å følgje med, undersøkje og setje inn tiltak.

Vi erfarer at einskildsaker kan verke inn på elevane si oppleving av skulemiljøet. Dette vert det jobba intenst med å løyse.

### Elev og foreldreundersøkinga

Resultat på Elevundersøkinga som vart gjennomført i 2021 syner best score i høve til støtte frå lærarane, støtte frå foreldre, fagleg utfordring og felles reglar.

Skulen sine vekstpunkt i høve til resultat på elevundersøkinga er motivasjon, meistring, elevdemokrati og medverknad samt trivsel.

Foreldreundersøkinga vart ikkje gjennomført i fjor.



---

## Lindås ungdomsskule

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 160 elevar

**Tal elevar:** 154 (GSI okt-22)

**Tal tilsette:** 20

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 10.10.08

### Lærarnorm

Skulen oppfyller norm for lærartettleik på 8.-10. trinn (20 elever pr lærar).

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Utskifting av takteking hovedbygning og paviljong, utvendig maling paviljong, oppussing av naturfagsdelen av paviljong, utskifting av gulvbelegg i deler av hovudbygg og paviljong, utbedring utvendig trapp, gjerde og mur, Innvendig maling av vegger, slipe og lakkere gulv i gymsal
2. VVS: Utskifting av ventilasjonsaggregat
3. Elektro: Utskifting heis, utskifting hovedfordeling og underfordelinger, utskifting belysning
4. Kostnad: Omlag 14,5 millionar kroner



## Vurdering av anlegget

Skulen ligg idyllisk til på Lindås med ei fin utsikt og har eit flott grøntområde kring skulen. Gartnarane gjer ein god jobb med å halde uteområdet ved like.

Lokale for mat og helse er nyleg rehabilitert og resultatet vart veldig bra. Skulen har med dette fått tilfredsstillande og godt eigna lokale for opplæring i faget mat og helse.

Rektor fortel at skulen treng sårt ei oppgradering av fleire rom, og at skulen ber preg av dette. Det er mellom anna behov for å få betre luftkvalitet i klasseromma, oppussing av toalett for tilsette, solskjerming på personalrom og skifte golvbelegg i fleire rom og gongar. Det vil også bli behov for ombygging av delar av bygget for å betre kapasiteten på tal klasserom. Skulen har i dag små klasserom.

Det er også behov for å utbetre tilbodet til elevane i friminutt og utetid.

Bygget er frå 1950-talet, og har vore i bruk til ungdomsskule frå 1963.

## Innhald og kvalitet i skulen

**Satsingsområde:** Lesing i alle fag og undervegs vurdering utan karakter

### Læringsmiljø

Dei fleste elevane ved Lindås ungdomsskule opplever å ha eit trygt og positivt læringsmiljø, og at dei har nokon å vere saman med i friminutt og skuletid. Nokre elevar har opplevd krenkingar og/eller mobbing det siste skuleåret. Skulen arbeider for å sikre alle elevane eit trygt og godt læringsmiljø.

### Elev og foreldreundersøkinga

Undersøkingane viser god trivsel hjå dei fleste elevane, men det er til dels store variasjonar mellom klassane og mellom årstrinna.

Skulen må bli betre på: krenkingar og mobbing, elevmedverknad, varierte arbeidsformer og motivasjon.

Foreldreundersøkinga vart sist gjennomført for skuleåret 2021/22. Resultatet viser at foreldra er godt nøgd med at dei raskt kan kome i kontakt med skulen og at dialogen mellom heim og skule er god. Vekstpunkt for skulen i høve til denne undersøkinga er fagleg tilrettelegging.

---

## Manger skule

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 200

**Tal elevar:** 187 (GSI okt-22)

**Tal elevar i SFO:** 57

**Tal tilsette :** 31

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 16.10.18

### Lærarnorm

Skulen oppfyller lærarnorma.

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

#### 1. Gamleskulen/ SFO:

- Bygningsteknisk: Utvendig maling, pussing av grunnmur, byte vindauge i kjellar, byte dører innvendig og utvendig, byte golvbelegg, utskifting deler av himling, oppussing loft, maling innomhus, utbedring av gjerde.
- VVS: Utskifting ventilasjonsaggregat

2. Hovudbygning:
  - a. Bygningsteknisk: Byte takstein, utbetring av setningskkader i tilbygg, utbetring fuktinntrenging i veggjar, maling utomhus
  - b. Elektro: Byte belysning i kjeller
3. Vestfløyen:
  - a. Bygningsteknisk: Maling innomhis og utomhus, oppussing i garderober, byte golvbelegg
4. Kostnad: Omlag 3,5 millionar kroner

### Vurdering av anlegget

Rektor fortel at skulegården er asfaltert og det er fleire leikeapparater som klatretårn, klatrestativ, basketkurver og ulike spel som er montert på skuleplassen. Det er behov for større uteareal og fleire tilbod til elevane i utetida. Det er også ønskje om ei større ballbane.

Skulen vart oppgradert i 2014 og det vart då mellom anna bygd på eit nytt inngangsparti. Dette sig, og det er ein pågående prosess om korleis dette skal løysast.

Det er for få klasserom på skulen, og det er plassert paviljongar for 6. og 7. trinn på skuletomta. Det er behov for ei permanent løysing i høve til kapasiteten til skulen.

### Innhald og kvalitet i skulen

**Satsingsområde:** Nulltoleranse for mobbing og krenkande atferd, Fagfornyinga med fokus på dei tverrfaglege tema, Skulemiljø og fokus på lesing.

### Læringsmiljø

Vi har eit godt læringsmiljø med stabile vaksne. Elevane har høg trivsel og likar seg på skulen, basert på elevundersøking og «korleis har du det?» skjema.

### Elev og foreldreundersøkinga

Elevundersøkinga hadde jamt over godt resultat, spesielt på trivsel og trivsel med vaksne, også hjelp frå lærar var elevane veldig nøgde med.

Foreldreundersøkinga kunne ikkje brukast fordi svarprosenten var for låg. Skulen må arbeide for å få auka deltaking neste gong.

---

## Meland ungdomsskule

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 234 elever

**Tal elever:** 187 (GSI okt-22)

**Tal elever på UFO:** 4

**Tal tilsette:** 30

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 25.11.19

### Lærarnorm

Skulen oppfyller lærarnorma.

### Vedlikeholdsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Sløyd/ handverk, musikk:

- Bygningsteknisk: Byte vindauge mot sør, byte golvbelegg, maling innomhus og utomhus, byte himlingar
- VVS: Byteventilasjonsaggregat
- Elektro: Renovering EL-tavler(underfordelinger), utskifting belysning

2. Hovudbygg inkl tilbygg:
  - a. Bygningsteknisk: Utskifting taktekking og takrenner, Utskifting golvbelegg 1. og 2.etg. Rehabilitering av loft, maling utomhus. Tilpassingar grunna setning i bygget
  - b. VVS: Ventilasjonsanlegg loft
  - c. Elektro: Nytt el anlegg loft
3. Buebygg/undervisningsbygg:
  - a. Bygningsteknisk: Byte ytterdørar, maling innomhus og utomhus, byte golvbelegg
4. Mellombygget:
  - a. Bygningsteknisk: Utskifting taktekking og takrenner, maling innomhus og utomhus, byte golvbelegg
  - b. Elektro: Utskifting belysning
5. Paviljong:
  - a. Bygningsteknisk: Maling innomhus og utomhus
6. Kostnad: Omlag 10,2 millionar kroner

### Vurdering av anlegget

Den eldste delen av anlegget er frå 1920-åra. Denne delen inneheld administrasjonsdel og skulekjøken. Tilbygg til administrasjonsbygget vart ført opp omlag 1980, og avdeling for kunst&handverk, musikk og naturfag om lag i 1970. I same periode vart nokre rom modernisert. Buebygg vart ført opp i år 2000.

Elevar og tilsette ser fram til å få ny ungdomsskule på Frekhaug. Bygget har store manglar i høve til å stette krava til ein ungdomsskule, men både elevar og tilsette gjer det beste ut av situasjonen.

Rektor fortel at skulen saknar ein gymsal, eit større og meir variert uteområde samt det å kunne samle alle elevane og dei tilsette i eit felles lokale. Skulen manglar også eit møterom for (alle) tilsette. Lufteanlegget i tilbygget støyar ein del.

### Innhald og kvalitet i skulen

**Satsingsområde:** Dysleksivenleg skule og utvikle den ordinære undervisninga

#### Læringsmiljø

Skulen har eit godt læringsmiljø. Dei fleste elevane trivst godt på skulen og opplever seg inkludert i fellesskapet både fagleg og sosialt. Det er behov for å arbeide vidare med læringsmiljøet ved skulen for å sikre alle elevane eit trygt og godt skulemiljø.

Vekstpunkt for skulen i høve til elevundersøkinga er vurdering for læring, motivasjon og elevdemokrati og medverknad.

---

## Myking skule

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 84 elevar

**Tal elevar:** 67 (GSI okt-22)

**Tal elevar i SFO:** 10

**Tal tilsette:** 11

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 04.05.99

### Lærarnorm

Skulen oppfyller lærarnorma.

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Gamleskulen:

- Bygningsteknisk: Utvendig maling av trekledning og murer, skifte ytterdør og ein del vindaug, maling innomhus og golvbelegg i begge etg. Ny taktekking
- Elektro: Utsifting av ein del takvarmeelement

2. Hovedbygg:

- a. Bygningsteknisk: Utvendig maling av kledning, utskifting vinduer i underetg, utskifting golvbelegg
- b. VVS: Utsifting av dårlege kobberrøyr, skifte ventilasjonsaggregat

- c. Elektro: Utsifting av ein del takvarmeelement, oppgradering hovudtavle, oppgradere med fleire straumkursar
- 3. Kostnad: Omlag 2,9 millionar kroner

### Vurdering av anlegget

Anlegget består av to bygg. Gamleskulen er frå ca. 1930 og det andre bygget er frå 1981. 1.-2. klasse og SFO er i det eldste bygget og 3.-7. klasse i den nye bygget. Skulen er i god stand til å vere så gamal. Det kan vere litt kaldt inne om vinteren og det er noko støy frå ventilasjon på skap på gamleskulen. Etter tilsyn i regi av Miljøretta helsevern 7.9.22 vart det avdekka muggsopp i eit rom der utstyret til gymsal står.

Uteområde er stort med nær tilkomst både til sjø og skog/fjell. Skulen fekk nytt klatrestativ i 2019 og ny basketballbane i 2020. Fotballbana er asfaltert.

Rektor fortel at skulen har gjennomført mange kjekke aktivitetane og temaveker. Skulen har ei stabil, ansvarsfull og velfungerande personalgruppe. Alle drar mot same mål, det beste for elevane. Elevane viser høg trivsel og skulen har eit godt samarbeid med heimane. Vi leverte eit knippe flotte og fagleg dyktige elevar vidare til ungdomsskulen.

### Innhald og kvalitet i skulen

#### Satsingsområde: Vurdering for læring

#### Læringsmiljø

Vi har eit godt læringsmiljø med stabile vaksne. Miljøet er lite og dei vaksne har låg terskel for å undersøkje og gripe inn.

Dei fleste elevane har svært god eller god trivsel på skulen, har medelevar å vere saman med i friminutta og har eit positivt syn på skulekvardagen.

#### Elev og foreldreundersøkinga

Elevundersøkinga hadde jamt over godt resultat, spesielt på trivsel og trivsel med vaksne. Elevane melder om at dei er godt nøgd med hjelp og støtte frå lærarane og med dei vaksne si rolle i høve til å sikre eit trygt og godt miljø.

Foreldreundersøkinga kunne ikkje brukast fordi svarprosenten var for låg, men då FAU skulle førebu noko å sei om skulen i dialogmøte i 2020 var dei svært positive til skulen sitt læringsmiljø.

---

## Ostereidet barneskule

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 175

**Tal elevar:** 100 (GSI okt-22)

**Tal elevar i SFO:** 28

**Tal tilsette:** 15

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 25.04.08

### Lærernorm

Skulen oppfyller lærernorma.

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Byte øydelagt trekledning samt flikkmaling. Byte knuste glas i ytterdørrar, skifte himlingsplatar i gangareal, maling veggjar innomhus, reparasjon golvbelegg. Skifte ein trekledning på SFO samt maling utomhus heile bygget. Byte 2-3 ytterdørrar samt eldre vindauge på SFO, oppussing vaskerom samt byte ein del golvbelegg i SFO
2. Elektro: Byte innvendig belysning i SFO
3. Kostnad: Omlag 0,9 millionar kroner



## Vurdering av anlegget

Ostereidet barneskule ligg fint plassert like over idrettsanlegget på Ostereidet, som skulen disponerer saman med ungdomsskulen. Elevane på Ostereidet har gongavstand til basseng og kroppsøvingsareal.

Skulen har gode læringsareal og personalareal, og det er romslege fellesareal i skulen.

Bygningsmassen har stort sett bra standard, men det byrjar å bli noko slitasje i gongar der det er stor elevtrafikk. Viktig at ting blir utbetra raskt.

Rektor fortel at uteområde er stort sett ok, men at det trengst litt oppgradering av leikeapparat. Inne er det normal slitasje etter om lag 20 år. SFO –bygget treng ytterlegare lydisolering/demping.

## Innhald og kvalitet i skulen

**Satsingsområde :** Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBS). Challenging Learning, Lesing og refleksjon og Implementering av fagfornyinga.

### Læringsmiljø

Skulen opplever å ha eit godt læringsmiljø for elevane. Dei tilsette ser elevane, og er raskt ute med å fylgje opp elevar som treng det. Vi har fokus på å vareta alle elevane i skulen, ut frå sine føresetnader og behov.

### Elev og foreldreundersøkinga

**Elevundersøkinga hausten 2021:** Snittet ligg rundt 4,0 på dei fleste områda. Elevane melder høgast på forventningar heime, nokon å vera med og støtte frå lærarane. Lågast poengsum er det på eigen motivasjon og arbeidsro i timane.

**Foreldreundersøkinga våren 2022:** Det var ein del utfordringar med gjennomføringa, som førte til at svarprosenten vart på om lag 30 %. Høg poengsum på trivsel og motivasjon. Lågast poengsum på handtering av mobbesaker og innkalling til foreldremøte. Undersøkinga viser og at vi må arbeide med gode læringsplattformar/heimeside for skulen.

---

## Ostereidet ungdomsskule

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 150 elevar

**Tal elevar:** 87 (GSI okt-22)

**Tal tilsette:** 17

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 12.09.08

### Lærarnorm

Skulen oppfyller lærarnorma.

### Vedlikehaldsarbeid dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Byte takstein over inngangsparti, oppussing vaktmesterkontor, gong og scene. Utbetre/forsterke veggjar gutetoalett grunna hærverk. Skifte 1-lags vindauge mot nord samt vindauge i musikkrom. Skifte ein del skada kledning, maling av trekledning og del av murfasadar. Byte ein del golvbelegg. Maling av ein del veggjar innomhus samt byte av ein del dørar innomhus og hovudinngongsdør
2. VVS: Montere ventilasjonsanlegg i musikkrom
3. Elektro: Skjerming/oppgradering av EL-tavler. Oppgradere straumkursar til pc-lading . Skifte EL-omnar i bibliotek. Fleire utelampar ved inngangsparti
4. Kostnad: Omlag 2,5 millionar kroner

## Vurdering av anlegget

Skulen består opphavelig av ein skulebygning frå 1964/65 med eit påbygg frå 1997, samt eit frittliggjande idrettsbygg med symjebasseng og gymnastikksal. Hovudinngongen for elevane ligg mot ein asfaltert skuleplass mot nord. Klasseromma er små. Sløydsalen er svært utdatert. Inngong for tilsette og dei som vitjar skulen er i første etasje i påbygget, som ligg nærast parkeringsplassen.

Skulen framstår med eit stort vedlikehaldsbehov. Det er mellom anna trong for nye inngongsdører. Når det gjeld inn klima så manglar det ventilasjon i musikkrommet. Rommet er samlingsarena for alle samlingar for elevane, foreldremøte, framsyningar og liknande.

Det elektriske anlegget er underdimensjonert for undervisning etter dei krav som vert stilte i skulen i dag. Elevane skal bruke og lade pc-ar, og utstyret på sløydsalen trekkjer òg ofte meir straum enn anlegget toler. Det er eit stadig problem at sikringane ryk.

Rektor fortel at skulen sitt uteområde består i hovudsak av ein asfaltert plass utanfor hovudinngangen, fotballbane med kunstgras og friidrettsbane. I enden av kunstgrasbana, mot parkeringsplassen, er det ei sandvolleyballbane.

## Innhald og kvalitet i skulen

**Satsingsområde:** Klassemiljø/Skulemiljø

### Læringsmiljø

Ostereidet ungdomsskule har mange elevar som har fokus på læring. Dei siste åra har det vore nokre utfordringar i elevmiljøet. Skulen jobbar kontinuerleg med haldningar og handlingar for å avhjelpa utfordringane, men me er ikkje heilt i mål enno. Dei vaksne på skulen jobbar kontinuerleg med bygging av relasjonar og oppmuntring av elevane.

### Elev og foreldreundersøkinga

**Indeksane i elevundersøkinga i 2021 viser dette: (Her svarte berre 10. steget)**

Trivselen, støtte frå heimen og frå lærarane er omtrent på snitt. Skulen ligg litt lågt på vurdering for læring, meistring, motivasjon, innsats, læringskultur og variert opplæring på nasjonalt snitt.

Undersøkinga ligg rundt snittet på mobbing. Det vil sei at elevane på 10. steget melder om lite mobbing.

Skulen ligg over snittet på elevdemokrati og medverknad og på faglege utfordringar.

**Foreldreundersøkinga skal gjennomførast no til hausten, men foreldra hadde ute ei eiga undersøking i samband med dialogmøtet. (Med 50 svar innlevert)**

Resultata her viser at 62 % av foreldra meiner at elevane deira har det bra på skulen, medan 28 % prosent svarar at deira barn har det bra av og til.

---

## Radøy ungdomsskule

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 235 elevar

**Tal elevar:** 190 (GSI okt-22)

**Tal tilsette:** 28

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 15.04.08

### Lærarnorm

Skulen oppfyller lærarnorma.

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Byte takstein på store delar av bygget, utbetring korrosjonsskadar, maling utomhus, utskifting av portar og einskilde ytterdørrar, skifte golvbelegg i personalavdeling, klasserom, bibliotek og gonger i nord-fløy, byte av himling i gongar samt i sør-fløy, oppussing i kjellar
2. Elektro: Byte belysning i klasserom, personalrom, bibliotek og skulekjøken
3. Kostnad: Omlag 6,7 millionar kroner

## Vurdering av anlegget

Rektor fortel at uteområdet består av eit asfaltert område og nokre små plenområde samt bed med beplantning. Tilgang til bruk av stor fotballbane og leikeapparat i tilknytning til denne. Utfordring med trafiksikkerheit då delar av skuleplassen og er parkeringsplass for Radøyhallen. Dette medfører ein del biltrafikk som kan skape farlege situasjonar.

Sløydsalen er nedslitt og lite funksjonell. Veggjar er øydelagde og maskiner er gamle. Sløydsalen er frå 1982, og her trengs ei totalrenovering.

Uteområde og bed med beplantning er utfordrande å halde ved like og er i dag overgrodd. Dette tek dagslys frå klasseromma. To garasjerom treng renovering slik at dei kan brukast til undervisning i til dømes arbeidslivsfag og friluftsliv.

Skulen har for få grupperom, og det er ønskeleg å dele eksisterande grupperom i to då desse er store nok til det. Dette medfører omlegging av ventilasjon og elektrisitet.

## Innhald og kvalitet i skulen

**Satsingsområde :** Lesing, relasjonarbeid og samarbeid heim-skule

### Læringsmiljø

Elevundersøkinga 2021 viser at Radøy ungdomsskule ligg på same nivå som gjennomsnittet i Alver kommune. Samtundes ser vi av Elevundersøkinga visar at læringsmiljøet varierer frå klasse til klasse. Her ønsker skulen å setje inn tiltak. Skulen er difor i ei undersøkingsfase når det gjeld å innføre Drømmeskolen som er eit systematisk program, for å fremje godt klasse- og læringsmiljø.

Elevundersøkinga 2021 viste utfordringar med mobbing blant jentene i ein 10. kl, noko som trekk talet når det gjeld mobbing opp.

### Elev og foreldreundersøkinga

Resultat frå elevundersøkinga i 2021 viser at yrkesrettleiing, felles reglar, motvasjon og støtte heimifrå var område som fungerer godt.

Vekstpunkt for skulen er læringskultur, elevdemokrati, faglege utfordringar, trivsel og meistring.

Foreldreundersøkinga som vart gjennomført våren 2022 hadde diverre berre ein svarprosent på 39 % trass i to purringar via undersøkinga sitt system for dette. Resultata viser difor berre eit mindretal av dei føresette si meining og det er må takast omsyn til når ein skal tolke resultata.

---

## Rosland skule

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 350 elevar

**Tal elevar:** 229 (GSI okt-22)

**Tal elevar på SFO:** 43

**Tal tilsette :** 43

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 26.03.15

### Lærarnorm

Skulen oppfyller lærarnorma.

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Undervisningsdel barnetrinn/ kontordel:

- Bygningsteknisk: Maling av alle fasadar utomhus, maling av alle rom innomhus, byte av golvbelegg. Byggje om/oppgradere tilfluksrom til musikkrom
- VVS: Byte eit ventilasjonsaggregat
- Elektro: Renovering av dei fleste EL-fordelingar inkludert hovudfordeling

2. Undervisningsdel ungdomstrinn:

- Bygningsteknisk: Maling av alle fasader utomhus, maling av alle rom innomhus, byte golvbelegg
- VVS: Utbetre avløp vaskerom
- Elektro: Renovering av dei fleste EL-fordelingar

3. Basseng og gymbygg:
  - Bygningsteknisk: Maling av alle fasadar utomhus. Nye flisar rundt bassengkant. Oppussing av alle overflatar i teknisk rom (som betener basseng), maling innomhus
  - VVS: Byte gammalt kloranlegg, oppgradere filteranlegg (for liten kapasitet), installering av UV-anlegg, byte bassengpumpar.
  - Elektro: Skifte ut styring til bassengteknisk utstyr
4. Paviljong:
  - Bygningsteknisk i eldre del/ barakkedelen: maling innomhus, skifte golvbelegg og himlingar.
5. Uteareal:
  - Nytt gjerde rundt heile fotballbana
6. Kostnad: Omlag 7,3 millionar kroner

### Vurdering av anlegget

Skulen vart bygd i 1963 og utbygd i 1997, 2002 og 2005. Anlegget består av tre bygg og gymsal/basseng. Fleire delar av bygningsmassen har gjennomgått oppgradering dei siste 15 åra. Det er sett inn balansert ventilasjon i dei eldre delane av bygningsmassen. Det er også gjennomført utbetringar grunna utfordringar med inneklimate, då i høve fukt og sopp. Elevar og tilsette opplever framleis utfordringar knytt til inneklimate og temperaturstyring.

Skulen har eit stort behov for vedlikehald og rehabilitering, både inne og ute.

Rektor fortel at uteområdet består av asfaltert skulegård og ein grusplass. Det er to bordtennisbord, og to basketballkorgar på den asfalterte delen, i tillegg eit huskestativ med to små husker og ei «ufohuske». Uteplassen har også eit område med leikehytter, klatrestativ og ei sklie, samt areal med sandkasse. Det er ei volleyballbane på grusplassen, i tillegg til to fotballmål.

Skulen har ønskje om at det skal setjast opp ein ny ballvegg, då denne vart øydelagt av vinden 2021/2022. I tillegg ønskjer skulen fleire leikeapperat som er retta mot den yngre aldersgruppa, til dømes dumpehusker og vippehusker.

Både grusbane og asfalt treng vedlikehald, og det er fleire groper som utgjer ein risiko for elevar med nedsett motorikk og mobilitet. Gjerde rundt skulen og fotballbanen treng ettersyn, det er fleire område der elevar kan kome seg ut og gjennom gjerdet, i retning mot veg eller elv.

### Innhald og kvalitet i skulen

**Satsingsområde :** Læringsmiljø, elevmedverknad, fagfornyinga, lesing og trygt og godt skulemiljø

#### Læringsmiljø

Skulen arbeider med innføring av LK20 med fokus på vurdering, tilpassa opplæring og elevmedverknad. Skulen opplever å ha eit godt læringsmiljø.

Tilbakemeldingane frå elevar og foreldre, samt den subjektive opplevinga hjå dei tilsette vert grunnlag for diskusjonar og refleksjon rundt kva som er skulen sine utfordringar, kor ein ønskjer å gå samt korleis skal vi kome oss dit. Skulen arbeider med analysekompetansen slik at vi kan bruke tilbakemeldingar til å justere og endre kursen.



### Elev og foreldreundersøkinga

Elevundersøkinga viser svært stor skilnad på læringsmiljøet mellom i klassane. Til dømes kjem einssilde klassar dårleg ut når det gjeld arbeidsro. Vekstpunkt for skulen er involvering av elevane, meir praktisk og variert læring, motivasjon og medverknad.

Elles er tilbakemeldingane i høve trivsel, mobbing og skule-heim samarbeid gode.

### Skulefritidsordninga

Veldig gode tilbakemeldingar på foreldreundersøkinga. Langt over snittet i Alver og nasjonalt. God kvalitet på tenesta som vert levert.





---

## Sagstad skule

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 550 elevar

**Tal elevar:** 483 (GSI okt-22)

**Tal elevar på SFO:** 216

**Tal tilsette:** 77

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 26.06.19

### Lærernorm

Skulen oppfyller lærernorma.

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Eldre del av skulebygg:

- Bygningsteknisk: Maling av fasadar utomhus, byte takstein og takrenner, maling innomhus, byte himlingar og byte golvbelegg i rom i u-etg og 1. etg. Utbetring av lydisolering mellom klasserom, byte av kjøkeninnreiingar i heimkunnskapsrom
- VVS: Forlenge ventilasjonskanalar i klasserom i u-etg og 1.etg. Montere kjøling av rom der kjøleskap står
- Elektro: Utskifting av belysning i u-etg og 1.etg. Renovering av EL-underfordelingar

2. SFO-delen:

- a. Bygningsteknisk: Utskifting av trekledning, byte vindauge og ytterdørar, utskifting av takstein og takrenner, maling av fasader, maling innomhus, utskifting av himlingar og golvbelegg, utskifting av te-kjøken
- b. VVS: Utskifting av ventilasjonsaggregat

3. Nybygg inkl rehabilitert del:
  - a. Bygningsteknisk: Maling av overflater innomhus grunna forventta slitasje
4. Fysak:
  - a. Bygningsteknisk: Maling innomhus og utomhus, byte veggflisar innomhus, renovering av lagerrom i kjellar
  - b. VVS: Utbetring av røyr i kjellar samt drenering
  - c. Elektro: Nytt el opplegg i lagerrom kjellar inkl belysning
5. Kostnad: Omlag 10 millionar kroner

### Vurdering av anlegget

Sagstad skule er påbygd i fleire omganger. Skulen har ikkje gymsal/idrettshall og er avhengig av å leige rom i Meland Aktiv og basseng på Nordhordland folkehøgskule. Det er krevjande å få tilstrekkeleg med tid i desse lokala til å stette behovet i høve til kroppsøving.

Delar av skulen er slitt og har stort behov for oppussing. Det gjeld spesielt den delen av skulen som ligg mot småplassen. Skulen har utfordringar med fleire av romma i den gamle delen av skulen. Lufta vert opplevd som tung, og i mange av romma er det svært varmt. Det vil vere behov for å sjå meir på ventilasjon i desse romma, i tillegg til ei generell oppussing. I nokre av romma pågår det kartleggjingar og utprøvingar i høve til innklimeproblematikk.

Rektor fortel at skulen har eit stort og fint uteområde, der det er rom for mange og varierte aktivitetar.

### Innhald og kvalitet i skulen

**Satsingsområde:** LK20 og læringsmiljø, organisasjonsutvikling samt språk og lesing

#### Læringsmiljø

Resultata frå elevundersøkinga viser at dei fleste elevane trivst på skulen. Kontaktlærarane har jobba godt med å identifisere og setje inn tiltak i dei klassane vi har elevar som ikkje opplever at skulemiljøet er trygt og godt.

Lærarane på skulen har ein låg terskel for å varsle rektor om at dei har mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Det vert undersøkt mange saker, men talet på aktivitetsplanar har gått ned sidan skuleåret 2018-2019. Det viser for oss at det systematiske arbeidet har effekt.

#### Elev og foreldreundersøkinga

Skulen har resultat på elevundersøkinga som stort sett litt på eller over landsgjennomsnittet på alle indeksar utanom «Fagleg utfordring» og «Meistring». Vi ser at tala på elevundersøkinga ligg ganske stabilt over tid. Skulen bruker og andre tal i kunnskapsgrunnlaget sitt en dei som blir presentert på Udir.no. Resultata frå 5. og 6. trinn vert og tatt med i analysearbeidet vårt.

På foreldreundersøkinga har skulen ein svarprosent på 34 %. Det er betre enn vi har hatt tidlegare år. Resultata der ligg stort sett rundt snittet for Alver kommune, på dei fleste indeksane bortsett frå når det gjeld SFO. Der får skulen eit resultat som ligg langt under både landsgjennomsnitt og Alver kommune og som sender eit tydeleg signal om at dette er noko skulen må jobbe med.

### Skulefritidsordninga

Vi har per i dag litt over 200 elevar som nyttar SFO tilbodet på skulen. Skulen har ikkje eigne lokale til SFO, og må ha ei utstrakt sambruk med klasserom/SFO. Dette gjer at vi har ein del utfordringar knytt til organisering og gjennomføring av aktivitetar. Dette kjem og tydeleg fram i foreldreundersøkinga. Matsservering er og ei stor utfordring for oss, då vi nyttar skulekjøkenet til dette. Der er det avgrensa med plass, og på grunn av mangel på SFO-lokale er det litt avstandar å frakte mat om elevane skal spise i ulike klasserom.



---

## Seim skule

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 140

**Tal elevar:** 147 (GSI okt-22)

**Tal elevar i SFO:** 40

**Tal tilsette:** 27

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 27.09.13

### Lærernorm

Skulen oppfyller lærernorma.

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Skifte skadde inner- og ytterdørrar, utberre mindre skader i golvbelegg, maling av einskilde innerveggar
2. Kostnad: Omlag 0,3 millionar kroner



## Vurdering av anlegget

Seim skule var ny til skulestart 2013/2014. Til tross for at bygningen er forholdsvis ny, har det vore store utfordringar knytt til feil og manglar som har medført behov for ekstra vedlikehald. Skulen har hatt fleire lekkasjar, muggsopp, problem med styring av elektriske ytterdørrar, vekst av skitt/grønske på fasadeplater og dårleg kvalitet på inventar og overflater.

Rektor fortel at innklimaet for det meste er bra, men at det kan bli varmt i klasseromma på dagar med mykje sol. Ei sak med muggsopp i eit klasserom er ikkje avslutta.

Skulen har eit fint uteareal med stor ballbane og tilrettelagt for ulike aktivitetar rundt bygget.

## Innhald og kvalitet i skulen

**Satsingsområde :** Implementering av fagfornyinga, leselos og leseutvikling.

Utvikle elevmiljøet og læringsmiljøet ved å bruke pedagogisk analyse.

Challenging learning og læringsgropa.

### Læringsmiljø

Skulen har jobba mykje med læringsmiljøet vårt på systemnivå. Her kan nemnast satsing på stasjonsundervisning på småtrinnet, fleksibel utnytting av vaksenressurs og vurdering for læring. Vi har eit godt samarbeid med vår PPT-kontakt i høve til rettleiing. Vi ser ei generell betring i læringsmiljøet, men har også utfordringar som spesielt er knytt til spesielt eitt trinn.

Førre skuleår gjennomførte vi Pedagogisk analyse i høve til elev- og læringsmiljø på skulen. Kvart trinn måtte gjennom desse punkta:

- Finn to til tre utfordringar på systemnivå
- Finn oppretthaldande faktorar for utfordringane
- Lag tiltaksplan. Konkrete gjennomførbare tiltak
- Gjennomføringsperiode ca. to månader
- Evaluering. Evalueringa viste tydeleg betring i 6 av 7 klassar
- Forankringa til dette utviklingsarbeidet var tilbakemeding frå elevane gjennom elevunderøkinga og frå lærarar/pedagogiske medarbeidarar gjennom Ståstadsundersøkinga. Vi brukte god tid på førehand på opplæring i metoden.

### Elev og foreldreundersøkinga

Resultat frå elevundersøkinga viser positive tilbakemeldingar frå elevane på trivsel, trygt skulemiljø, oppfølging frå lærar og oppfølging frå heim.

Vekstpunkt for skulen er elevmedverknad og felles handsaming av reglar.

Resultat frå foreldreundersøkinga gir nokre av dei same svara, med positive tilbakemeldingar på trivsel, motivasjon og skule-heim samarbeidet.

Vekstpunkt for skulen som kjem fram i foreldreundersøkinga er lese- og skrivemodellering frå skulen samt arbeid med skulemiljø.

---

## Sæbø skule

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 200

**Tal elevar:** 94 (GSI okt-22)

**Tal elevar i SFO:** 32

**Tal tilsette:** 22

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 05.01.11

### Lærarnorm

Skulen oppfyller lærarnorma.

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Bygningsteknisk: Byte skadde fasadeplater, kledning og listverk, maling innomhus og utomhus, utbetring av skader i takbelegg, utbetring nedløp frå tak, utskifting av ein del golvbelegg, utbetringar etter setningsskader
2. VVS: Reparasjon/utskifting av varmpumpe, utbetring styring av ventilasjon
3. Elektro: Utbetring brannalarm i gymsal
4. Kostnad: Omlag 2,9 millionar kroner

## Vurdering av anlegget

Skulebygget var nytt i 2009, og var bygd som ein baseskule. Det er sju klasserom i bygget med tilhøyrande grupperom. Det har kome opp fleire veggjar i ettertid som gjer at bygget no er meir lukka enn når det var nytt. Vi har framleis fleire opne klasserom.

Bygget har gymsal med tilhøyrande garderobeanlegg, amfi med plass til alle elevane, kantine der alle har måltid i lag kvar dag, kunst og handverksavdeling inkludert sløydrom. I tillegg har skulen bibliotek, arbeidsrom, møterom og personalrom. Det er godt tilrettelagt med omsyn til universell utforming.

Rektor fortel at uteområdet har for det meste asfaltert skulegard med leikeapparat, store areal med skog/terreng, og har tilgang til kunstgrasbane og ballbinge. Det er mange turområde både i skog, fjell og sjø i nærleiken til skulen.

## Innhald og kvalitet i skulen

Satsingsområde : Inkluderande barnehage- og skulemiljø. Språk, lesing og skriving.

### Læringsmiljø

Ved Sæbø skule har vi for tida eit godt lærings- og skulemiljø. Det er ei god atmosfære på bygget, og det er få konflikter i friminutta. Vi har sjølvstilt nokre grupper vi jobbar litt ekstra med rundt skulemiljø, men ikkje noko meir enn det som er å rekna som normalt. Det vert jobba godt førebyggjande på alle trinn, og vi har gode rutinar for å følgje med.

### Elev og foreldreundersøkinga

Vi har stort sett stabile resultat på elevundersøkinga. Det området vi treng å verte betre på er særleg motivasjon for læring. Dette har vi jobba med sidan januar-22, så vi håpar dette arbeidet vi gi resultat.

Vi har mellom anna hatt elevane med i råd om korleis læringa kan verte meir motiverande. Dei har kome med innspel om meir digitalt arbeid, varierte arbeidsmetodar, ulike læringsarenaer. Alt dette er område vi har utforska i lag med elevane dei siste månadene. Vi har innført arbeid i læringspar, samt stasjonsarbeid på alle trinn. I tillegg skal vi om kort tid ha ei økt på Bønes skule om «veiledet læring» - dette vert veldig spanande!

På foreldreundersøkinga opplever vi å få gode tilbakemeldingar. Dei er særst nøgd med SFO. Der skårar vi 5/5 på det totale tilbodet ved SFO. Dette må vi seie oss nøgd med. Vi skal ha ei ny runde med foreldreundersøkinga no før jul, så då vert det spennande å sjå når vi kan samanlikne med førre skuleår.

### Skulefritidsordninga

Innhaldet i skulefritidsordninga er svært bra. Vi har ein framifrå SFO-leiar som svært mange har mykje å lære av. Føresette er nøgde med innhaldet og organiseringa. SFO har vore særleg utsett med omsyn til sjukefråvær, og vi har lite tilgang til vikarar. Vi må her vere observant på slitasje over tid, men denne situasjonen følgjer vi tett.

---

## Vaksenopplæringa

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 185

**Tal elevar:** 187 (tal elevar varierer)

**Tal tilsette:** 17

### Godkjenning

Gamle knarvik barneskule: *"Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v."*: 11.09.15

Vaksenopplæring kjem ikkje under godkjenning etter *"Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v."* Har meldeplikt.

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra:

1. Bygningsteknisk: Byte takstein, maling av murfasadar og trekledning, utskifting av eit par ytterdørrar, utskifting vindauge i gymsal, utskifting av himling i gong, sliping og lakking av golv i gymsal, utskifting av ein del golvbelegg, utbetring armeringskorrosjon trapperom, innvendig maling av rom
2. Elektro: Utskifting brannvarslingsanlegg, oppgradere hovudtavle
3. Kostnad: Omlag 2,9 millionar kroner



## Vurdering av anlegget

Vaksenopplæringa held til i gamle Knarvik barneskule. Tal elevar i undervisningsgruppene varierer mellom 5-20 elevar.

## Innhald og kvalitet i skulen

**Satsningsområde:** Kunnskapsløftet 2020, Digital kompetanse og Integreringslova 01.01.2021  
Nye læreplanar i norsk og samfunnskunnskap 01.08.2021.

### Læringsmiljø

Vi prøver å leggje til rette for eit godt læringsmiljø for elevane. Spesielt når det gjeld grunnskule for vaksne har vi fokus på samhald og trivnad, slik at dei får best mogleg utbytte av skulekvardagen.

Elevane i grunnskule for vaksne er på skulen 30 timar i veka, og i tillegg til det faglege fokuset har vi og sett av tid til nokre sosiale arrangement og turar. Turane har fagleg innhald i tillegg til å vere sosiale.

Elles har elevane i grunnskulen ei utfordring med at dei skal lære mykje fagstoff på kort tid og fagstoffet er på eit anna språk enn deira eiga morsmål. Vi ser det som viktig å skape trivnad, og med det leggje til rette for god læring.

Når det gjeld norskklassane, så er lærarane også der flinke til å lage gode læringsmiljø. I tillegg til tradisjonell undervisning, nyttar ein gruppearbeid og samarbeidslæring mellom anna for å skape eit miljø (noko som kan vere framand for mange av elevane).

Skulen markerer gjerne og ulike høgtidsdagar, og dei fleste elevane er sjølve flinke til å bidra til at miljøet i klassen blir godt. Elevane ved vaksenopplæringa kjem frå ulike delar av verda, og har ofte traume og mange utfordringar med seg. For dei fleste blir skulen ein trygg og stabil stad å vere.

### Brukarundersøkingar

Vi skal gjennomføre ei brukarundersøking via IMDI no i haust.

[Brukerundersøkelse for nyankomne innvandrere i opplæring | IMDi](#)

### Kartlegging

Vaksenopplæringa gjennomfører norskprøvar 4 gonger i året.

Vi har kontinuerleg samfunnskunnskapsprøvar og statsborgarprøve, sjå link:

<https://www.kompetansenorge.no/prover/statsborgerprove/nar-er-proven/>


### Språkverkstad

Vi har ikkje skulefritidsordning, men vi har språkverkstad på skulen. Språkverkstaden blir driven av Frivilligsentralen. Der kan elevane gå dei dagane dei ikkje har skule og øve på språket og få hjelp til lekser. Dette tilbodet er for dei som er i Introduksjonsprogrammet. Førebels har ein starta med tilbod om språkverkstad to dagar i veka.

---

## Vestbygd skule

---



### Nøkkeltal

**Kapasitet:** 270

**Tal elevar:** 147 (GSI okt-22)

**Tal elevar i SFO:** 54

**Tal tilsette :** 33

### Godkjenning

Etter "Forskrift om miljørettet helsevern barnehager og skoler m.v.": 20.01.15

### Lærarnorm

Skulen oppfyller lærarnorma.

### Vedlikehaldsbehov dei neste 5 – 10 åra

1. Bygning:

- Bygningsteknisk: Byte skada trekledning, maling av ytterveggar, mussing/ slemming av murer, innkledning av einskilde murveggar med fasadeplater, utbetring taknedløp, utskifting av mesteparten av ytterdørane, utskifting av råteskada takvindauge, byte golvbelegg i store delar av bygget, nye gulvfliser i garderobar, utbetring skadde overflatar innvendig, utskifting sportsgolv gymsal.

2. Uteareal: Byte fallunderleg ved disser og klatrestativ

3. Kostnad: Omlag 4,5 millionar kroner

## Vurdering av anlegget

Skulen er bygd i 1997. I 2012 vart det bygd eit påbygg kor hovudsakleg storskulen heldt til. Det er lytt inn til det eine møterommet kor vi har møter med andre instansar. Etter vedlikehaldsrunden var lydette dørar noko av det som skulle utbetrast.

Rektor fortel at uteområde består av ei blanding mellom asfalt, grus, og grøntområde (mest av grøntområde) med fleire leikeapparat og kunstgrasbane. Kunsgrasbana er eigd av ei velforening men blir disponert av elevane ved Vestbygd skule i skuletida.

Skulen har behov for vedlikehald. Til dømes skulle den ha vore mala. Bygget er på prioriteringslista til eigedomsforvaltninga i år (2022) og det vart gjort ein gjennomgong med kva som skulle gjerast på våren. Skulen opplever å ha varme klasserom grunna manglande solskjerming på eine sida av skulebygget.

## Innhald og kvalitet i skulen

**Satsningsområde :** LK 2020, lesing, rekning, trygt og godt skulemiljø

### Læringsmiljø

Elevane opplever at det er eit godt læringsmiljø på Vestbygd skule. Skulen har fokus på klasseleiing.

### Elev og foreldreundersøkinga

Elevundersøkinga og foreldreundersøkinga for 21/22 vart presentert i SU/SMU januar 2022.

Representant for politikarane var tilstade under denne gjennomgongen. Det vart ein god gjennomgong med mange gode tankar.

Resultat frå elevundersøkinga viser positive tilbakemeldingar frå elevane på at dei opplever at det er eit trygt miljø på skulen, felles reglar og støtte frå lærarane/heimen. Skulen sine vekstpunkt er elevmedverknad, motivasjon og læringsmiljø.

Resultat frå foreldreundersøkinga viser at skulen har mange føresette som er godt nøgde med skulen. Det kjem også fram eit ønskje om noko meir tilbakemelding på korleis føresette kan rettleie sine egne born.

## 6.0 Oppsummering

### Utvikling i tal barn og elevar

Kunnskapsgrunnlaget som er presentert, viser ei prognose i høve til venta tal barn i barnehage og tal elevar i grunnskulen i Alver kommune i åra fram mot 2032.

Prognosane viser at tal barn i barnehage er venta å flate ut til litt under dagens nivå. Medan vi i 2015 hadde oppunder 2000 innbyggjarar i aldersgruppa 1-5 år, har vi i dag berre 1600.

Tilsvarende utvikling ser vi i høve til elevar i barneskule og ungdomsskule. Frå toppåret 2020 då det var 2900 elevar i barneskulen er talet venta å falle jamt dei neste åra, ned mot 2300 elevar i barneskulen i 2032. Utviklingsbiletet ser tilsvarende ut for ungdomsskulane, men her med ei forseinking i utviklinga i høve til reduksjonen. For ungdomsskulane er toppåret venteleg i 2023, med 1328 elevar totalt, og med jamn reduksjon ned mot 1087 elevar i 2032.

Samla elevtal for barneskule og ungdomsskule er stipulert til 4075 i 2023, dette inkluderer elevar i friskulane (private skular). Skuleåret 2022/23 har kommunen 314 elevar i friskulane.

### Kapasitet barnehage og skule

I tabell Nøkkeltal for den einkilde barnehage pr. 15.12.2022, side 15 i rapporten, blir mellom anna ledig kapasitet i dei kommunale barnehagane presentert. Samla utgjør ledig kapasitet i dei kommunale barnehagane over 200 plassar. Ved tildeling av barnehageplass tel barn under 3 år 2 plassar.

Avslutningsvis i kapittel 2 blir det presentert eit oversyn over ledig kapasitet i skulane som ein konsekvens av elevtalsutviklinga samt venta utvikling i tal klassar for neste skuleår. Samla har Alver kommune ein kapasitet på over 5000 elevplassar i grunnskulen i kommunen. Ved byrjinga av skuleåret 2022/23 hadde vi 3779 elevar i kommunale grunnskular, og etter prognosane kan vi vente oss 3387 elevar totalt i kommunen i 2032.

### Vedlikehaldsbehov

I kapittel 3 er stipulerte kostnader til vedlikehald for bygga presentert. Dette er behov som vi kjenner til i dag, utan omsyn til nye vedlikehaldsbehov som kjem til i framtida. Samla utgjør dette over 100 millionar kroner i eit 5-10 års perspektiv.

### Normtal for bemanning

Normtala for bemanning i barnehage og skule fastset minimumskrav i høve til bemanning. I barnehagane blir tal tilsette regulert årleg i samband med hovudopptak og tildeling av barnehageplassar om våren. Dei kommunale barnehagane i Alver kommune har eit ressursnivå som stettar minimumskrava etter norm for pedagog og norm for andre tilsette.

Skulane får tildelt ressursar for neste skuleår om våren, etter kommunal ressurstilodelingsmodell. Skulane får tildelt ei ramme som rektor kan disponere i samsvar med lokale behov og prioriteringa. Rektor kan ikkje omfordele ressursane i så stor grad at norm for lærartettleik ikkje blir halden. Grunnskulane i Alver kommune hadde skuleåret 2020/21 samla sett eit ressursnivå på vel 40 årsverk over minimumskrava etter norm for lærartettleik.

### Presentasjon av barnehagane og skulane

I kapittel 4 og 5 er dei kommunale barnehagane og skulane presentert. Presentasjonen viser at det er store variasjonar med omsyn til storleik, kvalitet på bygga og behov knytt til vedlikehald. Den pedagogiske vurderinga av anlegget, byggjer i stor grad på styrarar og rektorar sine opplevingar. Skildring av utviklingsarbeid og læringsmiljø er meint å skulle gje eit lite glimt av arbeidet ute i avdelingane.

### Om bruk av planen

Kunnskapsgrunnlaget er meint å skulle bidra til innsikt i nøkkeltal og faktorar for barnehage og skule i Alver kommune, som kan kome til nytte i samband med kommunal planleggjing og prioritering.

Alle tal og berekningar fram i tid er usikre, då desse byggjer på prognosar og berekningar, ikkje faktisk viten. Reelle tal kan vi først lese ved å sjå utviklinga i ein historisk samanheng.

Kunnskapsgrunnlaget kan også nyttast som grunnlag for bestilling av nye undersøkingar og analysar.



**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-033, FA-C10  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 31.10.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
043/22	Ungdomsråd	07.11.2022
070/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.11.2022
	Alver kommunestyre	

## Revidering av retningslinjer for tildeling av ungdomsrådmidlar

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Skriv her»

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Saka gjeld

Saka gjeld revidering av retningslinjer for tildeling av ungdomsrådmidlar.

### Saksopplysningar

#### Bakgrunn:

#### **Sakshistorikk**

Noverande retningslinjer for ungdomsrådmidlane vart vedtatt i sak 032/21 av Alver kommunestyre 22.02.21 (retningslinjene ligg vedlagt saka).

Ordninga byggjer på politisk reglement for Alver kommune, der det heiter:

*Ungdomsrådet disponerer dei midlane dei til ei kvar tid har på kommunebudsjettet, midlane skal nyttast for å betre dei unge sitt oppvekstmiljø.*

§ 2 i forskrift om medvirkningsordningar gjer rom for at ungdomsrådet sjølv kan fordele midlane. Ut frå ordlyden i "politisk reglement for Alver kommune", står ungdomsrådet relativt fritt til å disponere dei midlane dei har på kommunebudsjettet, så lenge dei nyttast til å betre dei unge sitt oppvekstmiljø. Våren 2020 utarbeida Alver ungdomsråd retningslinjer for å klargjera formålet med midlane, samt opne for at Alver ungdomsråd kan fordela tilskott etter søknad og syta for god handsaming.

### **Behov**

Alver ungdomsråd har bedd administrasjonen om å opna opp for revidering av retningslinjene. Mellom anna fordi dei ynskjer å justera beløpsgrensa og krav til søkjar, for å stimulera til fleire søknadar.

Framlegg til endringar vert fremma av Alver ungdomsråd direkte i møte 7.11, for vidare handsaming i utval for Oppvekst, kunnskap og kultur, før handsaming i Kommunestyret.

### **Kommunedirektøren si tilråding**

Tilrår at Alver ungdomsråd fremmar sine framlegg til endringar i sitt møte 7.11.22 for vidare politisk handsaming.

### **Vedlegg i saken:**

01.11.2022      Retningsliner Ungdomsrådmidlane - vedtatt 22.02.2021      1827220

## **Retningslinjer for Ungdomsrådmidlane – oppdatert etter vedtak i Alver kommunestyre 22.02.2021(sak 032/21):**

### **1. Om ordninga/formål**

Ungdomsrådmidlane er ein enkel måte å søkje om tilskot til tiltak/aktivitet/arrangement som kan betra dei unge sitt oppvekstmiljøet (til dømes kulturaktivitetar som kurs/tilbod om dans, musikk, graffiti, foto, design, arrangement,). Søknadar skal handsamast av ungdom, for ungdom.

Ordninga skal stimulera ungdom til å engasjere seg i sitt oppvekstmiljø.

Ungdomsrådmidlane si målgruppe er unge mellom 13 og 19 år som er busett i Alver kommune.

### **2. Krav til søkar**

Gruppering av ungdom (minst 3 personar), lag/organisasjonar, elevråd og ungdomsklubbar ved klubbstyret kan søka.

Ein kan søkje om støtte til samarbeidsprosjekt (minst 2 aktørar).

Ved søknad frå gruppering av ungdom eller lag/organisasjonar må minst tre av søkarane vere i målgruppa 13-19 år.

For å få utbetalt støtte, må alle søknader oppgi ein juridisk ansvarleg kontaktperson over 18 år, slik det kjem fram i søknadsskjema.

### **3. Kva og kor mykje kan du søka om?**

Døme på kva ein kan søkje om støtte til:

- Oppstart aktivitet/prosjekt
- Innkjøp av utstyr/materiell
- Utvikling eller formidling av kunst, kulturproduksjon, scene
- Produksjonsstøtte til opne arrangement

Dette kan ein ikkje søkje om:

- Lønn/honorar
- kassetur

Andre områder ein søker støtte til vert vurdert av Alver ungdomsråd ut frå formålet med ordninga; *betre dei unge sitt oppvekstmiljø*.

### **Støtte**



Ein aktør:

Inntil 5000,- per søknad.

To eller fleire aktørar i samarbeid:

Inntil 15000,- per søknad.

#### **4. Kunngjering**

Ungdomsrådmidlane vert lyst ut på kommunen sine nettsider, i sosiale media og i annonsar i lokalavisene i god tid før søknadsfristen. Søknadsskjema skal vera tilgjengeleg på kommunen si nettside, og i papirversjon ved servicetorg.

#### **5. Sakshandsaming**

Søknad leverast via skjema på Alver kommune sine heimesider.

Søkar må formulere eit mål med tiltaket, som samsvarar med formålet til ordninga: *betre dei unge sitt oppvekstmiljø*.

Søknaden må visa korleis ungdom har vore involvert i søknad, og eventuelt korleis dei skal bidra i planlegging og gjennomføring av tiltaket.

Søknadar handsamast av Alver ungdomsråd i første møte.

Søknad må vere inne minst 1 veke før oppsatt møte, for å kunne behandlast.

Søknad mottatt mindre en ein veke før møte, vert behandla i påfølgjande møte i Alver ungdomsråd.

Aktuelle møtedatoar kjem fram i politisk møtekalender.

Svar vert sendt ut innan ei veke etter møte.

#### **6. Rapportering**

Kort rapport og rekneskap leverast til Alver ungdomsråd via motteke skjema seinast 2 månader etter mottatt støtte.

Det er oppgitt juridisk ansvarleg kontaktperson som har ansvar for å senda inn rapport og rekneskap.

Ved prosjekt er frist 2 veker etter sluttdato for prosjektet.

Ved mangelfull rapportering og mangel på kvitteringar kan Alver ungdomsråd krevje støtta tilbakebetalt. Dette gjeldt også visst midlane er brukt på anna enn det som stod oppført i søknaden.

#### **7. Høve til å klaga**

Klagefrist er tre veker frå vedtaket er motteke. Klagen skal sendast til den instansen som har gjort vedtaket. Klagen må grunngjevast.

#### **8. Synleggjering**

Ved promotering av prosjektet på plakatar, i programhefte og i anna kommunikasjonsmateriell, eller ved informasjon om det enkelte produktet, skal det gjerast kjend at arrangementet/prosjektet er støtte av Ungdomsrådmidlane frå Alver ungdomsråd.

#### **9. Unyttar midlar**

Om det ved årets slutt står att unyttar midlar, vil desse pengane verte overført til neste år.

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-033, FA-C10  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 19.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
058/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	04.10.2022
071/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.11.2022
	Alver kommunestyre	

### **Årsmelding Alver ungdomsråd 2021-2022**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tek årsmeldinga 2021-2022 for Alver ungdomsråd til orientering

#### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.10.2022:**

##### **Handsaming:**

Saka er utsett til neste møte.

##### **OKK- 058/22 Vedtak:**

Saka er utsett til neste møte.

##### **Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

##### **Bakgrunn**

Jfr. Politisk reglement. Ungdomsrådet skal kvart år legge fram årsmelding til kommunestyret.

Årsmeldinga vert lagt fram munnleg.

##### **Saksopplysninger:**

Årsmeldinga er for perioden september 2021-september 2022.